Mauland

Trolldom

B.S.G.





TORKELL MAULAND

TROLLDOM





KRISTIANIA
J. W. CAPPELENS FORLAG
DET SCHØNBERGSKE FORLAG, KJØBENHAVN

Julius Thømtes Boktr. Kr.a. 1911.

INNHALD

TROLLDOM I ROGALAND

Olav Trygveson kom ein gong til Avaldsnes ein paaskaftan og hadde med seg 300 mann. Paa Avaldsnes gjorde dei eit gildt gjestabod fyr kongen. Same natti kom Øyvind Kjelda til Karmøyi med eit langskip og fullt mannskap, og alle mann var seidmenner og andre trollmenner. Øyvind gjekk paa land med folki sine og gav seg til aa trolla. Han sette huldrehatten paa mennerne sine og gjorde ei myrk skodda, so kongen og folki hans ikkje skulde sjaa deim. Daa dei naadde upp til garden vart det ljose dagen, og daa gjekk det annleis en Øyvind tenkte; det myrkret som han hadde trolla fram, kom yver han og fylgjet hans, so dei kunde ikkje sjaa med augo meir en dei gjorde med nakken. Vakti til kongen saag korleis dei fór og svinsa i krok og kring, og kunde ikkje skyna kva det var fyr folk. Dei sa det til kongen. Daa stod han upp og alle folki hans og klædde paa seg. Kongen bad mennerne sine væpna seg og ganga av stad og sjaa kven det var. Kongsmennerne kjende Øyvind; dei fanga han og alle trollkararne hans og leidde deim til kongen. Øyvind fortalde daa kongen alt det som hadde hendt han paa ferdi. Sidan let kongen taka deim alle i hop, og førde deim ut paa ei flu og batt deim der. Daa so sjøen flødde laut dei alle lata livet. Den flui kalla dei sidan Skrattaskjer.

So hev Snorre fortalt. Paa Avaldsnes veit dei ikkje stort um dette no. Det einaste er at eit skjer i Karmsundet heiter Pipeskjer, og det segjer dei skal vera det same som Skrattaskjeret. Folk hev tydt namnet gale. Skrattaskjer er det



same som trollskjeret (eller trollmannsskjeret); men paa Karmøyi trur dei det heiter so, av di dei skratta og log daa vatnet flødde upp yver deim. Andre segjer daa at dei „peip“ og dermed fekk det namnet Pipeskjeret.

Denne trolldoms-soga er den fyrste som me veit aa nemna fraa Rogaland. Ho er nett fraa den tidi daa kristendomen kom her til landet. Øyvind Kjelda var ein viking fraa Austlandet som ikkje vilde taka den nye trui. Olav Trygveson sette eld paa huset som han var i med mange andre heidne trollmenner. Øyvind kom seg upp gjenom ljoren og fekk ryma; men alle dei andre brann inne. Sidan hadde han fare i viking. No kom han til Avaldsnes, og var tenkt aa gjera med kongen det same som kongen fyrr vilde gjort med han. Det var ein strid millom den gamle og den nye trui; men den nye trui var sterkare; ei soga segjer at Øyvind og mennerne hans vart blinde daa dei fekk sjaa kyrkja.

Sidan gjeng det mange hundrad aar fyrr me fær høyra um trolldomssogor i Rogaland. Men hadde skjeri kunna tala, so hadde me kanskje fengje høyra um andre som hev late livet. Og kunde vollarne og tingstaderne tala, so fekk me kann henda høyra um trolldoms-saker som hev vore baade fyrr, i den heidne tidi, og sidan; for trolldom hev dei trutt paa lenger attende en skrift gjeng.

Det bilet daa kristendomen kom, trudde folk at all trolldom hekk i hop med den gamle trui. I dei gamle logjerne kann me sjaa at folk hev trutt paa mange slag trolldoms-kunster. Det var m. a. „utesitjarar“ som vilde vekkja upp haugbuarne, og „haugbuarne“ var vel helst dei gamle gudarne; for det som dei i heidning-tidi rekna til gode magter, vart til vonde magter i „den kristelege millomalder“.

Dei trolldoms-sakerne som me no kann fortelja um, tek til ikring 1580. Daa hadde „den reine lutherske læra“ kome inn i landet og var sett i høgsætet; men daa var det sume som trudde paa „trollskap og munke-lygner“. Mykje av det som folk daa lengje hadde rekna til gode magter, vart til vonde ting, og dei som hadde ei onnor meining, vart „kjettarar og trollmenner“. Daa var det og mange som meinte at dei dyrka Vaarherre naar dei gjorde ende paa trollmenner og trollkjeringar. Ikkje mange hev vore so fuse til aa faa trollkjeringarne dømde som prestarne.

Mykje hev sidan vorte annleis en det daa var. Naar *me*

vert sjuke, so hev me lækjarar som kan hjelpa, men i den tid hadde dei ikkje anna en kloke folk. Sume av desse skyna seg visst betre paa sjukdomar en mange skulde tru, og det var ikkje faa som fekk hjelp fraa dei same; men saman med lækjeraaderne bruka dei sumt som dei kristne heldt fælt og stygt. So trudde mange at det var ved vond manns hjelp at dei fann sine raader, og so vart det strid millom dei kloke folki og slike som berre vilde lita paa gode magter. Det er den striden me her skal nemna nokre døme paa.

Snare Skjelbrei i Gand var ein mann som hadde drive mykje med signing og trolldom. Det kom klaga paa han til bispen i Stavang, og han stemnde mannen inn fyr Domkapitlet. Der vart han „yverhøyrd“ den 2dre mars 1581. Barnalærdomen kunde han ikkje rett; men slarvelesing, fabel og draumar og munkedikt, kunde han nøgdi av. Han kunde lesa fyr ikt og fyr huldr, fyr troll og anna slikt, og det var reint merkelegt kor godt han kunde alt sovore.

I Domkapitlet var han mjuk og bad um naade. Han lova at han skulde standa skrift so alt kyrkjefolket saag paa det, og høgt og heilagt gav han sitt ord paa at han aldri meir skulde fara med noko trollskap. Gjorde han det so skulde han refsast paa livet.

Jakob Jonsson Løkje i Time sokn var klaga fyr trolldom i 1584. Dei kalla han ein „forfengjeleg drøymar“, og han maa ha vore ein trollmann som kunde meir en mata seg. Den 10de juni 1584 heldt dei forhøyr yver honom i Domkapitlet i Stavang. Det var mange ting han visste raad fyr; han kunde lesa mot ikt og utburd og skarvar, mot troll som hadde huglagt folk, mot sjødriv og fossegrim, haugbuar og fjelltroll, tuftekall og „nebblingar“ *) og anna slikt. Han vedgjekk at han hadde skore fem bloduge krossar paa kroppen hennar Tora, kona hans Kosmos Arildsson. Domkapitlet dømde at han skulde standa skrift fyr alle manns augo, og han laut lova at han aldri meir skulde fara med sovore. Gjorde han det so skulde han missa livet.

— Kosmos Arildsson var lagmann i Stavang, i minsto 1570 —1585. Tora, kona hans, var „forgjord“ og trong mykje aatgjerdsla. Umframt Jakob Løkje var det 3 andre „og endaa

---

*) Nebblingar „skal vera kyrkjetroll“.

nokre til“ som det same aaret var fyr Domkapitlet, av di dei hadde freista aa hjelpa henne.

Anna Knutsdotter var gift med Kristen Jute og budde paa Grønho, stend det i Domkapitels-boki. — Ho laut inn fyr Domkapitlet aatte dagar etter Jakob Løkje, av di ho var klaga fyr trolldom. Ho vedgjekk at Kosmos Arildsson hadde henta henne til kona si; ho skulde lesa yver henne fyr skarvar. Sumt anna gale kom og upp um henne. Ho laut lova at ho skulde halda upp med lesing og signing og kross-skjering, og at ho skulde fara ut or bispedømet med ein gong. Sidan flutte ho med mannen sin til Bergen. Der heldt ho paa og hjelpte sjuke folk baade med lestr og andre raader, og det ser ut til at mange hev søkt henne. Tie aar etter vart ho sett fast i Bergen og vart tiltala fyr det ho hadde gjort baade der og i Rogaland. Mange hadde ho gjort gode att; men ein gong hadde det gjenge retteleg gale. Det var ei kona i Bergen som leid mykje vondt, og Anna Knutsdotter skulde fyrst faa greida paa kven som hadde sett det vonde paa henne. Daa bruka ho ei raad som Gudrun Fjelle i Skyld hadde lært henne: ho gav henne inn jord fraa St. Martins kyrkjegard. Naar ho bruka den raadi, kunde ho sjaa um det var dvergen eller nokon gardbu som søkte kona med vondt. Men daa kona hadde fenge kyrkje-jordi, vart det so reint illa med henne at ho vart mest halvdaud.

Ei kona leid so vondt av ikt at ho illa (snaudt) kunde liggja, og paa ingen maate vera uppe. Til henne vart Anna Knutsdotter henta. Ho stakk noko ingjefer i munnen hennar og strauk henne yver ryggen, og i det same las ho:

Fly burt du fule ham!
Gud fri oss fraa last og skam!
I tri namn: Gud fader,
Guds son, Gud den heilage ande. Amen.

Dette hjelpte so mykje at kona kunde vera uppe dagen etter.

Baade i Rogaland og i Bergen skulde ho hjelpa folk fyr bek (? bit). Det var ein lei sjukdom som sume folk var fødde med. Fyr den bruka ho eit vess som var so:

Grønho er kann henda Grønhaug i Karmsund. Elles kann det vera eit husmannsplass einkvar staden i Fjordene.

Det var nie Mariar
dei skulde bit binda;
den eine bad, og den andre batt:
ein finger nedanfyr navlen
der skal du bunden liggja
alt til doms degi,
so lengje steinen lagder var
alt fraa doms emne.

Eit sjukt barn hadde ho vore hjaa og lese yver det Vaar frue bøn. Daa vart barnet straks godt.

Elles hadde ho lese i gaasafeitt fyr *vred*, og sendt det til ein mann som var krank. Det vesset som ho bruka fyr vred var so:

Vaar herre Jesus reid yver ei bru,
der møtte honom ei vond kvinna.
„Kor langt skal du?“ sa Kristus.
„Eg vil meg i manna-heim.“
„Kva skal du der?“ sa Krìstus.
„Eg skal brjota lem fraa lem
og rygg fraa rygg,“ [sa kvinna].
„Nei, nei,“ sa Kristus;
„du skal ingen ljota og ingen brjota.
Du skal deg i berget blaa;
det skal du stemna paa.“
I tri namn: Gud fader, Guds
son, Gud den heilage ande. Amen.

Ho hadde og bruka eit signevess fyr *led;* men det kunde ho ikkje haatta paa daa ho stod fyr retten.

Det meste av dette kom upp daa ho var fyr retten i Bergen um vaaren 1594. Der vart ho dømd til aa refsast paa livet; for ho hadde fare med ukristeleg signing og trolldomskunst, og gjort imot dei brevi som kongen hadde gjeve ut, og imot den lovnaden ho hadde gjeve i Stavang.

Anna Torsdotter var gift med Jon Persson og budde paa Sjernarøyarne. Ho var sonakona til Anna Grønho og kunde lesa fyr smott og flòg. Ho og hadde vore hjaa Kosmos og lese yver Tora. I Domkapitlet las ho upp dei bøner eller vess som ho bruka; dei fekk høyra mykje dumt tøys „som det ikkje var bryet verdt aa skriva“.

Borghild paa Mæland og nokre til hadde og vore henta til Tora hans Kosmos. I Domkapitlet las ho upp slike ting som ho kunde — liksom dei andre.

— Alle desse var stemnde til Kapitels i 1584. Aaret etter

var *Gudrun Lappesyls* fyr Kapitlet. Ho var vel helst fraa byen; allvisst hadde ho fenge det ordet paa seg at ho var troll-kjering og fór med signing og spaadom. Ho las upp ymse troll-vess som ho kunde. Millom anna kunde ho lesa fyr folk som var forgjorde, og fyr barnseng-konor, til aa letta føde-riderne. Attaat dette kunde ho lesa fyr vreide (? vred) og fyr smaa-troll (? smott) og fyr tuftekallar. I Domkapitlet vart ho lyst ut or fylket.

Alle dei trollmenner og trollkjeringar som her er nemnde fraa 1581—1585, hev vore innstemnde fyr Domkapitlet i Stavang. Dei hadde misbruka Guds namn og fare med noko som var syndugt; difyr laut bispen og dei høgste prestarne (kapitel-herrarne) taka seg av deim. Bispen Jørgen Eriksson var ein dugande kar i mange maatar, og han kunde ikkje tola i sitt bispedøme munkelygner og anna som hadde rot i pavetrui. Trollmennerne heldt seg vel helst til den gamle trui, og so skulde dei refsast. Kva raad dei skulde bruka mot slike folk, hev bispen ikkje havt full greide paa; so spurde han kongen. Til svar kom det eit kongabrev som Fredrik den 2dre hadde skrive til bispen og lensherren den 21de september 1584. Kongen hadde vorte vis med at det baade i Stavanger bispedøme og i Bergens var folk som, naar dei vart sjuke, søkte gudlause raader og let folk skjera krossar paa kroppen deira, og bruka signing og fabel og lestr. Dette var forbode i Guds ord, og no vilde kongen leggja det strengt paa tenestmennerne sine, lensherrarne og futarne i desse tvo bispedømi, at dei skulde sjaa vel etter slike ting og ikkje lata folk som fór med sovore, sleppa utan refsing. Alle dei som fór med slike kunster og raader, skulde utan naade refsast paa livet. Gjorde ikkje tenestmenerne sin skyldnad i dette stykket, so skulde *dei* standa kongen til rette.

I Domkapitlet ser det ut til at dei jamt hev dømt mildare en ein skulde venta. Trollmennerne slapp lett etter maaten. Men endaa er det ikkje visst um dei alle slapp so lett som det ser ut til. Umframt kapitelherrarne var det andre kongens tenestmenner som skulde sjaa etter syndarane. Um *dei* sidan hev dømt, og korleis domen daa var, kann me ikkje vita; for skrifterne som skulde fortelja um det, er ikkje til lenger. Tingbøker hev me ikkje fraa Rogaland som er eldre en 1611, og rekneskap finn me ikkje eldre en fraa 1602.

Hev desse folki sloppe lettare en mange trollmenner og trollkjeringar gjorde sidan, so kann det og vera av di at faa eller ingen hev klaga paa deim eller „lagt sak mot deim". Anna Grønho vart her lyst ut or fylket; men i Bergen vart ho tie aar seinare dømd fraa livet; der var det og minst ei kona som lagde sak mot henne og klaga yver at ho med kunsterne sine hadde ført henne upp i ulukka. Hev dei letta paa domen naar det ikkje var sovori klaga, so samstavar det baade med dei gamle norske logjerne og med den framferdi som dei seinare fylgde.

I lens-rekneskapen fyr 1611 vert nemnd ei trollkjering som heitte *Maren Njellsdotter*. Ho braut seg ut or fangeholet i Stavang og kom til Madla; der fekk ho vera nokre dagar hjaa ein av mennerne, heitte Olav Torgeirsson. Kvar det sidan vart av henne, vert det ikkje fortalt noko um; men Olav Torgeirsson paa Madla laut bøta til kongen 8 ørtugar 13 mark sylv, for han „hadde hyst og hela med ei trollkjering".

Var det nokon som let dei ordi fara at ein var trollmann, so vilde alltid den som var skulda, rein-vaska seg, um det var raad. Gjorde han ikkje det, so kunde skuldingi verta eit vitnemaal imot han.

I rekneskapen 1604 er fortalt um *Sigrid paa Mehus* (ved Skyljastraumen) at ho hadde reinska seg fyr ei slik skulding. Rasmus Ysteinstad, ein av grannarne hennar, hadde sagt at ho var trollkjering. So hadde ho lagt sak, og han kunde ikkje prova det han hadde sagt. Han vart dømd til aa bøta 10 dalar.

Eilev Sporaland i Gand hadde lagt trolldoms-sak paa kona hans Sigmund Vatne. Ho lagde sak og han kunde ikkje sannprova det. So vart han dømd 1616 til aa bøta 7 dalar fyr det ordet han hadde sett ut.

Dei store trolldoms-sakerne tok til her i fylket ikring 1623 og vara til 1684. Trollmenner og trollkjeringar vart daa dømde „etter Guds og kongens log". I Mose-logi hadde dei lært: „Ei trollkjering skal du ikkje lata liva," Kva daude ho skulde lida, hadde dei og eit Guds-ord fyr: „Um nokon ikkje vert verande i meg, so vert han kasta ut som greini og visnar; og dei sankar deim og *kastar deim paa elden, og dei*

brenn.“ Domarne var hardast i fyrstningi. Sidan kom dei i hug eit anna Guds-ord: „Øksi ligg ved roti av trei; kvart tre som ikkje ber god frukt, skal verta avhogge og kasta paa elden.“ Daa hende det at dei halshogde trollkjeringarne fyrst og brende liki. So langt heldt dei seg etter Guds log. Kongens logbod um trolldom var mange; m. a. hadde Kristian den 4de gjeve ut eit brev 12/10 1617. Etter det skulde folk som fór med trollskap og maning, mæling og signing, eller som valde ut sers dagar i vika, og vilde syna att det som var burtkome, dømast til aa missa all eigedomen sin til kongen og landlysast fraa kongens land og rike. Dette var liksom mildare en det dei fyrr hadde gjenge etter; men i vaare bygder kjem det nye gjerna seint. Daa dei andre stader tok til aa gjera domarne mildare, var det fyrst at dei her fyr aalvor tok til aa brenna trollkjeringarne.

Det er trolldoms-sogorne fraa Rogalands-bygderne eg her vil fortelja um. Fraa andre fylke vert inkje medteke, og heller ikkje fraa byen. Det meste som *der* kunde vera aa fortelja, kann ein finna i bøkerne til rektor Erichsen. Fraa bygderne i Rogaland tek eg med mest alt det eg hev funne av saker um trolldom.

BARBRO BJELLAND

heitte ei gamall kona i Sokendal. Ho hadde ein son som hadde forgjort seg paa ei eller onnor vis og site i fangehol; men han hadde sloppe ut og vart landlyst og fredlaus.

Til skipreidstinget i Sokendal $^{23}/_{1}$ 1623 hadde futen stemnt henne fyr nokre ord som ho hadde sagt. Lensmannen i Hetlands skipreida, Lars Ollestad, og 2 mann med honom, kom fram og vitna kva dei hadde høyrt av henne. So lengje ho livde skulde ingen faa fanga son hennar meir, hadde ho sagt. Det same hadde ho jamvel sagt til sjølve futen. Daa kviskra ho til honom og lagde attaat: „Eg bad so saart fyr son min den tid han sat fange, at jarni maatte bresta sund og detta av han.“ — Den eine av mennerne, Per Grøsfjell, vitna, at den tid dei var etter henne og skulde føra henne til futen, daa hadde ho sagt: „Kva tru futen kann vilja meg? Han vil vel aldri hava meg til aa leggja meg ut fyr son min?“ Sidan lagde ho til, og kviskra til Per: „Eg veit nok kva futen vil. Han tykkjest vel hava noko aa tiltala meg fyr, av di eg hev late dei ordi fara at ingen skal faa fanga son min so lengje eg liver.“ — Dette vitna Per Grøsfjell, og Barbro sjølv sa det var sant, ho hadde sagt so; men ho hadde sagt det til honom i trumaal, og meinte ikkje at han skulde bera det utyver, sagde ho.

Per Grøsfjell hadde meir aa segja. Han kravde henne ein gong fyr 2 dalar som han skulde hava hjaa henne. Straks etter miste han 5 kyr. Ho hadde lova han det, og forbanna seg paa at so skulde det ganga.

Lars Ollestad, lensmannen, vitna: Futen vilde ein gong hava

han til aa krevja henne fyr tiend. Daa hadde lensmannen sagt, at han heller vilde ganga tie mil en han vilde krevja henne; „for ho bed jamt so vondt yver folk,“ sa han.

Morgonen fyre tingdagen hadde dei havt henne fyre seg, og daa hadde ho tilstade mykje, so baade futen og tingskrivaren, lensmannen og drengen til lensherren og 5 andre menner høyrde paa det. Ho vedgjekk det „upint og utvungi“. Paa tinget tok ho upp atter det same og meir til. Umframt dei same tingherrarne var daa hr. Jakob, Sokendalspresten, med og høyrde og spurde. Dette er det ho daa vedgjekk:

Ho kunde bota folk og fe med fæle remsor, 5 slag, som ho las upp. Den eine dagen var det tingherrarne som høyrde det, og paa tinget las ho deim upp fyr presten; men dei var for lange til aa verta innsette, stend det i tingboki. Paa Utstein kloster budde klosterfuten Henrik Danker; han hadde ei kona som var fraa vitet. Barbro Bjelland hadde vorte kalla ut til Kloster og skulde hjelpa henne fyr sjukdomen. Daa ho kom der ut, fekk ho sjaa at det var den vonde sjølv som var i kona, og daa visste ho ingi raad paa den stutte tidi; ho var der ikkje meir en ei natt. Hadde ho ikkje set hin mannen, so skulde ho hjelpt henne. — Ho visste raad fyr smaatroll og fyr raudsott, fyr makk og fyr bui-sott; fyr tannverk kunde ho ei ram Djevels remsa som ho las upp fyr retten. Leid folk av tannverk so kunde ho ikkje mindre en 3 slag lestr; det var ein dansk skipper som hadde lært henne det i Sokendal. — Ein gong hadde Asser Eide lege sjuk. Daa vart ho henta og skulde gjera aat. Sjukdomen hadde han fenge fraa ein haug. So las ho i salt feitt og raudtjøra og tok paa aa sputta det paa honom. „Kvi sputtar du paa meg?“ sa han. „Jau, soleis hev det vorte mana i deg, og eg lyt mana det ut att paa same maaten,“ sa ho. — Ho hadde vore hjaa Rasmus Jaatun og gjort aat fyr raudsott, og feet hans friskna til att. — Vreide kunde ho venda av fraa ein og paa ein annan. Det hadde ei kona paa Heresvela paa Jæren lært henne; ho heitte Steinvor. — Ho vedjekk og at ho kunde sjaa draugar og daudingar og Djevelen sjølv; dei sat alltid kring bordet hennar dei siste næterne fyre jol. Hadde tingherrarne hug til aa sjaa, so skulde ho gjerna syna deim fram; dei skulde daa sitja kringum

---

Jakob Hansson (Hindsholm) var sokneprest i Sokendal 1600—1624.

tingbordet med raude hattar paa hovudet i lag med tingherrarne. Men var det so at tingherrarne sidan vart drukne, so kom dei alle til aa verta forgjorde, og daa skulde dei faa full vitring um kvar dei skulde vera æveleg.

Det ser ikkje ut til at tingherrarne hadde hug til aa faa vita dette den dagen. Men den andre dagen um kvelden, daa spurde Per Kristensson (drengen til lensherren) korleis ho bar seg aat naar ho vilde sjaa draugar og daudingar og Djevelen sjølv. Daa svara ho: „Det skal eg gjerna læra deg. Naar eg vil sjaa deim, daa fer eg til Hedlands-kyrkja. Der tek eg noko vatn av dei ufsadroparne som renn ned-etter bordklædningi og dryp fraa vatsbordet ned paa kyrkjegarden. Med dette vatnet tvaar eg meg i augo, og daa ser eg deim med ein gong. Dei sit kringum eit bord paa kyrkjegarden med raude hattar paa hovudet.“ Naar ho vilde verta av med deim atter, so bruka ho messevin. — Per Kristensson spurde kvar dei fekk det bordet fraa paa kyrkjegarden. Daa svara ho: „Gakk din veg! Eg vil ikkje tala meir med deg i kveld.“

Dei spurde tingfolket kva dei hadde aa segja um henne, og kva dei trudde. Alle svara at dei kunde ikkje gjeva henne noko godt lov; ho hadde alltid vore ei namngjeti trollkjering. Det same sa og presten der i kallet.

Ikkje fullt 2 vikor etter var det ting paa Haugen (ɔ: Tinghaug ved Tuv-bakken; Haugstinget heldt dei den tid i hus paa Hoje). Daa førde futen Barbro Bjelland fram fyr retten, og daa vedgjekk ho dette: Guri Bø kunde og med dei same kunsterne som ho; ho kunde lesa fyr smaatroll. Marit Steine kunde og lesa fyr smaatroll, og Torleiv Steine hadde selt henne fyr ein skilling i messevin som ho bruka naar ho saag Djevelen.

Paa dette tinget fekk ho domen sin. Etter eigi vedkjenning og etter svorne vitne vart ho dømd til baal og brand, og all eigedomen hennar skulde kongen heva.

Ho vart brend same aaret, „av di ho kunde trolldomskunst og hadde svore seg til Djevelen,“ stend det i rekneskapen. Det som ho aatte var mest jamgodt med inkjevetta; det var ikkje anna en dei klædi ho gjekk og stod i, og dei var so slitne at ho mest ikkje kunde skyla seg i deim. Men utlegg vart det ikkje so lite: Eit par handklør med laas fyre kosta 1 dalar. Kosten 3 vikor medan ho sat fast, 1½ dalar. Skrivaren fekk 1 dalar for han skreiv domen, og presten fekk 1 dalar

for han tente henne og fylgde henne til rettarstaden. Vinen som meistermannen gav henne fyrr dei førde henne til rettarstaden, kosta $^1/_2$ dalar. Saum til stigen og bastetog til aa binda henne fast til stigen kosta 12 skilling. 6 store baatar med ved til baalet fekk dei fyr $^1/_2$ dalar baaten, det vart 3 dalar. Løni til meistermannen som pinte henne og førde henne i fangeholet og sidan retta henne, var 4 dalar. — Dei var nøydde til aa kjøpa veden; „for paa annan maate kunde dei ikkje faa til eit baal attmed Stavang."

— Dermed hadde Barbro Bjelland fenge sin dom og si refsing. Eit aar eller tvo seinare vart det sak um kostnaden. Ettersynet i Kjøpenhamn („revisionen") tykte det vart for store utlegg og kravde sumt inn att. Skrivaren skulde ingen ting hava fyr domen, og heller ikkje presten fyr det han hadde gjort. Vinen som ho fekk, skulde i minsto ikkje reidast ut av kongens kassa.

So vart det og sak mot deim som hadde fenge hjelp fraa henne naar dei var sjuke, og mot mange som Barbro hadde sagt kunde med trolldom. Vaarfru-messa 1623 var det fjordungsting paa Slettabø i Eikersund sokn. Til dette tinget hadde futen stemnt inn Sigrid Rapstad og Magla Grøsfjell og Sigrid Grøssareid, Eindre Eide og Gitleiv Eide, Marit Steine, som var dotter hans Aamund Rapstad, og Jon Aarstad. Alle desse hadde Barbro Bjelland sagt var kunnuge i trolldom. Dei møtte paa tinget og negta sturt at dei hadde fare med nokon trollskap. Heile tingaalmugen ropa, den eine i munnen paa den andre, at dei aldri hadde høyrt gjete at desse folki kunde med trolldom. Dei hadde aldri havt det ordet paa seg, so det maatte vera ei skammeleg lygn som Barbro Bjelland hadde dikta i hop. Marit Steine var eit menneskje som aldri hadde vore til dessmeir, i minsto ikkje dei seinste 20—30 aari, det nokon mann no visste.

Asser Eide vart og saksøkt, for han hadde fenge Barbro Bjelland til aa signa og mana aat seg daa han laag sjuk. Han lova høgt og heilagt at han skulde fara til junkeren (ɔ: lensherren) og semja seg med honom um ei bot til kongen. Kunde han ikkje faa til ei semja, so laut han seinare lida paa annan maate.

Korleis det gjekk med dette, fær me ikkje vita. I rekneskapen ser me ikkje til nokor bot, og ikkje finn me seinare nokor sak mot desse folki.

Naar dei brende trollkjeringar, hadde dei tvo maatar aa gjera det paa. Den eine var at dei batt trollkjeringi til ein paale og stopla veden upp kringum henne; naar det var gjort, kveikte dei eld. Her hjaa oss kann me ikkje sjaa at denne maaten hev vore bruka. Den andre var at dei laga til ein stige som dei gyrde kjeringi fast paa. Naar daa baalet brann logande, tok meistermannen og drengen hans i kvar sin ende paa stigen og heiv baade stigen og kjeringi lukt paa elden. Denne maaten hev dei nytta med Barbro Bjelland, og, so vidt me skynar, med alle dei som seinare vart brende i Rogaland.

— Dette aa brenne trollkjeringarne var elles noko som var kome her til landet utanfraa. I gamle dagar bruka dei aa refsa trollmenner paa annan maate (som me og ser at Olav Trygveson gjorde). Dei gamle logjerne set fast bøter til kongen og bispen, og landlysing (utlægd). Elles er det sett i logi, at naar det var kjent um ei kona at ho var trollkjering (eller mannæta) og det kom vitnemaal um det same fraa tri hus, daa skulde det gjelda som ordet gjekk yver alt heradet. Vart det sidan sanna at det var so, daa skulde dei taka og føra henne ut paa sjøen og hogga henne i ryggen. — I Gulatings kristenrett var det sett at kongen og bispen skulde gjeva gaum paa og sjaa vel etter um det var nokon som fór med trolldom. Det var mange ting som skulde etter-røkjast: galdring og gjerningar og spaadom, tru paa landvette som heldt seg i lundar eller haugar eller fossar, uteseta (naar nokon sat ute og vilde faa spurt til lagnaden sin, eller freista aa vekkja upp draugar eller haugbuar) o. m. m. Alle dei som fór med slikt, skulde vera utlæge, og all eigedomen deira skulde falla til kongen og bispen, helvti til kvar. Sameleis skulde det og ganga deim som samtykte med slike folk. Men vart det klaga at ein fór med sovore, og det ikkje vart loglegt sanna, daa skulde den som var klaga, verja seg med tylvtar-eid. Gjekk det gale med eiden (so han vart „dylfallen“ eller “dylbrosten“), daa skulde han vera utlæg.

DORDI RIBLAND

Til heimetinget i Sokendal $^{20}/_{1}$ 1623 hadde Dordi Ribland stemnt inn Liv Urdal, kona hans Hallvard Urdal, og klaga paa at ho hadde skjelt henne ut fyr trollkjering. Tvo mann kom fram og vitna at dei hadde høyrt Liv Urdal segja til Dordi: „Sidan du kom i Hallvard si vera, hev aldri eg havt det so som eg skulde; vondt hev du lova meg, og vondt hev eg lide".

Elles vart det ikkje stort spurt um kva Liv hadde gjort; ho vedstod sjølv det ho hadde sagt, og tingherrarne gav seg til aa spyrja etter Dordi Ribland, um ikkje ho var trollkjering.

Ein mann vitna at han hadde lege i trætta med Dordi Ribland, og daa hadde ho lova han vondt. Sidan hadde det og gjenge gale fyr han. — Ein annan mann hermde etter Staale Hove*) at han fyr mange aar sidan hadde bore det paa henne at ho var trollkjering. Staale hadde vore ute ein dag, og daa han kom inn til mor si, vilde ho vita kvar han hadde halde seg. „Aa eg hev vore hjaa denne grann'-kona di, ho Dordi Ribland, og vilde hava henne til aa gjeva kona mi helsebot atter; eg fær inkje (ord?) av henne meir en av ei geit. Det vonde som ho hev sett paa henne, vilde eg ho skulde taka burt atter". So hadde Staale Hove sagt. Ein mann til hadde høyrt Staale Hove segja at Dordi Ribland hadde teke livet av kona hans.

Dordi Ribland „skaut maalet sitt" paa tinget og bad aalmugen segja kva dei visste um henne. Ting-aalmugen svara

---

*) Hove maa visst vera det same som Hauga eller ein annan gaard i Sokendal.

at dei kunde ikkje gjeva henne noko godt lov. Folk ropa i munnen paa kvarandre at ho hadde havt eit vondt ord paa seg og alltid vore namngjeti fyr trolldom.

Sidan spurde dei paa kyrkjebakken kva kyrkje-aalmugen hadde aa segja. Det svaret som der kom, vart sett upp i eit brev, og det hadde 12 mann sett segl under. Det gjekk ut paa det same som var sagt paa tinget.

Sokendals-presten kunde heller ikkje gjeva henne noko godt ord.

Den 1ste februar det same aaret kom saki hennar fyre paa „Haugstinget“ (Tinghaug eller Hoje). Der var det tvo skulemeistrar, Jonas Danielsson og Per Kristensson, som vitna korleis ho hadde lese barnalærdomen; ho trudde at Djevelen skulde koma att og døma livande og daude, hadde ho sagt.

Ho vart dømd til baal og brand; men ein slik dom som galdt liv eller æra, var ikkje sætande utan lagmannen hadde vore med og sagt sitt. So kom saki fram att paa raadstova i Stavang den 10de februar; der var lagmannen med. Dei kunde daa ikkje døma anna en at ho var skuldug til baal og brand. Dette laut dei døma etter svorne prov, og mest av di at ting-aalmugen og presten i Sokendal ikkje kunde gjeva henne godt skotsmaal. So lengje det ikkje vart ført prov imot dei vitnemaali som var framkomne, laut den domen som var dømd, standa ved magt.

Men endaa var det ikkje dømt nok. Den 27de februar var det maalstemna i Sokendal. Lagmannen Peder Ravn og futen Mats Nilsson, skrivaren Peder Njellsson Krag og lensmannen Tarald Rekeland var med. Domsmenner var Jakob Steinberg og Olav Mydland, Geirmund Mysse og Jofred Hanaberg, Lars Aamot og Stein Mydland. Fyrst hadde dei fyre ei sak um ein draapsmann som førde „viglysnings-vitne“. Sidan tok dei paa med trolldomssaki mot Dordi Ribland. Daa vart 6 mann tilnemnde til aa styrkja retten; for naar det galdt livet, skulde det vera 12 domsmenner. Dei 6 nye mennerne var Sørve Fitje og Bjørn Elgestraum, Ivar Bø og Hallvard Haaland, Fredrik Mydland og Torstein Støle.

Umframt det som fyrr er nemnt, kom det daa upp dette:

Siver Rekedal vitna at han gjekk ein gong i marki hennar Dordi Ribland og leita etter øykjerne. Daa raaka han paa henne sjølv, og dei kom til aa skjellast. Ho banna han og lova alt det som vondt var. Han gjekk straks sin veg og

vilde ikkje høyra paa henne; men daa han so kom heim, hadde barnet hans mist mælet; det var 2, paa 3dje aaret. Sidan vart det verre og verre, og 6te dagen etter døydde det. Daa likferdi var, fylgde Dordi Ribland etter likferds-folket. Ho Anna, mor til barnet, tala daa til henne og sa at det ikkje var fritt dei hadde mistankar til henne, og trudde ho var skuldande i at barnet døydde. Var det no so at ho kjende seg usaka, so fekk ho koma fram og leggja handi si paa liket, sa ho Anna; men det vaaga Dordi ikkje*). Det var no nokre og tjuge aar sidan dette hende.

Jørund Aarhus vitna, at daa kona hans Staale Hove laag paa det siste, daa klaga ho hardt paa Dordi Ribland; det var ho som hadde bruka Djevelskunst og trolldom og sett sjukdomen paa henne, sa ho, og det var seinste ordet ho sa i denne verdi.

Lagmannen spurde tingfolket korleis dei trudde det gjekk um ho vart „funni til sin dyl“ og sjølv tolvte skulde sverja skuldingi fraa seg, um det daa var trulegt at det fanst 11 menneskje i sokni som vilde sverja med henne. Til dette svara folk beint nei, alle med ein munn.

Per Kristensson, son hennar, hadde stemnt Aamund og An-

---

*) Dette at ein som dei hadde mistanke til, lagde handi paa liket, hev vore gjort sume tider, og vart halde fyr eit fullgodt vitnemaal.

I 1634 hadde ei gjenta paa Rennesøy, Ingeborg Aslaksdotter, kome av dage paa ein sovoren maate at dei trudde gale. Per Knutsson paa Risa gjekk endaa til lensherren og klaga paa ein heitte Olav Steffensson som han trudde var orsak til dauden hennar. Sidan grov dei uppatt liket, og det som daa hende, kom fram paa tinget i Hauske skipreida 6/11 1634. Der kom Rasmus Sørbø og Jon Galta, Knut Sørbø og Rasmus Galta og Aamund Risa fram og vitna, at daa dei hadde grave liket upp og fenge loket av kista, saag dei gamalt storkna blod paa andlitet, og noko paa likklædi. Ingeborg Hansdotter hadde turka or andlitet, med forklædet sitt, og daa kom det nokre svarte blodsdropar or nosi; sidan heldt det upp aa renna. Daa gjekk Olav Steffensson fram og lagde handi si paa liket; men det synte seg ikkje det minste teikn, korkje blod eller anna.

Daa var alle støde paa at han ikkje var saka. Sjølv fekk han slikt mod at han stemnde Per Knutsson Risa til tings fyr det han hadde sagt. Paa tinget sa Per at han visste inkje anna en godt aa segja um Olav Steffensson. Han baud godt og dei vart vel samde.

Me høyrer ikkje anna en at folki paa tinget tykte dette var alt som det skulde vera. Ingen hadde daa noko aa segja um ovtru eller trollskap.

dres Ymmerstein, Olav Heggdal og Per Berrjod til granneprov. Dei sanna fyr retten at dei inkje anna kunde segja en det som var innsett i det brevet som 12 mann hadde skrive under paa, og det som var sagt paa tinget. Det vart spurt um dei vilde svara fyr henne so framt ho vart funni til sin dyl; men det sa dei beint ut at dei ikkje vilde. Trond Aavendal og Torleiv Gyland var og stemnde til granneprov. Dei hadde ikkje vore med den gongen daa ho skaut sitt maal paa tinget, og dei sa no at dei ikkje kunde anna segja en at ho alle dagar hadde vore kjend fyr trollkjering, endaa dei fyr sin eigen part ikkje hadde noko aa klaga paa henne.

Daa fall domen ein gong til. Det var ikkje onnor raad etter alle desse vitnemaali, en at ho laut lida pina og refsing soleis som det var fyreskrive fyr trollkjeringar. Ho vart dømd til baal og brand, og alt ho aatte skulde falla til kongen.

Naar ho hadde fenge so mange domar, skulde ein tru det vart ende paa saki hennar; men det gjorde det ikkje endaa. Dei fekk saki inn fyr herredagen i Nidaros 1625. Der dømde dei høge herrarne at saki skulde sendast heim att og takast upp fraa nyo, og at lagmannen med sers dom skulde anten reisa eller fella den domen som var dømd. No vart det teke upp atter paa den maaten at lensherren stemnde Hallvard Urdal og meinte at han laut føra saki lenger, sidan det var Liv, kona hans, som fyrst hadde skulda henne fyr trolldom. Paa Sokendalstinget $^{30}/_{1}$ 1626 vart Hallvard Urdal dømd til aa stemna saki inn fyr lagmannen til Bottolvs-lagtinget det aaret.

Dette vart gjort; men lagmannen fann so mykje gale med stemningi at han ikkje kunde fremja saki. Ikkje var alle domsmennerne stemnde, og ikkje dei vitni som domen var bygd paa, ikkje var Dordi sjølv med paa tinget, berre Per Kristensson, son hennar, og han hadde ingi fullmagt. Lagmannen sette saki ut, og det gjekk eit heilt aar og meir til fyrr han kunde døma. Endeleg dømde lagmannen $^{30}/_{9}$ 1627 at ho skulde logverja seg fyr skuldingi. Denne domen stemnde Per Kristensson inn fyr herredagen i Oslo 1628; han klaga paa lagmannen at han hadde drølt so lengje med saki, og daa domen kom hadde han ikkje gjort det som herredagsdomen kravde: han hadde korkje *reist* eller *fellt* den fyrre domen.

Herredagen i Oslo gav lagmannen rett i det at han ikkje hadde fremja ei ulogleg sak, og domen hans var rett nok; men

sidan han ikkje hadde dømt soleis som herredagsdomen sa han fyre, so kunde korkje lagmannen eller Per Kristensson faa seg tilkjent kosthald. Lagmannsdomen skulde gjelda, og skulde leggjast fyre Dordi Ribland, um ikkje futen hadde gjort det fyrr, so ho kunde sverja sin dyl etter logi 10 vikor etter.

Paa Sokendalstinget $^{23}/_{9}$ 1629 kom Dordi Ribland fram og skulde „logverja" seg eller „sverja sin dyl". Kari Rossaland og Æsa Rekevik og Kari Bø og Anna Rykkensdotter fylgde med og var viljuge til aa sverja med henne. Desse 4 konorne der or sokni hadde ho sjølv kora ut. Futen hadde nemnt upp 12 andre kvende, og av deim valde ho sjølv ut 7, so tylvti vart full; det var Ingeborg og Anna Skaraas, Guri Aave og Tora Ymmerstein, Helga og Marit Berrjod og Torborg Eikelid. Desse 7 var paa tinget, men bad seg undan. Fyr sin eigen part visste dei ikkje anna um henne en det som vel var; men det var so vondt aa sverja med ei som hadde vore i henderne paa bøddelen fyr den same saki, sa dei.

Paa den maaten skulde ho vera „dylbrosti"; men det utrulege hender her at me ikkje finn meir um Dordi Ribland. Det ser beint fram ut til at saki døydde burt.

BIRGIT BERGE

var fødd og ali i Sætisdalen, men budde paa Berge i Suldal. Der hadde ho fenge det ordet paa seg at ho fór med trolldom, og mange var rædde henne. Til hausttinget 1625 hadde Rasmus Herabakka stemnt henne til aa høyra paa prov og vitnemaal um nokre ord som hadde falle fraa henne i eit gjestabod paa Vinje, prestagarden.

Tore Vidvei vitna at han sundag fyre jol aaret fyrr var innbeden til presten; han heldt barsøl paa Vinje. Daa um natti kom Rasmus og Birgit til aa røda saman, og han høyrde at ho sa: „Eg vil klæda av deg klædi og faa dei paa deg att.“

Jens Olavsson spelemann var det andre vitnet. Han hadde ikkje høyrt stort av det som Rasmus Herabakka og Birgit tala seg imillom; for han laut agta spelet. So mykje hadde han daa høyrt, at Rasmus kalla henne ei trollkjetta, og daa ynskte ho at hennar klæde hadde vore skorne soleis som hans.

Torgeir Helganes var stemnd til vitne; men 2 mann, Knut Straapa og Siver Foss, kom fram og vitna at han hadde vorte sjuk paa vegen til tinget, so han ikkje kunde koma. Til deim hadde han sagt at han og Birgit maatte vel hava sak i hop; for ho hadde lova'n vondt, og som ho hadde lova, hadde han fenge det.

Knut Tjørdal vitna at Steinar, son hennar Birgit, hadde leigt Saltveit-stølen av honom fyr tvo aar sidan, og daa hadde det falle nokre ord millom honom og Birgit. Ho hadde m. a. sagt: „Du skal fara ei Fandens ferd“. Den fyrste dagen etter miste han ein bukk, og den andre dagen ein kalv; den tridje dagen

var det ei geit som reiv kidet undan seg, og den fjorde dagen fór øksi hans av skaftet, so han skamhogde den eine foten.

Orm Vik var grannen hennar Birgit; men han hadde ikkje vore i nokor trætta med henne anna en um beitet.

Birgit Berge skaut til maals paa tinget og bad aalmugen segja korleis dei hadde kjent henne, og um dei visste av noko ustykke ho hadde gjort.

Tingfolket svara at ho ei lang tid hadde vore namngjeti fyr ei ymte-kvinna, og i drykksmaal var ho fælt uttalande; men gjerningar fekk dei vitna um som kjende til deim.

Futen sa Birgit fyre at ho skulde taka skotsmaal fraa Sætisdalen, og sameleis paa Vinje (ɔ: Suldals) kyrkjegard. So fekk dei spyrja upp fleire vitne og taka saki upp atter naar det høvde betre.

Paa hausttinget aaret etter greidde ho ut at ho og Rasmus Herabakka laag i trætta um ein støl. So meinte ho at tapte han saki og miste stølen, so miste han ei kufta, og lét ho han faa hava stølen, so var han i klædi atter. Anna hadde ho ikkje meint med det ho tala i prestagarden um klædi. Det gjorde ho eiden paa, og ho lova at ho skulde fara sømeleg aat. Dermed fall saki burt.

INGEGERD MONSDOTTER OG GJERT KRISTENSSON

Ingegerd Monsdotter var fødd paa Torvestad. Paa same garden hadde ho butt med ein mann heitte Kristen; men mannen hadde rymt fraa henne, og ho var komi paa vidvank. Med mannen hadde ho ein son, Gjert Kristensson; sidan hadde ho havt ei dotter heitte Ragna Persdotter; det barnet hadde ho med ein gift mann.

Med desse tvo borni hadde ho fare kringum i Karmsund og bygderne der ikring, og folk hadde det ordet paa henne at ho var baade trollkjerring og anna vondt. Um vaaren 1633 vart baade ho og borni tekne ein stad i Avaldsnes skipreida og førde til Hesby paa Finnøyi; for der budde futen den tid.

Den 8de juni 1633 var det ting paa Hesby. Der førde futen fram Ingegerd og son hennar og skulda deim baae tvo fyr trolldom.

Dei fekk ut av borni fyrst, sidan av Ingegerd sjølv, at ho kunde lesa i salt fyr fe og gjera aat fyr trollverken. Trollverk, sa dei, var ein ulideleg sjukdom med ryggverk og brot i kvar ein manna-led.

Mange folk or Avaldsnes og Skaare skipreidor hadde møtt fram og vitna imot deim, og mange andre sende helsingar um kva dei hadde aa klaga.

Ein gong hadde ho kome til Vikse i Skaare og bede etter eit ulltraadnysta. Det fekk ho ikkje, og daa vart ho harm. Dagen etter var det tvo av kyrne hans Per Vikse som dauda.

Ein annan gong hadde ho kome til Lars Støla og bede etter hus. Dei vilde ikkje laana henne hus, og dagen etter var det ei ku deira som stupte.

Kristoffer Rossabø, Bertel Kvala og Ingemund Stakkastad gjorde eiden paa at baade Per Vikse og Lars Støla hadde mist desse kyrne.

Daa *hr. Rasmus* livde paa Torvestad, kom ho ein gong til honom og vilde hava skriftarmaal og avløysing fyr den syndi ho hadde paa seg fyr barnet som ho hadde fenge. Det var raad med det, meinte presten; men han laut fyrst faa høyra korleis det var med henne; det gjekk det ordet i bygdi, sa han, at ho tidt lova folk vondt, og alltid gjekk det med deim soleis som ho hadde sagt. Daa raudna ho og svara ingenting. Men straks etter vart presten sjuk, og det var ikkje mange dagarne fyrr han døydde. Paa sottesengi hadde han stygge mistankar til Ingegerd, at det var ho som hadde sett det vonde paa han. Det var helst Eirik Dale som kunde vitna um dette. — Daa dei no bar det paa henne, vedgjekk ho at ho hadde vore i prestagarden. Meir vart i minsto ikkje skrive.

Daa hr. Peder hadde fenge kallet, var det ein gong Ingegerd kom til Grønningi. Mats Grønningi gjekk daa til presten og sa honom av kvar Ingegerd heldt seg. Daa presten høyrde ho var paa næste garden, klædde han paa seg og gjekk til Grønningi. Der fann han henne sitjande i stova. Presten gjekk daa burt og slo til henne og sa: „Sit du der, din troll-djevel? Eg høyrer du hev late dei ordi fara at eg ikkje skal vera prest paa Torvestad meir en tri aar.“ Kva ho svara til dette er ikkje nemnt; men som ho hadde sagt so gjekk det; han døydde fyrr dei tri aari var utlidne.

Men Mats Grønningi som gjekk til presten og sa dette, han fekk lika fyr flòget. Det kom straks etter ein underleg sjukdom paa dotterbarnet hans: det bolna upp og vart gult yver heile kroppen; vatn og blod taut ut or lemerne, og lengje var det ikkje fyrr det døydde.

Hr. Rasmus: Rasmus Pedersson var prest paa Torvestad og kannik i Stavang 1605. Døydde 1621.

Hr. Peder: Peder Hansson Hjorteland var mange aar hjelpeprest hjaa Rasmus Pedersson. Han var ikkje av dei likaste prestarne. Det var lite som skilde at han hadde vorte avsett fyr drykk og slagsmaal og lauslynde. Endaa vart han prest etter hr. Rasmus. Døydde 1626.

Ein dag straks fyrr hr. Peder døydde, hadde Mats Grønningi og grannen kans rott ut paa sjøen og vilde fiska. Veret var stilt og sjøen laag som ein dam. Best som det daa var, kom det ei sunnanflaga og slo deim or baaten baae tvo; det skilde lite at dei hadde blive. Men dei kom seg upp i baaten atter, og daa vart det stilt med ein gong, likso stilt som det fyrr hadde vore. Mats visste godt at Ingegerd var gali paa honom den tid, og at ho fyrr hadde forgjort barnet, so han fekk sterke mistankar at det var ho som hadde vore ute med striki sine.

Ein mann hadde ein gong havt aat henne fyr det skjemdarlivet ho førde, med di ho heldt i hop med ein gift mann. Daa svara ho: „Kva skil no det deg? Du kann lita paa at du eller folki dine skal faa lida fyr at du ikkje let meg i fred.“ Nokre dagar etter tok dotter deira til aa bolna upp i hovudet og andlitet. Hovudet stod skakt paa henne eit halvt aars tid sidan. Dette var det tvo mann som vitna at dei hadde høyrt av medhjelparane Gunnar Vikingstad og Jo Haaland; dei hadde site i stova til presten hr. Bent, som no var paa Torvestad, og hermt det etter Johanna, som var mor til den same gjenta.

Ingegerd hadde ein gong kome til Vistad og bede um hus. Daa svara Kari, kona i huset: „Sæbjørn hev forbode meg aa laana deg hus.“ Natti etterpaa var det ei ku som vart so underleg sjuk fyr deim. Det var ein sjukdom som ingen skulde ha set make til. Ho bura og bar seg soleis at heile buskapen sette i aa bylja, rett som dei var forgjorde kvar kui. Ho fekk ikkje dauda, dess meir. Dei tok og førde ho paa sjøen, og gav ho tri slag med økshamaren; men endaa fekk dei ikkje livet av ho. So let dei ho driva paa vatnet. Dette vitna baade Antonius Vistad og Bertel Kvala.

Andres Lindøy si kona vilde ein gong ikkje gjeva Ingegerd alt det ho bad etter. Daa lova Ingegerd henne vondt, og det var ikkje lengje fyrr ho fekk det. Ho vart liggjande i aar og dag. Sidan gjekk Andres til Ingegerd og bad henne koma og gjera kona hans god atter. Det gjorde ho og. Han laut gjeva henne ein god blaa stakk fyr umaken. Ingegerd vedgjekk sjølv fyr retten baade at ho hadde vore hjaa Andres Lindøy og at ho hadde fenge stakken.

Aasmund Byrkjeland si kona hadde ho og lova vondt. Der

Hr. Bent: Bent Bendiksson Broe var prest paa Torvestad 1626—1670.

var det heller ikkje lengje aa vente fyrr det kom. Kona gjekk sjuk endaa, og var saar yver heile kroppen.

Paa Tveit hadde ho lova vondt baade til Berit Tveit og til drengen hennar. Der var det buskapen det vonde kom yver. 4 kyr vart braatt sjuke; dei tvo dauda straks, og dei tvo andre heldt paa og stridde med dauden. Daa skikka dei bod til Ingegerd at ho laut koma og gjera aat fyr dei tvo kyrne som det endaa spann liv i. Ho kom og; men den eine kui hadde kalv i seg, ho var so langt komi, at ho ikkje stod til bergings. Den andre kui meinte Ingegerd at det skulde verta raad fyr, og det var ikkje lengje fyrr ho tok til aa koma seg.

Lensmannen paa Rossabø hadde spurt folk paa kyrkjebakken kva dei hadde aa segja um Ingegerd. Daa svara dei alle med ein munn at ho hadde eit ringt ord paa seg. Vondt hadde ho lova, baade paa folk og fe, kvar ho hadde fare, og dei slapp bia fyrr det vonde kom. Dette ordet hadde gjenge i all Skaare sokn, og skrymt og trolldomskunster vilde dei segja hadde fylgt henne alt sidan mannen hennar rymde fraa henne, no var det 16 aar sidan. Alle var rædde henne og torde ikkje gjera henne harm meir en dei torde brenna seg; dei gav henne heller meir en dei tyktest hava raad til.

Borni sine lærde ho og upp i alt det som vondt var. Gjert Kristensson, sonen, var no paa andre og tjugande aaret. Han hadde aldri lært eller gjort nokon ting som han kunde tena braudet sitt med. Lesa kunde han ikkje, og aldri hadde han vore til Guds bord. Men ulikeskap hadde han lært, trolldom og djevelskunster. Han kunde lesa i salt fyr feet; det fortalde fyrst vesle Ragna, sidan vedgjekk han det sjølv. Difyr var han og tiltala saman med mor si.

Vesle Ragna var no 10 aar. Ho hadde venteleg ikkje lært so mykje vondt endaa. Henne hadde dei ikkje mistenkt fyr trolldom, men ho gjorde godt gagn paa den maaten at ho fortalde det ho visste, og sette deim gildt paa faret naar dei vilde røkja etter kva gale mori og broren hadde gjort.

Torstein Osnes vitna at han ein gong hadde ført Ingegerd og Gjert yver Gards-viki. Daa fekk dei sjaa eit trestykke som laag og flaut i sjøen. „Det vil eg hava til ein lunn under baaten min“, sa Torstein; men Gjert sa at han vilde have det. Han hogde tvo gonger i stokken. Daa sa Torstein: „Sit du ikkje still, Gjert, so skal eg taka deg og duppa deg under i sjøen.“

Natti etter vart Torstein so illa sjuk at han aldri hadde kjent slikt. Daa dagen kom var han endaa verre og laut liggja. Han vart maallaus og reint som han skulde vore forgjord; reiv og sleit i alt det han fekk tak i. Klædi reiv han i smaabitar, og naar riderne var paa det hardaste, var det ikkje meir en so vidt 4 mann var god til aa halda han i sengi. Han trudde fullt og fast at det var Ingegerd som var skuld i all den verk og skade han hadde lide; med trolldom og djævelskunst hadde ho sett det paa honom, sa han. Presten bad fyr han i kyrkja. Men Ingegerd, daa ho fekk høyra kor til stod, daa bad ho til Guds at han maatte turka upp som ein stokk. — Rasmus Bø, Eirik Dale og Lars Grønningi vitna at dei kjende til dette. Torstein Osnes hadde vore maallaus 8 dagar og lege til sengs eit heilt aar.

Gjert Kristensson vedgjekk at han og mor hans og Ragna, syster hans, hadde gjenge fraa ein gard heiter Rødmyr til Sveiaa kyrkja ei natt. Der paa kyrkjegarden stod det ein stor svart hund, som ikkje var lik andre hundar. Han kunde tala dessmeir. Hunden bad deim koma, og mor hans gjekk daa burtaat og kviskra noko i øyra hans. Baade ho og han lova hunden tenesta. Gjekk han so sidan andvigt 3 gongjer rundt um kyrkja; han bles kvar gong inn gjenom eit glas paa sudsida og bad Gud forbanna alle deim som i kyrkja kom. Ragna var den som fortalde fyrst og mest um dette; ho trudde det var Vondemannen som kom paa denne maaten, og som dei hadde gjeve seg burt til.

Sekstan mann or Skaare og Avaldsnes skipreidor*) vitna at dei visste vel um korleis han hadde fare i kring med mor si paa tigging. Naar dei fekk hus um natti ein stad, so hadde han og ho lege i same sengi, og det gjekk stort rop i bygderne um det, at dei hadde havt slike ting fyre seg som paa ingen maate var sømelegt millom mor og son.

Torstein Osnes var visst ikkje so halt som han hinka til, og ikkje betre mann en det turvtest. Aaret etter dette hende vart han dømd paa tinget til aa missa hudi fyr stuld; men han løyste hudi atter med 3 mark sylv.

*) Kristoffer Rossabø (lensmannen i Skaare), Rasmus Bø, Bertel Kvala, Olav Sakkastad , Ingemund Stakkastad, Kristoffer Vedøy, Johans Nodland, Antonius Vistad, Per Torleivsson, Johans Haugo(m), Ingebret Torvestad, Klaus Torvestad, Mats Grønningi, Lars Grønningi, Eirik Dale og Olav Haugo(m).

Det var skrivaren Rasmus Andersson og 12 lagrettesmenner fraa Finnøy som dømde i saki etter raadføring med lagmannen. Gjert fekk sin dom den 5te juli 1633. Han hadde sjølv gjenge ved at han hadde vore med mor si ved Sveiaa kyrkja, og at dei der hadde lova hunden paa hin mannen si vegna tenesta. Sjølv vedgjekk han at han hadde blese inn gjenom kyrkjeglaset og forbanna Guds kyrkjelyd, og i so maate hadde han gjeve seg fraa Gud og til Djevelen. Tilmed kunde han lesa fyr feet i salt. Daa var det ikkje raad at han kunde faa liva; men han skulde refsast paa hals og liv. Det han aatte skulde høyra til kongen, um dei nokon stad skulde finna eitkvart.

Han vart halshogd paa Finnøy, truleg same dagen som mor hans vart avliva. Ho fekk sin dom tri dagar seinare. Med sine mange og grove brot hadde ho forgjort og forbrote livet; ho skulde refsast med baal og brand. Det ho aatte, skulde kongen eiga, kvar og naar det kunde finnast.

Paa Finnøy — truleg paa futagarden — brende dei Ingegerd Monsdotter den 12te juli 1633. Dei laut halda baade henne og Gjert kosten 15 dagar, so lengje dei sat fast ($^{27}/_{6}$—$^{12}/_{7}$); det kosta $^{1}/_{2}$3 rd. 1 ort 10 sk. Maten til Ragna Persdotter dei same 15 dagarne kosta 1 rd. 1 ort 17 sk. Meistermannen fekk 7 dalar fyr rettingi.

Det fylgde kostnad med sovore; men innkoma vart jamgod med inkjevetta. Korkje kongen, som skulde hava alt, eller lensherren, som skulde hava femteparten av alle uvisse innkomor, vart rike av denne saki.

Kvar det seinare vart av Ragna Persdotter, veit me ikkje.

Fyrr Ingegerd Monsdotter vart brend, spurde dei henne um ho visste av andre folk som kunde med trolldom. Daa nemnde ho ein mann paa Fiskaa i Avaldsnes, heitte Johans, som ho sa kunde signa og lesa baade fyr folk og fe. So vart han stemnd til haustinget fyr Avaldsnes skipreida. Han sa det var skir lygn. Dei spurde tingfolket um det var nokon som visste eitkvart um dette. Daa svara dei alle at dei aldri hadde høyrt eller visst noko sovore um Johans Fiskaa. Han vart frifunnen.

INGEBORG STEINSDOTTER

Ho var fraa Bokn og var fødd paa Boknaberg. Ho hadde vore gift med ein som heitte Olav Njellsson, og dei hadde butt paa Boknaberg lang tid; men so hadde han forgjort seg og vart avretta. Sidan hadde ho inkje hus og heim, men fór ikring og livde mest av tigging. Ho skulde vera glup til aa gjera aat fyr sjukdom baade paa folk og fe, og ho fekk det ordet paa seg at ho var trollkjering. I 1633 tok dei henne og førde henne til futen paa Hesby. Daa fjordungstinget var den 8de juli 1633, førde futen fram mange vitne, og daa kom det upp alt det som her skal forteljast.

Ho vedgjekk sjølv at ho kunde lesa fyr fe og gjera sjuke naut gode atter. Dertil kunde ho stilla ovunds. Den lestr som ho daa bruka, las ho upp paa tinget, liksom ho hadde gjort ein gong fyrr, i retten paa raadstova i Stavang; men dei sette det ikkje inn i tingboki; truleg var det vondt fyr skrivaren aa skyna det.

I nokre aar hadde ho ikkje kome til Guds bord eller Herrens altar.

Ho kom ein gong til Arne Boknaberg og bad um hus; men det fekk ho ikkje. Daa vart ho harm og let um at han skulde nok faa sjaa korleis det gjekk. Straks etterpaa vart mannen sjuk. Han laag i aar og dag og leid mykje vondt, og sistpaa døydde han. Sjølv livde han i den trui at det var ho som hadde sett møda paa han. Ein gong var det som han skulde besna. Daa kom ho til Aksdal og spurde hjaa Per Aksdal korleis Arne livde. Dei fortalde det dei visste. Daa sa ho: „Ja, ja, han lyt no sjaa til um han ikkje fær det verre.“ Sidan vart han verre, og versna alt fort, til dess han døydde.

Enkja etter Arne heitte Ingeborg Knutsdotter. Ho var paa tinget og fortalde at Ingeborg Steinsdotter hadde reint lagt baade henne og mannen i hat, av di ho ikkje fekk hus den gongen. „Dette er tungt fyr meg; men det skal verta verre fyr honom,“ hadde ho sagt. Daa dei hadde bore av mannen, kom ho til henne og gav vondt. Ho, enkja, skulde verta baade usæl og arm, og attaat husvill, hadde ho sagt. Og sidan hadde alt gjenge nett som ho hadde lova.

Ein gong sju aar fyreaat hadde Ingeborg Steinsdotter kome til Eirik Boknaberg. Der bad ho um lov til aa matgjera i huset; men det fekk ho ikkje. Daa vart ho retteleg vreid og lova alt vondt. Dagen etter var det ei ung kviga deira som vart so forgjord at dei ikkje kunde hefta ho elder halda ho i band. Ho reiv paalen upp or marki og sleit seg laus, korleis dei fór aat.

So var det ein fredag ho kom paa stølen til kona hans Andres Boknaberg og bad um mjølk. Dei vilde ikkje gjeva henne noko. Daa vart ho harm. Straks etter laag den beste kui deira daud. Ingen saag at ho var sjuk, og ingen gaadde nokon ting fyrr dei fann kui paa stølen; ho laag der — daud som ei sild. Dei tottest vera visse paa at det var Ingeborg som hadde gjort det.

Til Dagsland kom ho fyr sju aar sidan. Dei visste ikkje av nokon ting fyrr ho kom inn i stova og sette seg paa forsætet. Mannen vilde ikkje hava henne i huset, av di ho var so saar og skurvut; han tok og leidde henne ut gjenom døri. Straks etter var det ei ku som vart so fælt sjuk fyr deim; dei tvila aldri paa at det var ho som gjorde det. Kona i huset gjekk daa til Ingeborg og bad henne gjera det godt atter, som ho og gjorde. Fyr det same fekk ho lov til aa mjølka kui aatte dagar.

Ein gong hadde Kari Dagsland teke ein ambar som Ingeborg hadde sett fraa seg. Daa ho kom og saag at ambaren var burte, sa ho til borni: „Korleis er det, hev Kari teke ambaren?“ — „Ja,“ sa dei. — „Ho skal missa meir fyr mindre,“ sa ho. Morgonen etter miste dei sju naut og tvo øykjer; dei fekk ein underleg sjukdom som ingen hadde set make til. Sidan vart mannen hennar Kari liggjande; han heitte Mikkel Steinsson. Han og leid av ein sjukdom som ingen hadde set make til fyrr. Han laag 4 aar, og døydde so. Dei trudde plent det var ho Ingeborg som var skuld i alt.

Ein gong fyr fem aars tid sidan hadde ho kome til Vatneland og bede etter mjølk; men ho fekk inkje. Andre dagen var det ein fole deira som vart so underleg sjuk. Tarmarne kom ut or livet paa han, og hudi sprakk sund. Sidan laag han snupt daud. Dei tottest vera visse paa det var Ingeborg som hadde gjort det med trolldoms-kunst.

Alt dette vitna Eirik og Hallvard og Andres Boknaberg, Knut Haaland og Guttorm Vatneland, og so Kari Dagsland.

Lensmannen, Olav Fosen, fortalde at det gjekk eit vondt ord um Ingeborg kring heile bygdi. Eit vondt ord hadde ho havt ei langsameleg tid, i minsto so lenge som han hadde butt i Fosen. Det var so at folk var skræmeleg rædde henne.

Det same vitna mange andre der or bygdi. Alle folk var rædde henne og torde ikkje gjera henne harm.

Ho fekk den domen at ho skulde lida paa livet — paa den maaten som styremagterne tykte raad vera.

So vart ho retta med sverd den 12te juli 1633. Meistermannen fekk 3 rd. fyr rettingi. Ho hadde site fast 15 dagar; det kosta 1 rd. 1 ort 17 skill. Eigedom hadde ho ikkje, so det vart berre utlegg fyr kongens kassa.

Olav Fosen var fraa Haaland i Erfjord og hadde butt i Fosen fraa 1629 eller 1630.

ARNBJØRG OLAVSDOTTER

Fyrr Ingeborg Steinsdotter vart retta, spurde dei henne, som dei alltid gjorde i slike høve, um ho kjende til andre som kunde med trolldom eller fór med slike kunster. Daa namngav ho ei som hadde forsvore seg til hin mannen og i alle ting var verre en ho. Det var Arnbjørg Olavsdotter. Ho kunde lesa i salt fyr fe og gjera aat fyr alle fesykjor. Dertil kunde ho lesa fyr skrubb og fyr andre skadedyr og fuglar, og daa kunde dyri ingen skade gjera paa bufeet. Sameleis kunde ho lesa fyr vred og gjera aat fyr trollverken. Det vesle som ho (Ingeborg Steinsdotter) kunde, det hadde Arnbjørg Olavsdotter lært henne. Dette bar ho paa henne midt uppi opne augo, og sanna det so mange folk høyrde paa. Og daa ho hadde sagt dette, gjekk ho til dauden.

So vart Arnbjørg Olavsdotter sett fast dagen etter Ingeborg var avretta. Ho skulde sjølv segja um ho var saka i alt dette. Daa vedgjekk ho at ho kunde med det som her er nemnt.

1. Kunde ho gjera aat fyr naut og bufe som vonde folk hadde forgjort.

2. Kunde ho gjera aat fyr skrubb og bjørn, so dei ikkje lenger skulde gjera mein.

3. Ho kunde lesa og gjera aat fyr trollverk som trollfolk hadde sett paa einkvan.

4. Ho kunde lesa i salt fyr fe, naar det var forgjort so mjølki var fraa-det-teki.

5. Ho kunde stilla vreide paa folk. Daa bruka ho aa lesa fastande tri torsdags-morgonar naar det var flo sjø.

6. Ho kunde lesa i ein veftatraad fyr deim som leid vondt i armleden eller i føterne. Daa vart dei jamt gode att.

7. Naar ho vilde faa det so til at eit menne ikkje skulde kunna gjera andre folk vondt, daa tok ho tri steinar: den eine fraa kyrkjegarden, og den andre fraa ein haug, men den tridje or sjøen. Desse steinarne las ho yver til dess den eine sprakk*; daa skulde det menneskje ikkje hava nokor magt, um det var aldri so vondt.

8. Ho visste ei raad til aa sjaa kven som hadde sett sjukdomen paa ein: anten det var Vaarherre eller vonde folk. Daa bruka ho ein grahestsko som ho gjorde heit og lagde i ei potta med ei bordskei uppyver. Alt dette sette ho under sengi som den sjuke laag i. Var det Gud som hadde sendt det vonde, so kom det ikkje noko teikn etter; men var det vonde folk som hadde gjort det, so skulde den same koma, eller og hamen hans i same liknelse som han sjølv; um mannen var tie mil burte, so skulde han fram daa. Ho hadde laant ein grahestsko hjaa Olav Tysver i Vats-sokni; den hadde ho bruka paa ymse stader, baade i by og bygd, naar folk hadde bede henne gjera det. Fyr denne hjelpi hadde folk gjeve henne løn etter som dei hadde hjartelag til.

9. Sameleis hadde ho bruka dei varme steinarne „fyr rimeleg pris“ aat deim som traadde etter den hjelpi. Naar den eine steinen sprakk, daa visste ho vel kven som hadde sett det vonde paa den sjuke. Sprakk steinen fraa kyrkjegarden, daa leid den sjuke av helsott, og daa var det ingi raad som hjelpte. Var det haugsteinen som sprakk, daa hadde Satans lemer eller trollfolk sett det vonde paa han; men sprakk sjøsteinen, daa var det sjøtrollet som hadde gjort det.

10. Ho hadde lært Ingeborg Steinsdotter, ho som vart retta paa Finnøy, alle desse ord og signevess.

11. Elles hadde ho lært fraa seg alt dette til Ingeborg Rødn i Vats. Den same Ingeborg kunde og mykje fyrr, som ho hadde lært av ein heitte Baltzer.

12. Ho hadde fenge ein ring hjaa Pinkar-Anna. Denne ringen gjekk ho med paa fingren, og bruka han til aa mjølka igjenom naar det var eitkvart som vanta feet. Den kunsten hadde Helga hans Karsten lært henne.

13. Fyr 8 dagar sidan hadde ho vore hjaa Birgit Nerabø

*) Truleg lagde ho deim i ei panna og hita deim upp. Sjaa nedanfyre.

i Bokn; ho skulde gjera henne god att fyr trollverken. Den ferdi fekk ho 4 skilling fyre.

14. Ho kjende til at Marit i Bokn, dotter hennar Ingeborg Steinsdotter, kunde alt det som vondt var. Var det nokon som den tøyta hadde lova eitkvart vondt, so kunde dei lita paa at dei fekk det.

15. Ho klaga paa Kristen Pinkar, at det var han som hadde forgjort henne og blese vondt paa henne. Den tid Kristen heldt seg i Nordland, daa var hamen hans hjaa henne rett som det var. Daa leid ho fælt mykje vondt; men naar han kom sjølv og var i huset hjaa henne, daa vart alt godt atter.

16. Den dagen brudlaupet hans Kristen stod, hadde han sendt ein dekn, han Kristoffer, ut til henne. Han las yver henne og gjorde henne god atter.

17. Kristen Pinkar var ein kar som nok kunde meir en mata seg. Han hadde tala med Henrik Heigre ein gong han klaga seg at han ikkje fekk fisk. Daa hadde Kristen sagt at det ingen ting skulde vera fyr honom aa laga det so, um han vilde, at Henrik fekk tri baatar fulle med fisk.

18. Ho hadde fenge vondt etter Kristen si tilsegn. Ho gjekk til honom paa Gjerde og bad at han vilde taka fraa henne det vonde som han hadde sett paa henne. Var det so at han ikkje vilde gjera det, daa skulde dei tvo hava ei skinka i salt saman, og han skulde rett faa vita kor han Dave kjøpte ølet. Kristen svara at han ingen ting kunde gjera med dette no fyrr han kom til Nordland; daa skulde han sjaa kva han kunde gjera fyr henne.

19. Kristen hadde sett det vonde paa henne paa den maaten at han bles vondt inn i ei skei som ho sat og aat med. Kristen sjølv stod og høyrde paa desse skuldingarne; han vilde ikkje vera ved dette siste, men sa at han hadde støytt skeii i halsen paa henne.

20.. Pinkar-Anna var ei som ho ikkje kunde halda ut med. Det gjorde henne so vondt kvar gong ho saag henne; det var som dei skulde slaa ei kald vatsbytta yver ryggen hennar.

21. Pinkar-Anna kunde og lesa dei same ordi som ho.

— Dei spurde Kristen Pinkar og kona hans kva dei hadde aa segja til alt dette.

Kristen sa daa at det ikkje var han, men mor hans, som

kunde lesa fyr folk. Ho hadde gjort det med Magli paa Rennesøy fyr ikkje so lengje sidan.

Pinkar-Anna vedgjekk at ho hadde lese fyr ein mann i byen som hadde vondt i ein finger. So hadde ho vore ute paa marki og funne nokre blad som ho lagde paa. Ho kjende til at Birgit i Bakken kunde mæla („mella") fyr mosott, og det same kunde kona hans Jens Olavsson. Ho kunde lesa fyr dei som hadde rengt seg og vride armar eller bein, og daa vart dei gode atter.

Arnbjørg Olavsdotter var fraa Bokn; men saki vart førd i byen. Det var skrivaren i Fjordene, Rasmus Andersson, eller Kristen Jonsson, fullmegti hans, med 12 lagrettesmenner fraa Jæren som dømde, og det var aatte dagar etter at Ingeborg Steinsdotter hadde fenge sin dom. Lagmannen Peder Rafn og borgarmeistrarne Niels Høgh og Pofuel Knutsson var med, sameleis Søren Pedersson Trane som vart fut paa Jæren.

Dei fann ut at etter alle desse ukristelege gjerningar kunde det ikkje vera tale um aa berga henne, og dømde henne fraa livet. Ho vart halshogd den 25de juli 1633.

Godset hennar skulde falla til kongen. Dei fann etter henne
ei liti sylvskei som vog 2 lodd,
2 smaa skarns sylvringar til $^1/_2$ rd.,
ein gamall utsliten blaa stakk,
ei gamall klædes-kufta,
ei gamall kista som var halvroti,
eit halvt aaklæde, gamalt og forslite.

Alt dette vart verdsett til 1 rd. 16 skill., og det var alt det som etter henne fanst. Men fyr kosten i den tid ho hadde site fast, gav dei $^1/_2$ 10 ort, og meistermannen fekk 3 dalar fyr rettingi.

Fyrr Arnbjørg Olavsdotter vart retta, spurde dei henne kven ho hadde hjelpt med trolldoms-kunsterne sine. Daa nemnde ho Ivar Gismarvik og Eirik Are og Knut Leirvik.

Ivar Gismarvik hadde klaga fyr henne at noti hans ikkje vilde fiska godt. Daa sa ho, at so framt han vilde gjeva henne lika fyr umaken, skulde ho gjera det so at noti alltid fiska godt. Ho vilde hava noko salt og braud uppi ein liten pose, og lesa i det, so skulde han binda det paa noti. Dette gjorde

ho og gav Ivar posen, og den bruka han som ho hadde sagt. Sidan fekk han nytteleg med fisk.

Eirik Are hadde klaga at han var so forsett av rottor og mus. So hadde ho lese fyr honom og drive burt unaadet. Attaat hadde ho lese fyr noti hans, so ho skulde fiska godt. Fyr alt dette hadde Eirik gjeve henne løn.

Knut Leirvik var den som hadde lært henne den kunsti aa lesa fyr mus, og med det driva deim burt.

Alle desse 3 vart stemnde til Hetlands-tinget um hausten det same aaret som ho var retta. Men alle tri gjorde eiden paa at det ikkje var sant som ho hadde sagt. Tingherrarne spurde aalmugen kva ord desse mennerne hadde i bygdi. No var Ivar Gismarvik ein av dei likaste dei hadde der i bygderne, ein rik mann som aatte mykje jordegods, og han vart lensmann i skipreida nokre aar seinare. Dei andre tvo var visst og vyrde menner. Aalmugen gav deim eit godt ord. Det kom ingen fram og vitna imot deim, so dei vart frikjende.

Det var ikkje greidt fyr sjuke folk i dei dagar aa faa nokor hjelp. Rettelege lækjarar var det ikkje stort av, og desse kloke menner og kjeringar kringum i bygderne var det faarlegt aa søkja hjelp hjaa. Sume av deim var kann henda ikkje so verst til aa finna paa raader; dei fann lækjeurter paa marki og laga til sumt som dei anten gav den sjuke inn eller lagde paa skaden. Mest tru hadde dei likevel paa ord og „lestr“ som dei bruka saman med raaderne.

I seinare tid hev kloke folk samla paa slike lækjeraader som hev gjenge i arv i bygderne, og det er ikkje so visst um det ikkje var rett gode raader imillom. Naar nokon fekk det ordet at dei var dugande til aa hjelpa folk, so fekk dei snart søknad; det var folk baade or same bygdi og fraa andre bygder som kom og vilde hava hjelp. Hadde so den sjuke god tru paa hjelparen, so kunke det og gjera sitt, og tidt fekk dei venda sjukdomen.

Men fekk dei ikkje *det* til, so kunde det snart verta ein annan tale. Fyrr dei visste ordet av, kunde dei verta klaga fyr trolldom, og hadde det fyrst kome upp mistanke, so var det tidt mange som kom og vilde vera vitne.

Slike hjelpe-lækjarar var helst fatige folk som bruka kunsti si til aa liva av. Mange av deim visste um det ordet som gjekk, at dei kunde meir en mata seg, og dei visste og at det var til bate fyr deim naar folk trudde paa kunsterne deira. Dei hev tidt sjølve vore skuld i at det kom klagor.

1633 var reint eit merkeaar med mange trolldoms-saker. Helst hev det vel gjenge so at ei av hjelpekonorne hev vorte so djerv til aa taka inn skattar fyr raaderne sine at sume folk miste tolmodet. Naar det daa kom klaga yver ei, so hev det eine leita det andre upp, og daa hev det gjenge beint fram etter skrifti: dei sanka saman turre greiner og brende deim. Mange av deim som var under forhøyr, nemnde ein mann som dei hadde lært mykje av, heitte *Baltzar*. Denne mannen ser det ut til hev vore noko midt imillom lækjar og lauparfant. — Paa Nordhus paa Rennesøy budde ein mann som heitte Olav, og han hadde ein son som laag sjuk. Mannen hadde elles sumt utestandande med mange folk, førde saker med maagen sin, og hadde ord fyr aa vera ein kranglar.

Eit aar hadde dei funne ei „signebok“ hjaa han. Dei tok ho fyr ein stubb av Svarteboki og vilde hava han dømd fyr trolldom. Han prova at han ikkje kunde lesa, og berga seg paa den maaten fyr refsing. Dokter Baltzar kom til deim ein gong og trong mat. Daa fekk Olav denne boki, sa han; ho vilde vera til god hjelp fyr den sjuke sonen, hadde Baltzar sagt. — I 1633 hadde Olav flutt fraa Nordhus og budde paa Hidle paa Sjernarøyarne; boki hadde han ikkje lenger. Daa vart det ende paa saki, paa den maaten at han vart dømd til aa bøta 7 dalar til kongen, av di han hadde havt denne boki.

ANNA LARSTØL

Den 20de november 1635 var det ting paa Sæbø i Hjelmeland. Daa hadde Per Larsson Kro stemnt Anna Persdotter paa Larstøl; han hadde baade eitt og anna aa klaga paa henne.

Det verste av alt var at ho hadde lokka Eirik, son hans, til aa gifta seg med dotter hennar. Dei skulde faa halve garden paa Larstøl naar dei var gifte, hadde ho sagt. Daa dei so var gifte, vilde Eirik hava menner paa garden og faa utskift den helvti han skulde hava. Men daa skapte Anna seg gali og meinte paa det at ho hadde ikkje gjeve upp nokon gard. Ho vilde styra garden sjølv, hadde ho tenkt, og var det so at Eirik tenkte noko anna, so skulde han rett faa sjaa kor det gjekk; han skulde turkast upp som ved og tre, sa ho. Sidan gjekk Per til henne og sa: „Tykkjer du dette er vent gjort av deg, Anna? Fyrst lokkar du son min til aa taka dotter di, og naar so han vil hava helvti av garden, som du hev lova, so set du deg imot det og trugar med vondt. Du skulde skjemmast, tykkjer eg. Me kjenner til kva ord du hev, at naar du lovar ein noko vondt, so fær han det.“ Daa let ho Per vita at son hans skulde faa so mykje at han rett skulde faa kjenna det; det skulde taka mergen or beini hans; den skulde hin mannen faa, og sidan skulde han aldri koma til aa trivast.

Straks ho hadde lova dette, vart Eirik liggjande. Han laag sengfast i tri vikor og leid mykje vondt. Det var liksom han kjende eld i alle lemerne sine. Kjøtet vilde flysjast av beini hans. Daa var det ein dag ho kom inn til Eirik og sa: „Vil du lova meg at du ikkje skal tala meir um dette, so skal eg gjera det so at du vert frisk atter“. Han sa nei, han vilde ikkje lova det, fyrr det kom til styremagterne.

Daa Per hadde lagt ut alt dette, baade med stemningi som han lagde fram, og med ord som han tala paa tinget, daa spurde dei ting-aalmugen kva dei visste um dette. Dei svara alle at dei visste Eirik hadde vore mykje sjuk; men kva han leid av, det visste dei ikkje. Per førde fram desse vitni:

Tarald Hagalid hadde fyr tri aar sidan butt hjaa Anna Larstøl paa Kleppa. So var det ein dag medan han sat med bordet og fekk seg mat, at ho kom til aa segja ho kunde *ro* paa ein kvernstein fraa Fossberg og til Sande (ɔ: ein fjordung veg) likso snøgt som mannen hennar var god til aa ganga fraa Sands-husi og ned til sjøen (ɔ: eit par steinkast).

Johans Kleppa hadde og site med sin bords-ende og høyrt henne segja det.

Tarald Hagalid heldt fram: Ein gong hadde Anna sagt til honom: „Daa eg budde paa Leirang paa Nerstrand, daa kom grannkona til meg ein dag, og me kom i hop aa trættast noko. Daa batt eg henne, so ho vart standande paa ein flat stein. Ho stod der og rugga att og fram ein heil dag og kunde ingen veg koma. Fyrr det leid fram imot kvelden, daa soli vilde glada; daa viste eg henne av i vondemannen sitt namn, og daa vart ho fri.

Daniel, son hans Per Kleppa, vitna kva far hans hadde sagt. Dei hadde ei ku som vart fælt sjuk. Daa sende kona bod etter Anna Larstøl og spurde um ho visste nokor raad. Ho tok noko salt og las i, og gav kui det, og daa vart ho frisk og ferdig med ein gong. Sidan sa ho til kona hans Per: „Ja no, Rannveig, er kui god. Vilde eg no, so kunde eg gjera det so at eg fekk meir gagn av kui en du. Rett no kjem mjølki til aa renna paa golvet."

Tarald Hagalid kom fram atter og vitna meir: Ho hadde sagt til honom, at daa dei budde paa Røykjanes paa Umbo, var det ein gong det kom ein kar til Gaute, mannen hennar; det var Baltzar Eide. Han vilde kjøpa ein hest av Gaute. Mannen hennar vilde og selja; men ho sa beint nei. Fyrr Baltzar skulde faa hesten, sa ho, so skulde ho faa 'an til aa ganga avvita 3 gonger kringum ein stein, og daa vilde han stupa.

Alle desse vitni gjorde eiden paa det dei hadde sagt. Anna Larstøl sat sjølv og høyrde paa alt.

Dei spurde aalmugen um ho hadde skikka seg vel sidan

ho kom der i bygdi, og kva ord dei hadde paa henne. Daa svara alle med ein munn, at ho alltid hadde havt eit vondt ord paa seg.

— 4 dagar etter heldt dei ting fyr Leirang skipreida paa Baustad. Der hadde dei fram Anna Larstøl, sidan ho sjølv skulde ha sagt at ho hadde drive mykje trolldom den tid ho budde paa Leirang. No spurde dei tingfolki um dei kjende til dette. Dei sa at dei ikkje kunde svara paa dette so braatt. So vart Anna Lerstøl fyrelagt at ho skulde logverja seg. Det kunde ho ikkje. Alle svara at det fanst ikkje eit liv som vilde sverja med henne.

Sjølv sa Anna Larstøl at ho aldri hadde havt umgang med trollfolk eller kunde med noko djevelskap. Um den kui paa Kleppa sa ho at ho hadde teke fiskegall og ein raudstein og noko salt og havt inni ein klut; det flidde ho tausaborni paa stølen, dei skulda gjeva kui det; anna eller meir hadde ho ikkje gjort.

Retten gjorde det so av at ho skulde setjast fast i kongens jarn til ho atter fekk bod. Men futen tykte synd i henne og slepte henne laus, paa den maaten at Gaute Larstøl, mannen hennar, sette seg sjølv i borg og lova at ho skulde møta fram til fyrste fjordungs-ting eller ei onnor tid naar ho fekk bod. Sjølv skulde han lida i staden hennar, um ho fekk ryma; det tok han futen i handi paa.

Det merkelegste med denne soga er at saki ikkje kjem att. Dei heldt fjordungs-ting fyre jol det same aaret; men der var ikkje Anna Larstøl framme. Og seinare hev me ikkje funne noko um denne saki paa andre ting heller.

Det ser elles ut til at Anna Larstøl hev vore kjend som ei av dei verste trollkjeringarne. Seks aar seinare spurde dei ei onnor kjering um ho kunde noko trolldomskunst; daa svara ho at ho hadde set sumt av Anna Larstøl. Ho hadde ein gong fyllt ei bytta med vatn, og uppi vatnet hadde ho ei skaal som ho førde ikring med handi. Best som det daa var, kvelvde ho skaali, og daa sa ho til Birgit, dotter si: „Der fór han som narra deg so stygt.“ Og den same timen visste dei at den guten bleiv som hadde havt barn med dotter hennar. Ho hadde og lært henne korleis ho skulde fara aat naar ho vilde setja

vondt millom gifte folk. Daa skulde ho taka haar av ryggen og halen paa ein hund og ein katt. Naar dei so lagde dette i sengi millom mann og kona, daa skulde det ikkje vara lengje fyrr dei livde saman som hund og katt. — Andre trollkjeringar var det og som hadde lært kunster av Anna Larstøl.

Ein ting som kann henda hjelpte henne, var det at klagaren Per Kro var ein mann som det ikkje var berre godt aa segja um. Baade han og sønerne hans var sidan fyr retten og vart dømde fyr tjuvri; dei hadde stole smale.

Anna Larstøl hadde fare vidt um og butt mange stader. Me ser her at ho hadde butt paa Leirang paa Nerstrand, og paa Røykjanes paa Umbo, og paa Kleppa i Hjelmelands sokni, fyrr ho kom til Larstøl. Det kann henda at folk ikkje fann det so reint urimelegt um ho og Per Kro gifte born i hop.

At saki ikkje er aa finna atter, kann hava mange grunnar. I futedømet var det den tid tvo skrivarar, og det hende ikkje so sjeldan at den eine gjorde tenesta fyr den andre. Daa skreiv kvar skrivar alltid saki inn i si eigi tingbok. Kom det so burt ei bok, so er det ikkje godt aa finna att sakerne. Saki kann og ha kome beint inn til lagmannen, og fyr dei aari det her gjeld, er lagmannsboki burte, det veit me. Men rekneskapen er til, og der hev me ikkje funne noko um Anna Larstøl. Dette skulde helst tyda paa at ho ikkje hev site fast eller lide nokor refsing; for det fylgde jamt utlegg med sovore. Ein skulde mest tru at ho døydde fyrr saki kom til endes; men noko visst veit me ikkje; for kyrkjebøker hev me ikkje fraa den tid, og korkje tingbøkerne eller rekneskapen nemner noko um det.

So kvast som denne saki var teki fraa fyrst av, og so namngjeti som Anna Larstøl ser ut til aa ha vore, skulde ein ikkje tru at saki elles døydde burt av seg sjølv. Allvisst ikkje i dei aari.

LISBET STAVA

Jon Henriksson Sinklar var borgar til Stavang, men budde paa Stangaland (ɔ: i Koparvik). Han hadde vorte uven med eit par folk paa Stava, og stemnde deim til fjordungs-tinget paa Storasund $^{13}/_{6}$ 1637. Han vilde hava Olav Stava, mannen, tiltala fyr skjelling, og Lisbet, kona, fyr trolldom.

Lisbet Stava hadde nokre aar fyrr vore under tiltale fyr lauslivna, men vart frikjend. Ho var visst ikkje av dei beste folki i si tid.

Um Lisbet Stava vart det ført mange vitne.

Guttorm Tjøsvoll fortalde at Lisbet kom til honom og bad um fisk 9 aar fyreaat. Han svara: „Eg hev inkje fisk.“ Ho sa: „Eg skal gjeva deg fisk atter.“ Daa svara han: „Eg bryr meg ikkje um dine gaavor.“ Dermed gjekk han ifraa henne og heim. Kona hans livde endaa den tid; ho kom heim fraa stølen nokre dagar etter og fortalde at den raude gjelken hans hadde lege daud paa slette marki; det var ein hest som var paa 5te aaret og verd mange pengar. Det var ikkje svolt han dauda av; for det var midt paa sumaren. Guttorm hadde aldri vore i trætta med Lisbet Stava, so han kunde kje godt tenkja det var ho som hadde gjort det heller. Eit aar etter stod viss-ølet (festarølet) hennar Margret Ysthus, syster hans, paa Tjøsvoll. Daa kom Lisbet Stava inn i eldhuset og bad Ingeborg, kona hans, um drikka. Ingeborg svara at ho ikkje kunde komast til ølet; for det var fullt av folk, og ølet laag i ein kleve som gjesterne daa sat i. Straks etter bad ho um drikka ein gong til. Daa svara Ingeborg: „Eg hev ikkje noko drikka aat deg; det er ikkje me som held gjesta-

bodet." Dette var sundag. Torsdagen etter vart Ingeborg liggjande; ho fekk ein sprengs sjukdom som kom braatt paa henne. Daa ho so laag og stridde med dauden, sa ho ein gong til Guttorm: „Eg er reint rædd d'er Lisbet Stava som hev sett dette paa meg." Han spurde kva grunn ho hadde til aa tenkja so. Jau ho hadde vore hjaa henne tvo gonger um sundagen og bede um drikka, men fekk inkje, og med det same hadde ho kjent at ho fekk vondt tvert yver seg. Lisbet bad henne ikkje sidan anten um mat eller drikka. Dette var det som kona hans hadde sagt fyrr ho døydde, og alt dette gjorde Guttorm eiden paa.

Baade Olav Stava og Lisbet stod og høyrde paa alle provi. Daa alle vitni var høyrde, vart dei spurde kva dei hadde aa segja til alt dette. Til vitnemaalet hans Guttorm svara Lisbet at hesten hans ikkje hadde dauda av uvit. Ho hadde aldri vore hjaa Guttorm Tjøsvoll eller kona hans eller noko anna menneskje og bede anten um fisk eller um drikka. Daa gjestabodet var, hadde ho ikkje naud paa aa beda um drikka; ho var sjølv bedi, likso vel som dei andre gjestabods-folk.

Maren Mannes fortalde at Lisbet Stava fyr 8 aar sidan hadde sendt dotter si til henne med ein grautambar. Ho aat tvo elder tri skeier av grauten; men daa fekk ho so vondt at det var som ho hadde fenge glodande eld i livet. No var ho ikkje det minste i tvil um at Lisbet hadde fenge noko vondt uppi grauten, og det hadde ho gjort med trolldoms-kunst og djevels-magt. Ho var stød paa at Lisbet var trollkjering. Sjølv vart ho liggjande 7 eller 8 vikor etter ho hadde smaka den grauten. Det gjorde ho eiden paa.

— Til dette svara Lisbet Stava at Maren Mannes hadde tvo gonger sendt noko spekk til henne. Det vart ho so fegi fyr at ho visste ikkje kor vel ho vilde gjera henne. So var det ein gong ho koka noko graut og sende dotter si til henne med ei bytta. Det var langt ifraa at ho tenkte noko vondt med det. Elles hadde Kristi Mannes og ete av grauten og fekk inkje vondt.

Aslak Liknes fortalde at det ein gong hadde kome noko vondt paa feet hans. Daa bad han Lisbet Stava koma og hjelpa, so sant ho visste nokor raad. Ho hjelpte og; men han visste ikkje kva ho bruka. Paa seinsten miste dei den eine kui; men han kunde ikkje leggja skuldi fullt paa henne.



— Til dette sa Lisbet at ho hadde bruka ei bøn til feet hans Aslak. Den bøni hadde ho lært or salmeboki, og ho var so:

„O evige Gud, som er alle menneskens skaber og bevarer, du som hjelpte og fødde mennesken og kvæg og forsørger smaa fuglar! Jesus, lat ingen snare falde paa jorden uden det er din vilje og venskap, du som haver omsorg for vores kjør og kalver, faar og gjeter, svin og gjæser. Gud bevare vaare kyr og kalver fra Djevelens trolldom og alle onde øyne. Jesus, lat dem vel trives og gangis for vaar herres Jesu Kristi navns skyld som blev fødd i en stald i Betlehem, og blev lagt i en krubbe paa høy og halm og havde der unge lam, at betegne og tilkjendegive os fattige folk dit eige offer. Hannem ske lov til evig tid! Amen.“

Rasmus Fertingstad: Fyr 10—12 aar sidan kom Helge, gjætledrengen hans, heim og fortalde at Lisbet Stava hadde vore i marki og bede honom sjaa vel etter lambi til husbonden, so dei ikkje kom i engi eller paa bøen deira. Gjorde dei ikkje det, so skulde dei faa sjaa kor det gjekk. Ei tid etter fekk lambi smalasjuken, og dauda paa ein maate som det var ynk aa sjaa; dei aat mold og jord, og var reint som dei var forgjorde. Presten, avlidne hr. Anders, bannstøytte alt det han kunde, um desse lambi; men daa han det hadde gjort, fekk han mein paa det eine auga. Rasmus torde ikkje leggja skuld paa nokon fyr dette; men det han hadde sagt, det gjorde han eiden paa.

— Til dette sa Lisbet at ho aldri hadde tala til gjætledrengen um dei lambi. Heller ikkje visste ho nokon ting anten um bannstøytingi eller um at presten fekk mein paa auga.

Andres Langaaker hadde ein gong kome gangande til Stava. Daa høvde han Tore, son hennar Lisbet, og bad um aa faa laana øyk yver elvi; men det fekk han ikkje. Dagen etter fanst han og Tore paa Fertingstad. Daa gav han Tore nokre vond-ord. Tore sprang paa døri, og med det same han fór, gav han dei ordi fraa seg: „Du skal visst faa lida fyr dette“. Dagen etter kom Tore til Langaaker; ingen visste kva han hadde der aa gjera; men næste kvelden vart kona hans Andres

---

Hr. Anders: Anders Aslaksson var prest paa Skutenes 1611 (og visst mange aar fyrr) til ikr, 1630.

braatt sjuk. Og sjuk hadde ho vore sidan. Det var uvisst um ho nokor tid fekk att helsa si. Elles hadde han og Lisbet Stava aldri havt nokor trætta med kvarandre.

— Lisbet Stava sa at ho visste ingen ting um at Andres Langaaker hadde bede son hennar um føre yver elvi.

Arne Hemnes hadde kravt Olav Stava kyrkjetiend ein gong med Fertingstad-kyrkja. Det kom til aa falla nokre ord millom deim. Daa han so kom heim, fekk han vondt og vart liggjande 14 dagar. Det var meinslegt nok, for det var midt i hardaste onnetidi. Den sjukdomen gav han Lisbet skuld fyr; ho hadde med sin trolldom og djevelsmagt sett det paa han. Det gjorde han eiden paa baade høgt og dyrt.

— Lisbet Stava sa til dette at ho visste godt Arne Hemnes gjekk ærend fyr hr. Hans, so ho kunde ikkje verta gali paa honom. Sjukdomen hans kunde ho ingen ting fyr.

Njell Dale hadde ein gong vorte harm paa Olav Stava og gjeve fraa seg nokre vond-ord. Dagen etter kom Lisbet til Dale med ei høybyrd som ho vilde gjeva han, endaa han aldri hadde bede um noko høy. Han vilde korkje hava eller sjaa det høyet, og bad drengen setja eld paa det. Daa kom Marit Tjøstheim til Dale, og ho bad um aa faa høyet. Ho tok det med seg heim og gav ei ku og tvo kalvar av det. Dei laag daude fyr henne snart etter.

— Til dette svara *Olav* Stava: Han gjekk ein gong til Skitnadal, og daa kom han framum Dale. Der stod kona hans Njell i løda, og ho spurde honom: „Hev de god tid paa fôr hjaa dykk?“ Olav svara: „Ja, Gud gjeve eg ikkje traut korn meir en fôr.“ Daa sa kona: „Gjev eg naadde løda dykkar, so eg kunde faa meg ein kalva-vondul.“ „Ja ikkje skulde han vera deg for god,“ sa Olav. Skirtorsdag gjekk Lisbet til Falnes-kyrkja, og tok so ei høybyrd med seg til Dale. Den lagde ho fraa seg i løda; for det var berre nokre smaaborn heime.

Marit Tjøstheim kom ikkje paa tinget, men Rasmus Austreim vitna kva ho hadde aa segja. Ho vedgjekk at ho fekk høyet og miste feet soleis som sagt var; men endaa kunde ho ikkje leggja skuldi paa Lisbet Stava; ho hadde mist fe baade fyrr og sidan.

Hr. Hans: Hans Jakobsson Bonde (eller Hans Bondeson som han sumtid skreiv) var sokneprest paa Skutenes 1631, døydde 1674.

— Lisbet Stava sa at ho visste ingen ting um vanlukka hennar Marit Tjøstheim.

Josep Gunnarsson hadde vore i baatstødi deira Stava 3 vikor fyre paaske. Daa kom Olav Stava roande til lands med noko fisk. Josep kravde honom fyr noko han hadde til godar, og fan fekk fisk fyr det. Same gongen var Jon Henriksson der og kravde Olav fyr noko han skulde hava. Daa sa Olav: „Naar du fær det eine lyt du og faa det andre.“ So vart det ei fæl skjelling. Lisbet skjelte paa Jon og kalla han mordar; Jon og Olav skjelte paa kvarandre og kalla kvarandre travar; men han kunde ikkje segja kven det var som fyrst tok til aa skjella.

Tore Grønningi tente hjaa Josep. Tore var ikkje paa tinget; men Josep vitna at han kunde segja det same som han sjølv hadde sagt.

— Olav Stava sa det var sant som Josep Gunnarsson og drengen hans fortalde; men det var Jon Henriksson som fyrst tok paa aa skjella. Olav svara'n og sa at han laug paa honom som ein trave. Daa sa Lisbet, kona hans: „Jon, De er rett ein speleg mann. Ikkje fær me kyrkjefred og ikkje strandfred fyr deg.“ Svara so Jon: „Tegjer du ikkje still, din troll-djevel der du sit, so skal det snart fara ein livande djevel i livet ditt.“ Daa svara Lisbet: „Daa er du ein mann-tynar fyr Gud, naar du vil ljuga livet av meg fyrr Gud vil taka det.“

Olav Syversson: Tvo dagar fyre paaske dette same aaret høyrde han paa kyrkjegarden paa Aakra at Henrik snikkar spurde Aslak Liknes kva han hadde aa klaga yver Lisbet Stava. Daa svara han: „Ymist hev eg høyrt, og ymist hev eg røynt.“

Olav Kristensson hadde og høyrt paa at Aslak Liknes sa dette paa kyrkjegarden.

— Til desse tvo vitnemaali visste Olav og Lisbet inkje aa svara.

Jon Henriksson Sinklar var klagar, men kom og fram og vitna. Han fortalde at Lisbet hadde kome til kona hans tri vikor fyre jol 1635 med ei halvkanna mjølk og ei mork smør, og det vilde ho hava pengar fyr. Jon skulde den tid hava 4 skill. hjaa henne fyr ein kamb, og so vart det kvitta. Etterpaa bad Lisbet kona hans etter mjød; men kona hans hadde ikkje tid til aa ansa henne. So gjekk Lisbet ifraa deim og inn til ei fatig kjering som budde der attmed. Der klaga ho seg at

ho hadde bede kjøpmannskjeringi um mjød, men inkje fenge. I det same kom tvo drengjer som tente hjaa Guttorm Tjøsvoll, med mjød som dei hadde henta hjaa kona hans. Daa let dei henne faa smaka. — Andre nyaarsdagen, 1636, kom Lisbet til deim og vilde faa 5 alner lereft paa borg. Det vilde han ikkje lata henne faa, av di det var annandag ny-aar. So spurde ho kona hans um ho ikkje kunde faa 2 alner; ho skulde faa att korn fyr det. Daa fekk ho dei 5 alnerne som ho fyrst bad um. Ei tid etter kom Lisbet Stava til kona hans med eit spann korn; det skulde vera fyr lereftet. Um eit bil sa ho: Mannen din er reint underleg; han gjev ikkje meir en 8 skill. spannet fyr korn, og eg lyt sjølv gjeva 10 skill. So vilde ho hava erter og sild fyr det same spannet, som ho og fekk. Tridje dagen etter fekk Jon vondt i munnen og halsen, og gjekk med det vonde ei 14 dags tid. Daa kom dotter hennar Lisbet og bad kona hans um aa faa laana ein hane. Det fekk ho og. Sidan vart Jon sengjeliggjande atter og laag 7 vikor, so hardt nedlagd at han kunde korkje eta eller drikka. So var det ein dag, nett daa han stod upp att av sjukesengi, at Olav Stava sjølv kom til honom og vilde borga ei tunna jærbukorn og ei halvtunna sild. Jon svara at han ikkje vilde borga det til honom eller kona hans; han hadde ikkje bata av handelen med deim, sa han, som dei baade kunde sjaa og høyra paa honom. Daa gjekk Olav paa døri, og sa ikkje farvel; men daa han var komen utfyre døri, gjorde han baade kremta og frynta. Den same natti fekk Jon ein spreng atter, so han var mest inni dauden. Ei tid etter kom Jon til Stava og kravde gjeldi. Daa sa Olav at han laut bia so lengje; han kom til aa taka baade livet og skuldi. Han kalla Jon ein trave og ein mordar. So ei tid etter styrde Jon drengen sin til Stava etter hanen. Daa sa Lisbet: „Ja so? skal eg ikkje hava 'an lenger?“ „Nei, du hev havt 'an altfor lengje,“ sa drengen. Daa han so kom heim med hanen, daa saag dei at det var skore 3 fjører av høgre vengjen og 9 fjører av halen, og under baae vengjerne ned-etter sidorne hadde dei plukka fjøri av. Dette hadde Guttorm Tjøsvoll og Olav Aakra set; men dei kunde ikkje segja kven som hadde gjort det. Med dyraste eid vilde Jon skulda Lisbet fyr alt det vonde han hadde lide. Ved trolldoms-kunst og djevels-magt hadde ho sett det paa honom, ho og ingen annan; det sa han baade høgt og skile.

— Til dette sa Lisbet Stava, at ikkje hadde ho bede kona hans Jon um noko mjød, og ikkje hadde ho fenge noko. Um den hanen vilde ho segja, at aldri hadde ho bede um nokon hane. Det var kona hans Jon som hadde klaga seg og sagt at hanarne hennar hogde kvarandre i hel. So var det ein dag dotter deira skulde framum deim med same ho gjekk eit anna ærend, og daa sende ho med henne ein hane; han kom til Stava eit bil etter jol, og var der til litt fyre paaske. Daa kom drengen hans Jon og tok hanen, so ingen av deim visste av det. Fjører som var avklipte eller av-plukka, visste ikkje ho noko um.

Retten spurde tingfolki kva dei vilde segja um Lisbet Stava. Dei svara at ho alltid hadde havt eit vondt ord paa seg fyr signing og lestr, og at ho var ei ymtekvinna.

Saki vart uppsett til raadleggjing. Dei skulde halda fram med saki paa den tidi og staden som dei styrande vilde setja. Same dagen vart Lisbet Stava sett fast.

Aattedags-dagen etter sette dei rett paa Dale og førde fram Lisbet Stava. Lagrettesmennerne var Rennesøy-folk, fraa Aske og Hauske skipreida. Det var Gunnbjørn Vaula, Mikkel Meling, Olav Ask, Kjell Finnshus, Svein Heigraberg, Jakob Voll, Lars Hogvaldstad, Svein Asmarvik, Olav Berge, Jon Austbø, Hans Austbø og Njell Rossnes.

Lisbet Stava stod fyr retten og sa at ho aldri hadde lært trolldoms-kunster, heller ikkje hadde ho bruka eller dregest med sovore. Det var ovundsfolki hennar som hadde sagt det paa henne paa Storesund. Dei hadde gjort ein dyr eid og sett sjæli si i pant, og daa vart det vel ikkje onnor raad en at ho laut missa livet i denne verdi. Ho vilde gjeva saki si til Gud og hadde inkje imot aa døy, berre styremagterne vilde lata henne faa ein mild daude.

Etter dette vedgjekk ho at ho knnde lesa fyr fe naar det gjekk og turkast upp og vantreivst. Sameleis kunde ho lesa fyr ovund og vreide og illskap o. m. Alt dette hadde ho lært av andre gamle folk. Ho visste ikkje at det fylgde noko trolldom eller djevelskap med det; det var berre dei nakne ordi. Ja so kunde ho lesa den bøni fyr anmarken som ho fyrr hadde lese upp. Desse lesingarne hadde ho aldri lært fraa seg; mannen visste ikkje at ho kunde deim, dess meir, endaa mindre hadde ho lært borni deim.

Ho visste at Aagot Tjøstheim kunde lesa fyr folk og hjelpa deim naar det var eitkvart som vanta. Ragnhild Nes kunde lesa fyr smott (som dei og kallar kreft). Vendel Langaaker kunde lesa i salt eller anna fyr deim som hadde vondt i augo.

Meir vilde ho ikkje ut med, det hjelpte korkje gode eller vonde ord. Ho vilde ikkje ljuga paa nokon.

Skuldingarne mot henne var no insette i tingboki, og sameleis svari hennar; men dei kunde ikkje berga livet hennar etter so mange vitnemaal, og helst sidan tri av vitni (Maren Mannes og Arne Hemnes og Jon Henriksson Sinklar) hadde svore med dyraste velferds-eid at det var hennar trolldoms-kunst og djevels-magt som hadde gjort deim sjuke.

Skrivaren Rasmus Andersson hadde samraadt seg med lagmannen og fenge det svaret at han visste ingi raad til aa berga livet hennar.

So fall domen.

Lisbet Stava hadde forbrote fe og fred, land og lausøyra og tilmed livet. Det skulde ho missa paa den maaten og med den refsingi som styremagterne vilde setja.

Korleis det sidan gjekk i lagmanns-tinget, fær me ikkje vita, for boki er burte. Endalykti paa saki fær me sjaa i ein rekneskap som fortel berre dette: „Lisbet Stava vart halshogd og let ingen ting etter seg.“

NJELL DRAGESON

Han var visst komen fraa Røldal fraa fyrste tid; men han hadde butt mange aar paa ein gard i Saud(ar) skipreida (i Hylsfjorden?). 1627 vart han dømd paa Saudar-tinget til aa bøta 10 dalar til kongen, av di han hadde krasa den eine armen hans Olav Grov i Røldal.

I 1640 budde han paa Sørstad i Suldal, hadde bytt seg til gards fyr ikkje mange aar sidan. Han var ein velstands-mann og aatte gods i ymse gardar.

Det aaret klaga suldalspresten Rasmus Mikkelsson paa honom at han var trollmann. Han hadde vorte usamd med presten og lova at han skulde faa lika fyr aatferdi si. Prestkona skulde hava barn, og det gjekk so hardt til at ho var mest inne i dauden. Barnet var daudfødt, og sidan hadde ho fenge minst eitt daudfødt barn til. Dette skulda presten Njell Drageson fyr. Han var stemnt til lagmanns-tinget $^{16}/_{6}$ 1640.

Der kom Aasmund Nordmork fram og vitna at Njell Drageson hadde vore hjaa deim fyr 4 elder 5 aar sidan, og daa kom dei til aa tala um ein hatt som presten hadde fenge fraa honom, men ikkje gjeve noko fyre. Det skulde verta presten ein dyr hatt, sa Njell; det høyrde kona hans og.

Lars Njærheim fortalde um Njell Drageson at han hadde vore paa Nordmork ein gong, og daa kom dei til aa tala um prestkona, at ho hadde fare so illa daa ho laag paa sengi. „Det fór vel det; Fanden kreistar mor si,“ hadde

---

Rasmus Mikkelsson var sokneprest i Suldal 1616—1650. Med 2dre kona si, Elen Jonasdotter, skal han ha havt 9 born.

Njell sagt. Men hadde presten havt vit til aa gjeva honom noko, so skulde ho sloppe lettare, sa han; for han hadde ein løysnings-linde. Dette hadde kona hans Aasmund Nordmork sagt til presten og medhjelparane i kyrkja. Han hadde sjølv høyrt paa det.

Haakon skreddar var fødd i Gottenborg, men han hadde butt i Suldal daa eit tjug aar. Fyr 6 aar sidan hadde Njell Drageson vore heime hjaa honom, og daa kom dei til aa røda um den hatten som presten berre hadde gjeve ein ringe ting fyr; men kona skulde faa lida fyr det naar ho kom i barnseng, hadde han sagt. Skreddaren hadde kome i trætta med Njell um ein skogteig, og sidan han kom uppi den trætta, hadde det gjenge gale fyr han paa alle vis. Han høyrde paa Njell og Aasmund Nordmork daa dei var i hop. Daa sa Aasmund til Njell: „Du veit du hev fenge ord for ei trolldoms sak som du ikkje hev fenge fraa deg enno; du kann taka vitne paa det eg segjer, um du vil.“ Til dette tagde Njell. „Ja daa skyt *eg* til vitnes,“ sa Aasmund; „Haakon skreddar og Kjetell Jordebrekk som sit her, skal vera mine vitne.“ Fyr eit aar sidan hadde skreddaren vore paa Braatveit, og daa høyrde han at Tormod Braatveit sa til Njell: „Du vert visst spurd um den boki du hev.“ „Ho er longe brend, ho,“ svara Njell.

Margit Askellsdotter vitna at mannen hennar hadde kome uppi ei trætta med Njell Drageson. So var det ein gong fyr ikring 6 aar sidan at ho sat i utdøri i Hylen (det var der dei budde), og fekk sjaa at Njell kom gangande. Med same ho saag honom, fekk ho vondt. Ho laut til sengs og fór illa sidan. Ikring eit aar etter kom Njell til deim atter. Daa sa han til henne: „Du skulde ikkje site i døri den gongen. Det var ikkje etla deg, det vonde som du fekk; det var mannen din som skulde havt det. Det var synd um deg; ein annan gong skal det ganga betre.“ Og det hadde gjenge betre, naar ho sidan fekk barn. Men Njell hadde sagt til henne at det skulde ganga illa med alle folk som vilde trættast med honom; for han var ein speleg kar.

Aasmund Nordmork kom fram og vitna ein gong til. Han laag og hadde vondt fyr 12 aar sidan. Daa bad han Njell Drageson gjeva honom raad fyr ryggverk. Han skulde faa ei tunna tjøra og ein sele, dertil ein dalar og ei langskjeft øks fyr umaken. Njell tok ei klypa med salt og lagde

paa ein borddisk; so sat han og hakka i det med ein kniv. Daa han hadde fenge det smaatt, tok han noko av det og gav honom og sa han skulde halda det i munnen til det braana; daa skulde han strjuka seg yver ryggen med det. Han gjorde so, men vart ikkje god av det. — Njell Drageson vedgjekk at han hadde gjenge til Aasmund, og at han ikkje kunde hjelpa honom. Kva han gav honom, vilde han ikkje ut med. Tjøretunna og selen fekk han; men øksi og dalaren hadde han ikkje fenge endaa.

Haakon skreddar fortalde um Leiv Straapa at han skulde gjeva Njell Drageson ein kjel, for han skulde gjera versyster hans god fyr ein andvekst (eit oksl) som ho hadde paa kroppen, og som ho døydde av sidan. Dette skal finnast i tingboki. — Njell sjølv vedgjekk at dette kvinnfolket hadde vore hjaa honom 8 dagar; men han kunde ikkje gjera henne betre. Fyrst sa han at han bruka ingen ting paa henne, men sidan kom han i hug at han hadde bruka orma-ister og bjørna-ister.

Tore Sørstad hadde kome i trætta med Njell Drageson fyr eit aar sidan fyr skuld jordabyte; han hadde ingen hug paa aa faa honom til granne, sidan han hadde slikt eit trolldomsord paa seg. Natti etter dei hadde trættast, fekk han so vondt at han gjekk reint fraa vitet. Han fór ut i marki i berre skjurta, og visste ikkje kvar han gjekk. Daa visste kona hans ikkje onnor raad en aa ganga til Njell midt paa natti. „Mannen min hev fenge so vondt sidan de kom i hop og trættast, og no veit eg ikkje onnor raad en at du lyt av stad og leita han upp atter“, sa ho. Daa svara Njell: „Gakk pokker i vald, di sladre-taska, eller so slær eg deg so du skal liggja paa marki.“ Daa gjekk ho sjølv og leita etter mannen; men ho fann han ikkje. Drengen deira fann honom. Etter den tid hadde mannen aldri havt helse-dag; men fyrr var han sterk som ein annan mann. — Elles kom det skrymt paa garden med same Njell kom dit. Tri vendor hadde det vore i ferde med eit av borni deira som var 8 aar. Det barnet hadde endaa ikkje helsa. Joletider fekk barnet sjaa tvo svarte spøkjelse, som kom ut or forstova hans Njell; dei saag ut som hundar eller kattar, og fór og søkte etter barnet. Det sette i aa skrika med ein gong, og daa kom foreldri ut og berga det. Kona hans Njell hadde sagt til kona hans Tore at ho laut koma i hug aa halda seg paa den minste enden. Dei hadde ikkje

havt heppa med nokon ting, so lengje Njell hadde butt paa garden. Vantrivnad og møda hadde det vore med alt.

Eivind Haugen hadde ein gong vore i gjestabod hjaa Njell Drageson. Daa var det mange som vart fulle, og dei hadde ei bok millom seg. Eivind spurde Njell um han ikkje vilde lesa eit stykke. Daa svara han: „Um eg vilde lesa so kunde ikkje du skyna det. Det er ei underleg bok; ein kann maalbinda ein mann naar ein les i ho."

Aamund Lunde og *Jakob skreddar* hadde tala med Olav Selland og kunde segja kva han hadde fortalt. Njell Drageson kom ein gong til Selland og sa til Olav: „Vilde du gjeva meg eitkvart, so skulde du rett hava heppa paa den jordi mi som du brukar." (Dette sa Njell Drageson at han hadde sagt berre fyr moro.) Olav Selland hadde fortalt at Njell sa det til honom: „Kjetel Jordebrekk er og leiglending under meg; han gjev meg noko, og so hev han noko. Men Ingeborg Haugen i Røldal ho hev ingen ting, so gjev ho meg ingen ting, og fær ingen ting. No hev du Olav 2 eller 3 bukkar; vilde du gjeva meg ein av deim, so skulde du faa heppa; elles fær du vanheppa." Sidan miste han bukkarne sine. Dette gjorde dei eiden paa.

Njell Drageson sa at alle desse provi var ovunds-prov; dei sa ikkje det som sant var. Og denne ovund kom seg ikkje av anna en trætta um aaker og eng, sa han.

Saki vart utskoti til krossmesse-lagtinget. Til den tid skulde futen senda inn alt det som fanst i tingbøkerne um dei frie kunsterne hans Njell. Og so skulde Olav Selland og Leiv Straapa greida ut paa heimetinget um det som her var vitna um deim.

Krossmesse-dagen (14. september) heldt dei lagmanns-ting paa raadstova i Stavang. Presten Rasmus Mikkelsson i Suldal hadde ikkje møtt fram; han hadde fenge ein annan i staden. Njell Drageson var heller ikkje komen; han sende Drage Njellsson, sonen, i sin stad.

Kva dei daa fekk høyra or tingboki fraa Suldal, kann me ikkje segja; tingbøkerne fyr dei aari er burte. Men til lagmanns-tinget sende Njell det bodet at vitnemaali mot honom ikkje var „rukkelause"; dei var komne av ovund og hat. Lagmannen og retten fann det daa klaart at han hadde truga prestkona i Suldal paa livet; han hadde beint fram lova henne

at det skulde ganga betre um ho vilde gjeva honom eitkvart. Presten kunde fortelja at ho gong paa gong hadde fenge daudfødde born.

Elles visste lagmannen mange ting som tala imot Njell, umframt det som hadde kome fram i vitnemaali. Til tvo ting hadde han ikkje vaaga seg fram og svara til si eigi sak, men heldt seg i skugg og skjol og bar paa den maaten saki med seg, som det stod i logi.

So fall domen.

Njell Drageson skulde fyr dei løynlege kunsterne sine og fyr onnor skjemdar-aatferd hava forbrote fe og fred. Sjølv skulde han ryma kongens land og rike og baae fyrstedømi. Fyrr 8 dagar var lidne etter domen hadde vorte lesen paa Sørstad so einkvar av husfolki hans høyrde paa det, skulde han vera ute or fylket.

Aasmund Nordmork som sjølv visste at Njell Drageson var trollmann, og endaa hadde søkt hjelp hjaa honom, skulde lida fyr det etter loglegt søksmaal.

— Den 24de november det same aaret var det ting fyr Suldals skipreida paa Sand. Daa hadde futen stemnt Kristi Olavsdotter, kona hans Njell Drageson, og vilde høyra kva odels- og pantegods ho aatte daa dei vart gifte. Det var Haugen i Røldal det, 1/2 laup smør, sa ho. So sa futen baade henne og dei som kunde hava eitkvart aa krevja i buet, til at dei fekk møta paa Sørstad den 12te april til vaars, daa skulde det vera skifte.

Daa dagen kom var skrivaren paa Sørstad, og futen møtte upp og skulde „annamma og taka“ det som fall paa mannen. Naar dei so hadde drege ifraa all skuld og rest paa skattar, vart det paa hans part av pantegodset og lausøyra 23 rd. 1/22 ort og 10 skill.; attaat dette var det odelsgods 2 pund smør i Sørstad. Den gongen fall det ein klatt paa kongen. Elles var det jamnast fatigfolk som vart dømde fyr trolldom; men i Sørstad-buet fekk dei i alt 73 rd 1/22 ort 10 skill. —

6 aar etter kom denne saki inn fyr herredag i Oslo. Njell Drageson hadde stemnt inn lagmannen Andres Matsson fyr domen, og han klaga paa at presten hadde stemnt saki fyr lagmannen og ikkje til hans eige verneting. Herredagsdomen gjekk ut paa at lagmannsdomen skulde gjelda, sidan det ikkje var klaga paa den same innan 3 aar var lidne.

Kvar det sidan vart av mannen, kann ikkje eg segja.

BERIT BJELLAND

Det var i 1640. 6 vikor fyre jol var det ting fyr Leirang skipreida paa Baustad. Daa hadde Nerstrands-presten Nils Matsson stemnt inn Berit Bjelland og klaga yver henne fyr aatferdi hennar i prestagarden. Ho hadde kome inn i huset og teke paa prestkona, og sa: „Kor kunde det hava seg at min son skulde skrivast og uttakast meir en dei andre?“ Daa svara prestkona: „Kvi kjem du yver meg med slikt? Ikkje er eg junker og ikkje kaptein, so eg kunde ikkje avgjera kven som skulde skrivast og kven som skulde sleppa.“ Daa spurde ho um ikkje Lars Leirang og Tormod Kalseim hadde vore hjaa deim etter pen og blekk daa dei skulde skriva upp son hennar i staden fyr ein annan.

Dess umframt vilde presten taka paa seg aa prova at Berit Bjelland var trollkjering.

Berit Kristensdotter var bondekona paa Bjelland, gift med Andres Olavsson Bjelland. Ho var komi fraa Vormestrand og var av gode folk. 1624 selde ho gods 13 1/2 mork smør i Vormestrand til systkini sine: Kristen Kristensson og Olav, Gunhild Kristensdotter og Maren.

Futen Kristen Andersson spurde no tingfolket um ikkje alt folk kjende vel til at Berit var namngjeti fyr trolldom.

Ting-aalmugen svara at i det seinste hadde dei høyrt mykje um dette; men Gud maatte vita kva som sant var.

Nils Matsson (Wegner?) var prest paa Nerstrand ikr. 1633—1650. Prestkona Maren Johansdotter var enkja etter raadmannen Sven Hansson daa han fekk henne.

Kari Espeland kom fram og svara paa spursmaal som dei lagde fyre henne. Ho kjende Berit, sa ho, og visste at ho hadde ei skeis tunga. Naar ho berre tenkte paa nokon som ho hadde agg til, so gjekk det gale med den same paa ei eller onnor vis. Um seg sjølv vedgjekk ho at ho var *synsk*. Siste vaaren, eit bil fyrr snøen gjekk av, hadde ho kome framum Leirang ein dag; det bar so til at ho hadde ærend den vegen. Daa var anmarken hans Lars Leirang sjuk, og Lars spurde henne um ho visste nokor raad fyr slik ei sykja. Daa fekk ho sjaa tri kjeringar som hadde si gonga i fjoset og mjolka kyrne hans Lars. Dette sa ho til mannen, og namngav kjeringarne, og baud seg til at ho skulde møta naar og kvar dei vilde, og gjera eiden paa det ho hadde sagt.

Johans Tveit kom fram og vitna at han fyr ei god tid sidan hadde kome i trætta med Berit Bjelland, og daa hadde det falle nokre harde ord deim imillom. Han laag nett paa langferd den tid, skulde paa Austlandet med nokre øykjer; men so vart han med ein gong liggjande, og med han var sjuk miste han tvo av øykjerne sine. Um det var Berit Bjelland som volde denne vanlukka, det kunde han korkje vita eller segja.

Meir vart det ikkje gjort med den saki paa det tinget; men ein maanad etter jol var det rett paa Baustad att. Daa hadde presten stemnt Berit ein gong til fyr det som ho hadde sagt til kona hans, og so var ho stemnd til aa høyra paa vitnemaal.

Lars Leirang og *Ingeborg*, kona hans, vitna at Berit Bjelland hadde vore paa Leirang ein gong vaaren som var, og daa hadde ho sagt at Maren, prestkona, hadde funne pen og blekk til Lars Leirang og Tormod Kalseim, so dei kunde faa skriva son hennar i utnemndi. Ingeborg hadde og høyrt henne segja at prestkona bad fyr dei andre drengjerne, men ikkje fyr son hennar. „Kor kann du no tenkja so vondt?“ hadde Ingeborg sagt. „Jau eg veit det“, sa Berit; „for eg vilde ikkje gjeva henne nokon stut, som dei andre gjorde“.

Tøres Bjelland vitna at han nokre aar fyreaat hadde vore i trætta med Berit. Daa var det ein dag han dreiv feet sitt til markarne, og daa fekk han høyra kor Berit banna honom. „Du miste tvo kyr i fjor; i aar skal du missa tri“, sa ho. Og soleis gjekk det. Um det var Berit som gjorde det, kunde han ikkje godt segja. — Sidan var Tøres Bjelland framme

mange vendor og klaga paa Berit, og alltid tok han upp atter det same som han her hadde sagt. Paa Sunnanaa i Vikadal, daa tinget var halde $^{27}/_{2}$ 1641, tok han det upp att so lagmannen høyrde paa det. Daa sa Berit at dei ikkje maatte rekna paa kva Tøres sa; for han var ovundsmannen hennar, og det kom seg ikkje av det grandet anna en at dei hadde vore i trætta um feet; det hadde jamt og samt kome inn paa den andre si mark.

Kirsti Bjelland, kona hans Tøres, vitna at ho fyr 8 eller 9 aar sidan hadde fylgt far sin, han Søren Eik, til sjøs ein dag. Daa raaka ho i Berit. Dei rødde saman eit bil, og daa sa Berit: „Vondt skal du lida so lengje du er i grannelag med meg.“ Sidan den tid hadde ho korkje havt heppa eller helsa; men um det var Berit som hadde gjort det so, det torde ho ikkje segja.

Tøres Bjelland kom fram atter og hermde etter ei farekvinna som heitte Berit („Deggo“); det var Berit Bjelland som hadde sett det vonde paa henne. Det hadde baade Kirsti, kona hans, og Hein Musland høyrt paa.

Hein Musland hadde elles meir aa segja. Fyr um lag 10 aar sidan hadde han vore nede i Tednalands-vaagen ein gong, hjaa Kristoffer Mikkelsson. Dei vart sitjande ei rid og drakk noko, og daa kom Hans Vevar inn farande. Han hadde mangt aa røda um, og m. a. sa han at Berit Bjelland var ei trollkjering. Elles var det fleire av det slaget paa Nerstrand, sa han. Vilde no Vaarherre spara honom so han kom att fraa Bergen med helsa, daa skulde dei rett ikkje alle læ aat honom.

Søren Eik hadde ein gong laant Berit Bjelland ein halv dalar, og den kravde han att nokre gonger fyrr han fekk han. Ein gong fall det nokre uvenlege ord millom deim, og eit bil etter miste han 3 øykjer og 3 kyr. Men han visste ikkje um ho var skuld i det; ho hadde ikkje lova noko vondt so han høyrde det.

Johans Tveit hadde fyr 15—16 aar sidan vore i eit brudlaup paa Vik. Der var Berit Bjelland og. Daa kom dei tvo i hop og trættast. „Du skal faa skam,“ sa ho. Straks etter vart han sjuk og laag til sengs 3 vikor, eller kanskje det var ein maanad. Han kunde ikkje lata vatnet. Og i den same tidi miste han 3 øykjer. Sidan ho hadde lova han vondt, visste han ikkje anna aa segja en at det var ho som var skuld i

vanlukka. So hadde Berit fyr nokre aar sidan sagt til honom paa Hustoft: „Du skal faa skam fyr det at du trætter med meg.“ Ikkje lengje etter miste han tri kyr. — Til dette sa Berit, at ho hadde ikkje meint anna med ordi sine en at mannen hennar skulde bruka log og rett, og daa skulde han faa lika fyr det han hadde gjort.

Osmund Seldal vitna at det hadde falle nokre harde ord millom honom og Berit Bjelland fyr 5—6 aar sidan; det kom seg av at ho hadde rive ned noko av bøs-garden hans. Daa sa Berit: „Vil du trættast med oss, daa skal du aldri ha havt verre folk aa med-dragast.“ Sidan hadde han havt motgang og lide vondt baade paa husi og paa helsa. — Eit bil etter lagde han attaat at Ingerid Rødn hadde vore hjaa honom og skulde gjera aat fyr det vonde han hadde. Daa sa Ingerid at det var Berit Bjelland som hadde sett det vonde paa honom.

Syver Smørdal kunde fortelja at Berit Bjelland og son hennar hadde kome til Smørdal ein gong fyr ikring 12 aar sidan. Daa kom det til aa falla nokre ord millom deim, og daa sa Berit: „Dette var skam av deg, og skam skal du faa. Du er den same som du alltid hev vore; du skræmde son min mest fraa vitet.“ Eit bil etter denne banningi bar det so til at kona hans datt og tok seg fyre med handi, og daa skambraut ho armen sin.

Dordi Olavsdotter fortalde at Gunhild Øvrabø ein gong seinste sumaren hadde kome ned til Kvam. Daa kom dei til aa røda um ei ku som hadde dauda hjaa Olav Kvam; ho høyrde Tormod Kalseim til. Daa sa Gunhild Øvrabø, at ho og ei med henne hadde bede innarleg til Gud at det maatte henda Tormod Kalseim eitkvart vondt. — Gunhild Øvrabø var fyr retten til svars, og sa at ho aldri hadde sagt dette soleis. Det ho hadde sagt um Tormod, var at Gud skulde gjeva honom lika fyr det at han alltid hadde forfylgt henne, og at Gud maatte attergjelda henne um ho var skuldug i det.

Hallvard Torleivsson fortalde at Berit Bjelland fyr nokre aar sidan hadde kome ut til Hustoft og vilde laana ein øyk til aa pløgja med. Far hans var ikkje heime nett daa, og *han* torde ikkje laana burt øykjen. Daa sa ho: „Øykjen torde fara verre en um de lét meg faa han.“ Dagen etter fór baade øykjen og ein dreng utfyre fjellet. Det var eit Guds under at dei ikkje gjekk til. Elles fekk no øykjen ikkje liten skade.

Gunnar Torleivsson hadde høyrt det same av foreldri sine; no var dei avlidne.

Gundhild i Vaagen fortalde, at Heming Andersson (son til Berit Bjelland) kom ut til deim i Lodshelleren med ei hud han hadde flaatt av ei ku som hadde søkkt seg ned i myri; det kunde vera ikring 5 aar sidan. Heming Andersson var sjølv i retten denne dagen; men den tid tente han hjaa presten, og kui var presten Nils Matsson si. Heming hadde spurt um hudi kunde faa liggja hjaa deim til morgons; var det so at presten vilde hava hudi, so skulde han faa ho. Morgonen etter sende Maren, prestkona, ein annan kar ut, han skulde flaa kui. Denne karen kom til deim og fekk vita kvar hudi var; han tok hudi og bar ho heim til prestagarden, og daa sa han til Maren at det var han som hadde flaatt kui. — *Torgjus Vaagen* sanna dette same som kona hans hadde sagt.

Maren Johansdotter, prestkona, kom fram fyr retten og sa, at daa ho fekk vita det var Heming som hadde flaatt kui, daa sa ho det til han: „Det var ikkje vent gjort av deg aa fara av stad aa flaa kui mot min vilje.“ Sidan gjekk Heming or tenesta, og tvo dagar etter han det hadde gjort miste dei tri kyr. Sameleis var det siste vaaren daa utnemndi hadde vore; daa kom Berit sjølv til prestagarden og tala til henne, soleis som fyrr er fortalt, og det var ikkje lengje etter fyrr dei miste ei ku. Ho kunde aldri anna tru en at det var Berit Bjelland som var skuld i alt dette; for det var alltid so at det gjekk illa med deim som ho hadde vorte harm paa.

Etter dette lagde *hr. Nils Matsson* fram eit langt innlegg; det vart upplese i retten og paaskrive, og so vart det lagt til sides til dess lagmannen ein gong kunde vera med i retten.

Andres Bjelland gjekk i borg fyr kona si og lova at ho skulde vera til svars kva tid dei vilde. Kom ho ikkje so skulde han sjølv standa i staden hennar. Med det slutta dette retts-møte.

$^{27}/_{2}$ 1641 var det ting paa Sunnanaa i Vikadal, og daa var lagmannen med. Daa var det mange som vitna imot Berit Bjelland.

Sigrid i Vaagen fortalde at Berit hadde kome til deim fyr tie aar sidan og vilde have mannen hennar, som endaa livde, til aa slaa aat seg. Det svara mannen at han ikkje kunde lova; han vilde heller til Olav Musland i slaatten, for han tenkte

han skulde faa vel so stor dagløn der. Tri dagar etter braut han den eine foten av seg, og med same det hende fekk han sjaa Berit Bjelland; ho reid framum.

Magnus Støla hadde fyr ei tid sidan vore i lag med Berit Bjelland i ei liti samkoma paa Sandene. Fyrr dei gjekk, sa Berit til mannen i huset: „Du Ingebret, vil du ikkje gjeva meg eitkvart fyr det at eg hev vore matmor hjaa deg?“ Daa sa Ingebret: „Her er nøgdi av drikka; tak til deg!“ Sidan vende ho seg til Magnus og sa: „En du daa? Hev ikkje du eitkvart til meg?“ Til det svara han: „Jau, vilde du koma med dei 6 skillingarne eg skal hava hjaa deg, so skulde eg rett sjaa um eg ikkje kunde finna eitkvart aat deg.“ Daa tagde ho; men straks etter gjekk ho fram og slo han paa munnen. „Du skal visst faa lika fyr dei 6 skillingarne fyrr du fer herifraa,“ sa ho. Eit bil etter gjekk han ut, og daa datt han beint i sjøen. Hadde det ikkje vore mannahjelp næme attved, so hadde han aldri kome upp att. — Han fortalde og dette: Han hadde vore med og ført bispen til Vikadal daa bispemessa hadde vore. Daa var Andres Bjelland og med paa baaten, og han heldt paa tinga med honom um ei tunna korn som han vilde byta til seg; han skulde faa att ei ku. Daa so Mons kom heim, vilde kona hans ikkje høyra gjete at han skulde selja det kornet; „for det er alltid so vondt aa faa pengar av Berit Bjelland,“ sa ho. So leid det av ei tid, og daa kom Andres heim til deim og vilde tala um det same kornet; men han fekk inkje. Eit bil etter hadde Berit Bjelland funne syster hans, og daa sa ho: „Bror din narra meg; det var illa at eg ikkje fekk det kornet.“ „Det er vel ikkje sagt at han raadde fyr det sjølv,“ sa systeri. Daa sa Berit: „Nei han tyktest vel hava kyr nok fyrr, um han ikkje fekk nokor fraa meg; men han skal visst koma til aa trenga kyr um ei stokkut stund.“ Fyrr aarsdagen var liden, hadde han mist nie naut og ein øyk og eit heilt kyrlag med smale.

Per Dysja fortalde at det hadde falle nokre vond-ord millom han og Berit Bjelland fyr 3 eller 4 aar sidan. Daa sa ho: „Du skal faa hin og den, skal du, baade fyr eitt og anna; du kjem til aa missa meir fyr mindre.“ Vaaren etter miste han ein fole og ei kviga.

Vigleiv Olavsson Raunes hadde fenge ei ku av Berit Bjelland,

og den miste dei med same ho hadde bore. Elles hadde ikkje han noko aa skulda Berit fyre.

Jostein Rosseid hadde ingen ting aa klaga paa Berit, og visste ikkje um nokor trolldoms aatferd.

— Paa fjordungs-tinget paa Hemnes $^2/_4$ 1641 vart det lagt fram 3 skrivne provs-setlar og eit brev som 23 mann hadde sett segl under.

Ho fekk domen den 14de mai 1641 paa Leirang. Skrivaren heitte Rasmus Hansson, og lagrettesmennerne var Tormod Kalseim og Per Espevik, Johans Tveit og Baard Aksland, Velas Hetland og Hans Nessa, Aslak Frøland og Jakob Kleiberg, Aanund Gurigjerd og Olav Amdal, Jakob Vik og Torgjus Maurland. Dei var det som dømde, og lagmannen Anders Matsson var med i raade. Presten hr. Nils Matsson og Maren Johansdotter, kona hans, var det som hadde lagt sak mot Berit Bjelland, av di ho med trolldoms-kunster hadde forgjort ei av dei beste kyrne dei hadde, og attaat mistenkte dei henne, at ho paa samme maaten fyrr hadde gjort ende paa 3 av kyrne deira. Johans Nordtveit og Mons Støla, Osmund Seldal og Tøres Bjelland og Kirsti, kona hans, hadde og prova at dei kvar paa sin maate var komne uppi uhema og vanlukka etter at ho hadde lova deim vondt, og alle desse gav henne skuldi fyr det vonde dei hadde lide. Det var daa ikkje onnor raad en at ho laut ganga sin dyl med ærlege kvinnor or same gjeldet, og det skulde ho gjera paa tingstaden i Leirang skipreida fyrr 10 vikor var lidne. Til dylskvinnor skulde dei ikkje setja nokon som hadde vitna imot henne, anten dei sjølve eller mennerne deira. Ho skulde sjølv etter logi gjera ein rett eid paa at ho aldri med vondemannen, Satan eller Djevelen, si hjelp hadde gjort noko menneskje vondt paa liv eller lemer, paa gods eller eigedom, og at ho ikkje hadde gjort nokor pakt med Satan, so sant Gud i himmelen vilde hjelpa henne til sæla og æveleg gleda. Den gode Gud skulde vera vreid paa henne og aldri miskunsam, um ho hadde gjort noko av dette. Denne eiden skulde dei kvinnor som vart sette til det, sanna med henne. Til dess skulde ho borga fyr seg sjølv eller faa andre til aa gjera det paa ein maate som saksøkjaren var nøgd med. Men prestfolki var nok baade rædde henne og hata henne; dei var ikkje nøgde med den borg som ho kunde setja, og daa laut futen taka henne og setja henne fast paa futagarden.

Den 4de juni det same aaret heldt dei rett paa Baustad. Fram kom daa Berit Bjelland og vilde gjera eiden. Futen hadde nemnt upp fyrst 10 kvinnor og sidan 9 til, og av alle deim skulde Berit sjølv kora ut 11. Dei som ho hadde med seg i retten, var daa Eli Lid og Kari Dalva, Torborg, kona hans Aanund smed, Mari Kvedland og Gunhild i „Bich“, Ingeborg Helgøy og Anna Hauga og Guri Tednaland. Fyrst las dei upp eiden fyr deim, og sidan spurde dei um dei var viljuge til, fyrst alle under eitt og sidan kvar fyr seg, aa sverja soleis: „Eg N. N. legg handi paa boki og set maalet til Gud og gjeng ved at eg ikkje veit rettare fyr Gud og mitt eige samvit en at den eiden som Berit Bjelland hev gjort, er rett, og at ho hev svara sant, og eg kann ikkje tenkja anna en at Berit er skuldlaus i alt som kjem ved trolldom, so sant hjelpe meg Gud og hans heilage ord og evangelium; han vere meg vreid og gram um eg lyg“. Daa dei fekk det spursmaalet um dei vilde sverja soleis, svara dei alle *nei*.

Daa sette Maren Johansdotter, prestkona, i og svor: „Gud fordøme meg um ikkje Berit Bjelland er trollkjering“.

Paa den maaten hadde Berit Bjelland vorte „dylbrosti“. Dermed vart det ikkje onnor raad en at futen fekk setja henne fast att til dess lensherren kom heim. Daa skulde saki hennar inn fyr lagmannen.

— $^{17}/_{6}$ 1641 heldt dei lagmanns-ting paa raadstova i Stavang, og der kom saki hennar Berit Bjelland fyre. Lagmannen tykte det var mange prov imot henne. Ho meinte at ikkje alle provi var gode. Tøres og Kirsti Bjelland var ovundsmennerne hennar, og det kom seg berre av det at dei hadde lege i trætta um aaker og eng. Johans Nordtveit hadde og vitna mot henne; men han hadde stole ei øks fraa Tala Skyld, og sjølv kunde han gjera aat fyr hestar. Alt dette sa ho, men ho hadde ikkje vitne paa det.

Dei spurde henne kor mange sylvbelte ho aatte. Ho svara at ho hadde eitt heime; men alt anna sylv hadde dei pantsett.

Lagmannen tykte endaa det vart mange prov imot henne. Han lagde stor vegt paa det at dei kvinnorne som var tilnemnde,

---

Tala Jørgensdotter var prestenkja paa Skyld; ho hadde vore gift med 1) Gunnar Mikkelsson (prest ikr. 1600—1627), 2) Lars Olavsson (prest ikr. 1628—1636).

ikkje vilde sverja med henne. Imot so sterke prov saag han seg ikkje syn med aa berga livet hennar. Han stadfeste domen same dagen.

Endaa ser det ut til ho hadde von um aa berga seg; ho fekk saki fram att endaa nokre gonger.

$^{3}/_{7}$ 1641 var det ting paa Leirang; daa førde dei baade gamle og nye vitne.

Tøres Bjelland tok upp att den fyrre skuldingi; men han lagde til at det var um hausten ho lova at han skulde missa 3 naut, og den same hausten miste han ei ku, men sumaren etter miste han tvo. Elles stod han fast ved kvart ordet han hadde sagt um dette. I andre maatar hadde han ikkje røynt noko vondt av henne, anten fyrr eller sidan.

Kirsti Bjelland tok og upp att det ho hadde sagt. Det same gjorde Baard Hustoft og Guri, kona hans Johans Nordtveit, og nokre av dei andre vitni.

Olav Silgjerd og *Svein Silgjerd, Hallvard Musland* og *Torstein Landraak* var dei næmaste grannarne hennar Berit. Dei vitna at dei aldri hadde høyrt eit ord um at ho var trollkjering fyrr det seinste halve aaret, etter ho hadde kome i trætta med prestkona.

Per Jensson, klokkaren, kom i retten med eit innlegg fraa presten. Innhaldet og tonen var den same i det som i det presten fyrr hadde lagt fram. Klokkaren hadde elles mange ord, og kunde ikkje halda seg anna han lagde seg uti vitnemaali. Futen laut styra han ut or tingstova, og det vart han reint fortroten fyre. Dei trudde han var drukken.

$^{27}/_{8}$ 1641 var det fjordungs-ting paa Hemnes. Daa førde dei vitne um Berit Bjelland.

Hallvard Musland hadde set ei av dei kyrne som Tøres Bjelland hadde mist; ho hadde volte nedfyre ein liten bakke og vorte liggjande i ein bekk og brote ryggen av seg. Det var i Tøres si eigi mark. Søren Eik sa at det var hans ku.

Mest alle vitne visste um at Tøres Bjelland hadde mist kyr. Ingebret Tednaland hadde greida paa ikkje saa faae; men dei hadde vorte liggjande i myrar og dike.

Søren Eik hadde mist ei ku paa Bjelland og ei heime paa Eik. Øykjerne som han hadde fortalt um, hadde han mist tvo aar fyrr. Det var son hans som førde heim øykjer og smale paa baaten hans Knut Eik, og daa dei kom midt paa fjorden,

kom det yver deim ein graae av sud-aust (andre sa det var ein storm). Ein av øykjerne vart daa so galen at han sprang beint paa sjøen og umkomst. Dette hende um hausten. Vaaren etter miste han ein i stallen, og um hausten det same aaret ein paa bøen. Han hadde vore av etter eit lass med hun og køyrt fort; han visste ikkje um det kunde gjort noko.

Johans Tveit svara paa spursmaal at dei tvo øykjerne som han hadde vitna um, dei miste han um vinteren straks fyre paaske. Det var 8 dagar imillom. — Sumaren etter — Kristi himmelferds bil — miste han tri kyr; dei fór ned ein moldbakke og utfyre ei ufs.

Ein dreng og ei gjenta or prestagarden vitna at det daa var paa 5te aaret sidan hr. Nils miste tri kyr halvonnor vika fyre kyndelsmyss. Ei ku miste han siste sumaren 14 dagar etter olsok. — Sume andre visste um mange som hadde mist baade kyr og øykjer; men kva dei dauda av, var ikkje so godt aa vita.

Futen spurde ting-aalmugen fraa Nerstrand um dei no hadde meir aa segja paa Berit Bjelland. Daa svara alle nei.

$^{27}/_{9}$ 1641 var det fjordungs-ting paa Hemnes atter. Daa førde futen fram Berit Bjelland og vilde hava dom og greida paa kva daude ho skulde lida. Retten kunde ikkje skyna at dei vitni som sist var førde, hadde vore so gode og so avgjerande at dei kunde berga henne. Dei dømde at ho skulde lida paa livet, og det paa den maaten som dei bruka med trollkjeringar: baal og brand. So sant ikkje lensherren skulde finna paa noko anna naar han kom.

Kva lensherren sa um saki, hev me ikkje set; men Berit Bjelland vart halshogd. I rekneskapen fyr 1641—42 er hennar lut i buet rekna til innkoma; det var 30 rd. 3 ort 16 skill. Men so var det og nokre utlogor. Ho hadde site fast 21 vikor, og kostpengarne var 21 rd. Meistermannen fekk 5 rd. fyr rettingi, og 1 ort hadde det kosta aa faa rettar-øksi slipt.

BOTHILD LID

Ei farekjering og trollkjering, heitte Kari Espeland, var med og vitna paa Berit Bjelland den 13de november 1640. Daa fortalde ho um seg sjølv at ho var synsk, og at ho hadde set paa Leirang tri kjeringar som hadde si gonga i fjoset hans Lars. Ho namngav deim og; dei var fraa Nerstrand alle tri og heitte Bothild Lid og Giske Sørtveit og Anna Musland.

I dei dagar var det reint spelegt aa faa mistanke paa seg fyr trolldom. Folk let ikkje slikt sitja paa seg utan dei nøyddest til. Mennerne aat desse tri, Hein Musland og Per Sørtveit og Helge Lid, løyste kongsstemna (eller „junker-stemna") og stemnde Kari Espeland til vaartinget den 22de januar 1641; ho skulde faa lida fyr det ho hadde sagt, meinte dei.

Kari Espeland kom paa tinget og stod fast paa det same; ho hadde ikkje sagt meir en ho hadde set, let ho, og det kunde ingen meinka henne.

Det var vinteren fyreaat ho hadde set deim i fjoset. Ho saag deim tidleg um morgonen; men kva dei gjorde der, og um dei kunde noko med trolldom, det kunde ikkje ho vita. Det ho hadde sagt, hadde ho set, og det var ingen som størde henne til aa segja det eller koma med klaga paa desse kjeringarne.

Paa tinget vart aalmugen spurd um det var nokon som kjende til at desse 3 var haldne fyr trollkjeringar. Daa svara presten Nils Matsson og mange av ting-aalmugen at dei vel visste um baade Bothild Lid og Giske Sørtveit at dei lengje hadde havt eit sovore ord paa seg; men Anna Musland hadde dei aldri høyrt det um fyrr daa i det allra seinste.

Mest hadde folk aa segja um Bothild Lid.

Olav Amdal kom fram og vitna at Helge Lid hadde kome til han ved Bakkavik fyr nokre aar sidan og klaga seg saart yver den kjeringi han budde med; ho var ein rein djevel, hadde han sagt. Han kunde ikkje liva saman med henne lenger, men vilde fara beint til bispen og faa skil paa det. — Det same hermde Olav Topnes etter Helge. „Den kjeringi tek baade vit og sans fraa meg,“ hadde han sagt, og daa vilde han taka tvo mann med seg og fara beint ut-til bispen og faa lov til aa skilja seg med henne. — Elles hadde Olav Amdal meir aa fortelja. Fyr tvo aar sidan hadde han ein gong bede baade Helge og Bothild heim til seg. Daa sat Bothild og rødde med Hallvard Musland og Per Klungtveit um kor mykje ho hadde tent det siste aaret med god styrnad. Ho hadde tent tjuge dalar i pengsverd. Daa sa Hallvard Musland: „Ja hev du drege so mykje av dei faae kyrne dine, so maa det vera med svarte kunster, og ikkje med nokon god manns hjelp.“ Dette same vitna og Per Klungtveit.

Jakob Vik fortalde at han og Helge Lid hadde kome i trætta med kvarandre fyr ei tid sidan. Medan dei hadde denne trætta, var det ein gong han raaka uti Bothild Lid ved Stranden og ved Kummerneset. Ho tok han avsides og spurde kvi han aldri hadde gjeve henne noko fyr at ho hadde set til Helge. Dette log Jakob aat. Daa sa Bothild: „No skal det ganga ut med deg fyr aalvora.“ Han spurde um det var so at ho vilde han skulde lida fyr alt. So tok ho han i handi og sa at det kunde han lita paa. Snart etter miste han ei graa merr. Kvar gong han hadde vore i trætta med deim paa Lid, hadde det kome uheppa yver han. — Jakob hadde og meir aa segja. Han hadde set paa ein gong i Nerstrands kyrkja daa Bothild Lid gjekk til altars, det kunde vera ei tri aar sidan: med same ho reiste seg fraa blæja og gjekk fraa altaret, daa tok ho turkekluten og heldt upp til munnen, og sidan turka ho seg yver augo med den same kluten. Kvelden etter spurde han henne kvi ho gjorde dette. Jau, det var fyr dei klene augo sine ho gjorde det, svara ho. — Til dette sa Bothild sjølv at ho heldt noko av vinen i munnen og sputta det ut i turkekluten og smurde augo sine med det same. Ho hadde lært av mor si aa gjera so; for ho og hadde veike augo.

Hallvard Sand hadde vore saman med Bothild Lid i eit

lag paa Bakkavik fyr nokre aar sidan. Daa rødde dei um mangt og mykje, og Bothild kom til aa tala um alt det smøret ho hadde samla. Um dei vilde knoda full den stova dei sat i, med smør alt upp-under ljoren, sa ho, so var det ikkje naame nær so mykje som det ho hadde drege. Daa sa Hallvard til henne: „Hev du drege so mykje smør, ikkje fleire kyr en du hev, so maa det vera med Djevels kunst." — Til dette vitnemaalet sa Bothild at Hallvard laug. — Men Hallvard fortalde um avlidne Aamund Vik; han hadde sagt det til henne ein gong at ho ikkje skulde banna; daa sputta ho paa ryggen hans og teikna noko med handi.

Andres Sandvik hadde fyr 9—10 aar sidan vore i lag med Bothild Lid paa Vik. Av det som dei daa rolsa og rødde um, kunde han minnast at ho kunde samla smør og ost nok, um ho so budde paa eit fløskjer. Daa hadde Andres sagt til henne: „Skam faa du fyr det, din troll-djevel; tak vitne paa det eg segjer, um du vil." Sidan fekk han ein livande gand i seg, og han hadde etter den dag aldri havt heppa med seg, kva han so hadde teke seg fyre.

Hein Musland hadde vore paa Lid fyr ei tid sidan og kravt 4 dalar fyr varor som han hadde borga paa deim. Daa sa Bothild m. a. at han skulde faa ei ulukka fyr alt det ølet han hadde tappa til mannen hennar. Andre hausten etter miste han ei jegt som var fyllt med varor; det var med harde naudi at folki hans fekk berga livet.

Margit Tveit hadde vore i huse hjaa Helge og Bothild den tid dei budde paa Musland. Daa hadde det bore so til ein gong at det vart trætta millom dei tvo sjølve, og so hadde Bothild sprunge av aat budi og lagt seg i sengi. Morgonen etter daa ho kom inn atter, var ho fæl aa sjaa, upp-hovna og truti i andlitet. Sidan kom det ein mann heitte Baltzar og skulde gjera aat, og daa sa Helge til han: „Eg meiner det er Hinmannen som hev kasta dette paa henne." „Ja er det so, daa skal Hinmannen og taka det av henne att," sa Baltzar, og dermed treiv han ei bok og gav seg til aa lesa.

— Seinare, daa fjordungs-tinget var, kom det fram nokre som vilde vitna til bate fyr Bothild Lid. Olav Topnes og Knut Topnes vitna, at so lengje kona hans Aamund Vik hadde butt i same grannelaget, hadde ho ikkje visst nokon ting aa skulda paa Bothild eller klaga henne fyr.

Bothild fekk dom den 14de mai 1641. Det var mykje tøys som hadde gjort henne namngjeti med stygg tale og vonde gjerningar. Um ein ikkje vilde leggja stort merke til alt og tru at ikkje alt var so vondt meint som det var sagt, so var det ein ting som var verre en alt: at ho hadde misbruka Herrens heilage nattverd. Um det hadde lagmannen samraadt seg med bispen Wegner, og bispen hadde sagt at slikt kunde ikkje ganga utan dei kyrkjelige herrar fekk segja si meining. Det vart paalagt futen at han skulde stemna henne til Kapitels, so dei kunde faa høyra kva kyrkje- herrarne vilde segja, og faa ein rett dom um dette. Daa laut Bothild Lid borga fyr at ho skulde koma til Kapitlet. Stein Jelsa og Per Kjølvik gjekk i borg fyr henne. Sjølv skulde dei føra henne til Kapitlet, og um ho fekk ryma av so skulde dei lida sjølve i hennar stad.

Ho kom til Kapitlet, og der dømde bispen og medbrøderne hans, at aatferdi med sakramentet var skamleg og avstyggeleg Guds-hæding.

Den 17de juni 1641 kom saki fyr lagmanns-retten. Baade den orskurd som Kapitlet hadde gjeve, og vitnemaali paa heimetinget um trolldom, og skotsmaalet som presten og grannarne hadde gjeve henne, gjorde so mykje at lagmannen ikkje kunde anna en døma henne av med livet. Eigedomen hennar skulde vera fallen til kongen,

Tri vikor etter vart ho halshogd, og hovudet vart sett paa ein stake.

Meistermannen fekk 5 dalar fyr sitt bry, og kongen fekk midelen; det var 23 dalar.

I lagmanns-tingboki vart det sett inn at ho var av prestaætt. Ho var dotter aat ein prest, og hadde vore gift med ein prest, og ho hadde ein bror som var prest.

Den presten som var far til Bothild Lid, maa visst ha vore Peder Pedersson i Vikadal, som truleg døydde ikr. 1600. Den presten som ho hadde vore gift med, veit me ikkje namn paa. Han hev vel vore hjelpeprest i Vikadal eller Nerstrand og døytt tidleg. Mor til Bothild heitte Geirtrud; ho døydde 1624 paa Ølfarvik. Daa var Bothild gift med Helge Lid. Systkini hennar (ervingarne til mor hennar) var: 1) hr. Nils Pedersson som

var prest i Vikadal ikr. 1601—1640. 2) Peder Pedersson var gift med Helga Jensdotter og budde paa Kjølvik i Jelsa sokn. 3) ei syster hadde vore gift med presten Peder Mølgaard; men han var daa avliden; ervingarne var ein son og ei dotter. 4) ei syster var gift med Knut Ølfarvik i Nerstrand. Bothild Lid hadde ei dotter som var gift med Asgaut Borgenvik; men um ho var dotter til Helge Lid, er uvisst. Helge budde fyrst paa Musland, men flutte sidan til Lid. Han var ingen god mann; hadde tidt saker paa tinget, og laag i trætta med mange.

Dei andre tvo som Kari Espeland hadde set i fjoset paa Leirang, vart frikjende. Det hadde dei mest Kari Espeland aa takka. Ho hadde site i stova hans Svein Sæbø i Hjelmeland og rolsa um trollkjeringarne, og daa kom ho til aa segja at Anna Musland var fri i dette stykke. Nokre menner som høyrde det, vart stemnde til tinget paa Nerstrand og vitna det same fyr retten. Daa dømde dei at Kari Espeland „var tvihermd“, tala med tvo tungor i ein munn, og daa kunde dei ikkje lita stort paa noko av det ho hadde sagt. Hein Musland var handlar og truleg ein velstands-mann; han var til vens med presten, og kona hans fekk godt skotsmaal. Dermed dømde dei Anna Musland fri, og Giske Sørtveit fylgde med i den same domen, endaa skotsmaalet som Nerstrands-presten og ting-aalmugen gav henne, ikkje var betre en det vel turvtest. Det hadde ikkje kome fram noko prov um at desse tvo hadde drive med trolldomskunster eller kokling. So vart dei fridømde $^{14}/_{5}$ 1641.

At trollkjeringar drog smør og mjølk or kyrne aat andre folk, hev dei trutt lengje. Til alt det som kjem fram i desse og andre trolldoms-saker, kann me fortelja kva segni segjer um *trollkniven*.

TROLLKNIVEN

Øvst uppe paa Jæren budde ein mann som hadde ein trollkniv. Han hadde ervt 'an etter far sin, og faren hadde sjølv gjort kniven. Kvar jolaftans-kveld tok han eit jarnstykke i handi og gjekk tri gonger andsølt kringum husi. Kvar gong han hadde gjort det, hogde han ein bite av jarnstykket, og den biten gøymde han. Daa han so hadde tolv jarnbitar, tok han og sveisa deim i hop og gjorde kniven av jarnet. Med den kunde dei prøva um ei kona var trollkjering.

Dei fekk lite mjølk av kyrne, og mannen var halvrædd at det var ein trollkatt som drog mjølki or deim um næterne. So ein kveld fekk han tausi med, og dei sette seg i fjoset paa lag og lying. Dei hadde lykt, men den breidde dei eit plagg yver, so dei ikkje skulde skræma trollkatten.

Dei sat lengje og venta; men rett som det var høyrde dei noko som tusla. So tok dei braatt av plagget, og daa kunde dei sjaa trollkatten; han sat under ei ku, liten og rund. Med same det vart ljost. trilla han seg ut i fjosgangen og vilde ryma. Mannen tok den eine treskoen av seg og kasta, og jamen raama han katten; han sette i eit kvast skrik.

Naar trollkatten mjølka kyrne, so visste dei at han gjekk paa loftet til trollkjeringi med mjølki. Alle trollkjeringar drog utruleg mykje smør; men i det smøret var alltid blodstrimor midt inni.

No galdt det aa faa vita kven som aatte katten. Mannen hadde mistanke til ei kjering i grannelaget, og paa ein eller annan maate fekk han tak i eit smørstykke som var kome fraa henne. So tok han trollkniven og skar i smøret og stakk kniven

fast inn i veggen; daa visste han at kjeringi ikkje fekk livande fred i huset sitt, um ho var den rette.

Daa det leid av et bil, kom kjeringi stilt gangande inn gjenom døri. Ho gjekk beint aat omnskraai og sette seg, og sa ikkje eit ord. Daa det leid paa, gav ho seg til aa naudbeda at mannen maatte gjera so vel og taka kniven ut or veggen, so ho kunde faa fred. Mannen tykte synd i henne og tok kniven, og daa gjekk kjeringi. Ho hadde havt brennande hug til aa hemna seg; men det torde ho ikkje, for han raadde fyr livet hennar.

— Andre fortel at trollkniven var gjord paa ein annan maate. Naar dei skar med ein slik kniv i eit smørstykke som ei trollkjering hadde reidt, kunde dei alltid sjaa blodstrimor.

Ein annan stad paa Jæren var det ei kona som sume hadde mistankar til; for ho drog so utruleg mykje smør og mjølk. Andre tok henne fri og sa at det var berre ovund naar dei mistenkte henne. So fekk dei tak i eit smørstykke fraa henne og vilde faa vissa um dette. Jau, jau! daa dei skar i smøret, daa blødde det.

KARI ESPELAND

Truleg var det Espeland i Hjelmelands sokn ho hadde namn etter; men me kann ikkje sjaa at ho hadde nokon fast bustad. Ho var ei „farekvinna“ og fór ikring i bygderne, baade ho og mannen. Ho skyna seg paa sjukdom, helst naar det galdt fe. Mange folk henta henne til seg naar det var eitkvart som vanta buskapen. Som alle kloke kjeringer skulde ho daa fyrst finna ut kvar sjukdomen var komen fraa. Det var ho framifraa glup til, av di ho var *synsk*, som ho sjølv sa. Difyr kunde ho og vitna um det som ingen hadde set.

Fyrste gongen som ho gjorde seg namngjeti, var daa Nerstrands-presten hadde lagt trolldomssak mot Berit Bjelland. Daa kom ho fram, som fyrr er sagt, og vitna mot henne og fortalde um 3 kjeringar som heldt seg i fjoset paa Leirang og mjølka kyrne. Dette vitnemaalet vart paa ein maate upphav til mange trolldoms-saker; Berit Bjelland og Bothild Lid vart dømde, Giske Sørtveit og Anna Musland vart frikjende, og Kari sjølv vart tiltala og dømd. So den gongen bar ho nok ris til sin eigen ende.

Daa dei store trolldoms-sakerne var fyre ikring 1640, var det mest som trollskapen fyllte all lufti. Det eine galne leita det andre upp. Baade paa Nerstrands-landet og i bygderne der ikring var det mange som gjekk i faare. Naar dei spurde ein etter ei trollkjering, kunde den same fortelja noko reint anna, og dette andre fekk dei sumtid bruk fyr sidan, so det vart til skade fyr folk som ingen fyrr hadde mistenkt.

Fyrstundes ser det ut til at dei gjerna tok imot hjelp fraa Kari Espeland til aa faa vitnemaal imot andre; men daa det leid

paa, fekk dei sjaa at ho ikkje var aa lita paa, av di ho var „tvihermd“ og tala med tvo tungor i ein munn. So lagde dei sak mot henne.

Hennar sak er innvovi i ymse andre trolldoms-saker, og difyr er det berre smaastubbar me fær vita um henne.

Torstein Landraak fortalde paa eit ting at Kari Espeland og mannen hennar hadde kome til deim ein kveld og bede um hus. Det var um vaaren. Morgonen etter skulde kona hans ut og atla*) aat feet. Det var fyrr Kari og mannen var gjengne, og Kari bad um aa faa vera med aat fjoset. Det fekk ho, og daa dei so hadde gjort fraa seg i fjos og løda, gjekk kona hans inn; men Kari vart standande attmed fjosveggen. Gjekk so kona hans burt-aat og vilde sjaa kva ho hadde fyre seg, og daa sa Kari: „Eg stend her og ser paa at dei er ikkje alle gode som bur hjaa deg.“ — Det skulde vera til prov paa at ei onnor var trollkjering; men dette og andre slike vitnemaal vart orsak til at det kom klaga paa Kari.

Ho var ei rampa som rødde um alle ting og tyktest hava greida paa alle ting. Trolldom skyna ho seg betre paa en nokon annan, og det var visst mange som hadde tiltru til denne *synske* kjeringi, alt til dess ho sjølv vart tiltala. Daa hadde ho ikkje mange vener; ein kann godt skyna at dei var ikkje faae som hata henne fyr sumt ho hadde sagt um deim.

Futen spurde henne um ho kunde gjera aat anten fyr folk eller fe. Daa svara ho at ho hadde vore hjaa Anna Larstøl og lært korleis ho gjorde naar ho vilde hava ein uven til aa bliva paa sjøen. Sameleis hadde ho lært korleis ein skulde faa egtefolk til aa liva uforlikte.

Elles var det ei onnor farekvinna som hadde sagt um henne at ho hadde lært Djevels kunst daa ho var 7 aar.

Ho vart dømd utlæg $^{14}/_{5}$ 1641. Innan 4 dagar skulde ho vera ute or fylket, og innan 6 vikor or kongens land og rike. Vart ho funni etter den tid i fylket eller landet, so skulde ho lida paa halsen.

Sidan er soga hennar lik mange andre sogor um fredlause. Ho kom seg ikkje av, og so vart ho sett fast $^{13}/_{11}$ 1641, og sat i fangehol 20 vikor. Truleg hev det vore klagemaal og

---

*) *atla* = etla. Aa laga til aat kyrne det som kvar skal hava, vert enno paa dei kantar kalla *aa atla*.

rettsmøte og ny dóm; men bøkerne som dette skulde finnast i, hev ikkje eg set. $^{2}/_{4}$ 1642 vart ho halshogd. I rekneskapen fyr 1641—42 vert det fortalt um endalykti paa soga hennar: Fyr Kari Espeland hev dei havt utlegg til meistermannen 4 rd., og til skjersliparen fyr rettarøksi 1 ort, og so kost til henne $^{13}/_{11}$ 1641—$^{2}/_{4}$ 1642 13 rd. 1 ort 8 skilling.

GURI SKORPE

Naar dei hadde fenge tak i ein trollmann eller ei trollkjering, var det jamt so at det kom upp eitkvart um andre. Sumtid var det trollkjeringarne sjølve som klaga paa andre, og sumtid var det andre folk som meinte at det no var rett tid til aa letta hjarta sitt med noko som dei visste um andre. I desse sakerne galdt det fullt ut at „det eine leita det andre upp.“

Medan dei heldt paa og leita etter vitne paa Berit Bjelland og Bothild Lid, var det ein mann og ei kona paa Skorpe som kom paa at grannekona deira visst var trollkjering. Ho heitte Guri Skorpe. Grannekona heitte Birgit, og mannen som Birgit no budde med, heitte Knut. Desse tvo kom med klaga paa Guri Skorpe; ho hadde ein gong fyr mange aar sidan kome inn i eldhuset deira og teke ein ting av elden og bore det ut paa ein knivsodd. Knut Skorpe kom paa Vikadalstinget $^{27}/_{2}$ 1641 og vilde hava fram stykdotteri og styksonen til vitne; dei var 13 og 11 aar den tid daa dette vart teke av elden.

Olav Alvstveit og *Johans Tveit* hadde høyrt av fyrste mannen til Birgit Skorpe, at sidan Guri tok dette av elden hadde dei ikkje havt heppa med nokon ting der paa garden.

Kari Espeland hadde sagt til kona hans Knut Helle at den vanlukka som dei hadde med feet sitt, den hadde dei Guri Skorpe aa takka. Dei hadde lide stor skade paa buskapen baade fyrr og etter dei høyrde dette. Det vitna Knut Helle.

Syver Helle visste ingen annan ting aa vitna i denne saki en det som han hadde høyrt av Birgit Skorpe og mannen hennar.

Baard Torleivsson Hustoft fortalde at Kari Espeland hadde vore hjaa deim aaret fyrr, og daa hadde ho sagt at Guri Skorpe var ei av dei vonde kjeringarne paa Nerstrand. Det gjorde han eiden paa.

Sidan, daa fjordungs-tinget var halde paa Hemnes $^{2}/_{4}$ 1641, daa slapp *Knut Skorpe* til aa vitna. Njell Oddsson, stykson hans, som no var 22 aar, hadde fortalt at daa han var 11 aar gamall, daa saag han at Guri Skorpe kom inn og tok noko av elden og bar det med seg ut paa ein knivsodd. Det same hadde Sina Oddsdotter sagt at ho hadde set paa fyr 11 aar sidan. Ho var no 24 aar.

Guri Skorpe svara til dette at dei tvo ungdomarne vitna soleis som verja vilde hava det, og ikkje det som sant var.

Domen um Guri vart avsagd med ein gong etter raad og samtykke fraa lagmannen. Birgit Skorpe hadde inkje andre prov funne um Guri en sine eigne born og so Olav Alvstveit og Johans Tveit som vitna etter bygda-røl, og Knut Helle som hermde etter kona si det ho hadde høyrt av Kari Espeland. Kari Espeland var den same dagen dømt til aa ryma land og rike, so henne var det ikkje mykje sæt paa, og dei andre vitni var for veike til aa fella Guri etter. Det vart ikkje onnor raad en at futen fekk stemna inn kona hans Knut Helle, og elles alle deim som kunde segja eitkvart visst um Guri Skorpe; sidan fekk dei fara fram etter log og rett.

Um dette vart gjort, kann me ikkje sjaa i tingbøkerne. Visst veit me at det ingi refsing vart. Langt fram paa hausten det same aaret var det Guri Skorpe som stemnde grannfolki sine til skipreids-tinget, paa Leirang fyr det som dei hadde sagt paa henne. Ho hadde lide mykje vondt fyr det same; m. a. vilde presten ikkje taka henne til altars. Paa tinget spurde dei tingfolket um det var nokon som hadde høyrt eitkvart usømelegt um Guri Skorpe, eller hadde noko sers aa klaga paa henne. Knut Skorpe og kona hans sa at dei inkje hadde aa klaga anna en det som dei hadde kome fram med i retten. Aalmugen hadde ingenting vondt aa segja. Daa dømde dei, at sidan Birgit Skorpe ikkje hadde tala paa denne saki „paa friske føter“, og ikkje ført uskylde prov, so skulde Guri vera fri fyr tiltalen deira. Knut og Birgit skulde gjeva henne 3 dalar i kost og tæring.

SLOTTE-SVEIN OG NOKRE TIL

Slotte-Svein er det syrgjeleg lite me veit um; — me veit ikkje eingong visst um namnet heller skulde skrivast „Slaatte-Svein.“ Han høyrde heime i Skyld eller Vats ein stad, og var ein namngjeten trollmann i Karmsunds-bygderne. Han kunde gjera aat fyr mange slag sjukdomar, helst paa fe. I aaret 1641 sette dei han fast og tiltala han fyr trolldom. Han sat fast 12 vikor og vart dømd til aa brennast. Alt det me veit um saki og domen, er det som rekneskapen segjer, at meistermannen fekk 5 rd. fyr ein trollmann han brende, heitte Slotte-Svein, og at dei gav 12 rd. fyr kosten. Dette var „etter domens formeld“ ; men domen hev me ikkje funne.

GUNHILD KNUTSDOTTER

vart kalla „Dumpi“. Henne førde futen fram i retten paa Vatstinget 9/11 1641. Dei las upp fyr henne den domen som Slotte-Svein hadde fenge, helst det han hadde sagt um henne, og spurde um ho hadde kjent denne karen. Fyrst svara ho nei; men daa ho hadde tenkt seg um, sa ho at ho hadde set han tvo eller tri gonger. Ho hadde set at han smurde Herborg Nedre Haugo med eitkvart som han hadde i nokre horn ; daa skjelte ho paa honom og sa at han ikkje skulde fara soleis og narra pengar av folk. Daa vart han harm og sa at han skulde setja upp ei lygn um henne ein annan gong, og so vilde han slege til henne med spjutet sitt.

Kvar denne Gunhild Knutsdotter var ifraa, veit me ikkje. Truleg var ho eit „tegekvende“, som dei sa den tid, eller ei „farekjering“ ; ho fór kringum nørdst i Fjordene og i Sunn-

hordlands-bygderne og tagg sitt braud, og "hjelpte folk" som var sjuke. Det var ikkje ventande at ho skulde hava mange vener. Dei spurde ting-aalmugen ut um henne, og alle svara med ein gong at dei skulde gjeva henne det ordet som ho sjølv hadde fanga: I alle sokner baade her og i Sunnhordland var folk rædde henne.

Kva „prov" dei elles hadde fenge um henne, er ikkje uppskrive; men retten tok til aa granska vel baade provi og det andre som dei hadde høyrt. Det var ikkje nok med det at folk kringum i bygderne kjende henne fyr eit vondt menneskje og ei trollkvinna; men ho hadde fare kringom i bygderne baade her, og endaa meir i Sunnhordland, og mest vitskræmt folk, so dei skalv beint fram kvar gong dei saag henne. Alle stader var det folk som ho hadde lova vondt, og daa kunde dei lita paa at det vonde kom, og det fort. Difyr kunde retten ikkje med godt samvit og etter logi taka henne fri; men det vart dømt at ho skulde lida paa halsen, og kroppen skulde dei kasta paa elden. Soleis skulde det vera so framt det ikkje seinare kom upp meir gale, so dei vart nøydde til aa setja strengare refsing.

Ho vart visst retta den same vinteren. I rekneskapen fyr 1641—42 er det uppsett eit utlegg: „Gjeve meistermannen 5 rd. fyr ei trollkvinna han brende, heitte Gunhild; ho aatte ingen ting."

„DEGGO"

kalla dei ei trollkvinna som vart retta 1642. Um henne veit me ingen ting anna en det som stend i rekneskapen: Ho var dømd fraa livet fyr trolling og kokling; meistermannen fekk 6 rd. „for hende at refse". Ho var sett fast, og sat aar og dag fyrr dei fekk dei naudsynlege prov um alt det ho hadde gjort baade her og andre stader; fyr kosten til henne laut dei ut med 52 rd. Ho var elles nemnd av eit vitne i saki mot Berit Bjelland.

AGNETTE GREGUSDOTTER

heitte ei kona or Vats skipreida. Ho vart klaga fyr trolldom 1634 eller aaret fyrr.

Daa dei lagde sak mot henne, rymde ho av. 18/8 1634 fall dom at all eigedomen hennar skulde falla til kongen. Anna kunde dei ikkje døma, sidan ho ikkje var aa finna. I

rekneskapen er uppskrive kva mannen og ho aatte. Det var ei gamall seng og ei jarngryta, 3 sauer og 2 geiter. Alt dette var verdsett til 7 rd. 1 ort 8 skill., og helvti av det skulde kongen hava.

EIRIK ASSERSSON

var sett fast ein stad i Fjordene fyr tjuvri og dømd til aa setjast i bolt og jarn og sendast til Bremerholm. Sidan fall det seg so at dei ikkje fekk senda guten paa rimeleg maate, og medan han sat og venta paa føre, fekk han saki si inn fyr lagmannen; han tenkte han skulde faa linnare refsing. $^{13}/_{1}$ 1641 hadde dei saki hans fyre i lagmanns-retten. Daa kom det upp meir gale en dei hadde visst um i underretten.

Han var 24 aar gamall, og hadde all sin dag fare ikring og tigga. So attimillom hadde han stole klæde og baatar og etande vara; tilmed hadde han livt i lauslivnad med tvo kvinnor, og havt eit barn eller tvo med den eine.

Det verste av alt var at han, som han sjølv vedgjekk, hadde misbruka Guds heilage namn, med di han las i feitt til aa driva burt frost og anna vondt. Dei ordi som han daa bruka, hadde han so „merkeligen specificeret“ i den domen som 12 mann hadde dømt.

Elles hadde han livt som ein halv heidning; det var uvisst um han nokor tid hadde gjenge til altars.

So dømde lagmannen: Han maatte ikkje liva lenger her i verdi, men med det fyrste refsast paa halsen med skarpt.

I rekneskapen er det sett upp løn til meistermannen og til skjersliparen, og ei stor rekning paa kost; for han hadde site lengje. Anna en utlegg var det ikkje aa skriva. Han aatte ingen ting, so det var ikkje stor hjelp i det at buet hans var dømt til kongen.

Krusa-Kari. Futen hadde stemnt henne til tinget i Kvia skpr. $^{27}/_{11}$ 1643. Ho hadde skikka seg illa i bygdi og skulde vera burtvist fraa byen fyr trolldom. Tilmed skulde ho vera lyst utlæg i fylket fyr nokre aar sidan. No bad ho fyr seg og lova at ho aldri meir skulde gjera noko vondt eller vera til skade fyr nokon i minste maate, berre ho maatte faa vera i fylket. Dei hadde ingen dom paa henne, og visste ikkje kva gale ho hadde gjort i byen, so dei kunde ikkje fella nokon endeleg dom.

Eirik Are fraa Bokn stemnde Rasmus Nordbø paa Rennesøyi til

skipreids-tinget $^{17}/_{12}$ 1640, fyr di han fyr nokre aar sidan i si eigi heimkoma hadde slege paa det at Eirik var trollmann. „Gud vere lov! *eg* er ingen trollmann“, hadde han sagt. So var det seinste nyaarsaftan, daa hadde han kome med det same atter i eit lag paa Haavardstein. Daa takka han Gud at ikkje *han* hadde lært noko av Arnbjørg Kroke. No vilde Eirik vita kvifyr han alltid skulde koma til honom med dette, og um det var so han vilde skulda honom fyr trollmann. Rasmus orsaka seg, han hadde vore drukken og visste ikkje kva han hadde tala. Saki vart utsett og døydde visst av.

INGERID RØDN

Ho var or Jelsa skipreida, truleg fraa Rødn i Imsland, som den tid høyrde til Jelsa skipreida. Me veit at ho var gift og hadde vaksne born, elles er det lite me kjenner til; for tingbøkerne fortel so lite.*)

Fyrst var det paa Jelsa-tinget $^{4}/_{11}$ 1633 at futen hadde stemnt Ingerid Olavsdotter paa Rødn fyr nokre ord ho hadde bruka, og fyr sum lesing som han meinte var imot kongens forordningar og helst imot bodskapen fraa $^{20}/_{10}$ 1617.

Ho vedgjekk sjølv at ho kunde lesa fyr flòg og frost og sume andre sjukdomar, og no las ho upp framfyr retten dei ordi som ho bruka. Naar kyr mjølka urein mjølk, hadde ho ei raad som alltid hadde hjelpt: ho mjølka berre kui so strengen gjekk gjenom ein ring som ho alltid hadde paa fingren.

Vitne førde dei ikkje. Ho fekk domen med ein gong. Etter hennar eigi vedkjenning maatte det vera sum ovtru med henne, og fyr det skulde ho innan tri solmerke ryma fylket, og sidan, so fort som ho kunde, koma seg ut or kongens land og rike og fyrstedøme etter kongebodet fraa 1617. Alt det ho aatte, skulde høyra til kongen.

Det som ho aatte, var ikkje stort. Naar all skuld var utkvitta, var luten hennar $^{1}/_{2}$2 rd. 1 ort 8 skill. *Det* vart innkoma i kongens kassa i 1634.

So var det 1641 daa dei heldt paa aa føra vitne mot Berit

---

*) Namnet vert oftast skrive *Ingeri Røen,* ein stad *Inger I Røen,* og nokre stader *Ingeri paa Røen,* Ein stad vert ho nemnd *Ingeri Røen fraa Vats skipreida. Per Ormsson Indre Rødn,* Jelsa skipreida, var det skifte etter $^{28}/_{9}$ 1684.

Bjelland. Daa kom det fram ein nerstrending, Aasmund Seldal, og sa at Ingerid Rødn hadde vore hjaa honom og skulde gjera aat fyr bringeverken hans. Daa hadde ho sagt at det var Berit Bjelland som hadde sett det vonde paa honom, og den sykja kunde ho ikkje gjera noko med. Vaarherre vilde vera beste mannen til aa hjelpa der, sa ho. Han gav henne ei tunna korn og ei 20-skillings mark fyr umaken.

Seinare stemnde futen henne til tings. Ho kom fram paa tingstova i Vikadal $^{27}/_{2}$ 1641. Daa vilde dei vita kor det var med trollkunsterne hennar.

Ho vedgjekk at ho bruka urter til aa lækja folk med. Ho nytta baade lækjeblokkor og haga-urter. Urterne henta ho inn jonsok-dagen, og ho gav deim helst i øl.

Aasmund Seldal sanna at ho hadde gjeve honom noko drikka; men han kunde ikkje kjenna det var urter i det.

Den gongen var Ingerid sjølv paa tinget. Men seinare den same vaaren, daa fjordungs-tinget var paa Hemnes, var det sonen, Per Ormsson, som møtte fyr henne. Daa kom Gamal Hetletveit og Jostein Rosseid fram og vitna, at i den tid daa Søren Njellsson var fut, hadde skrivaren Rasmus Andersson dømt at ho skulde ryma landet. Per Ormsson, son hennar, sa at det var sant.

Meir finn me ikkje i tingbøkerne um henne. Ho var ei av dei meinlause, som ikkje hadde lova folk vondt eller gjort vondt, so dei tok det vel ikkje so hardt; men endaa skulde det vera underlegt um saki vart heilt ned-lagd.

INGERID LIKNES

Ho heitte Ingerid Aasmundsdotter og heldt seg paa Liknes paa Skutenes-landet. Ho var ei gamall kvinna, og kjend vidt og breidt fyr trolldomskunst daa ho vart sett fast og førd til Kongsgarden i Stavang um sumaren 1648. Der vart ho sitjande 7 vikor; for slaatten kom og ingen hadde stunder til aa tenkja paa henne eller døma henne. 22de august var det so mykje dei kunde halda retts-møte paa Austreim (ved Koparvik). Det var skrivaren i Ryfylke, Mikkel Nielsson, og mennerne Aslak Stangaland, Torgeir Klubben, Morten Austreim, Kristoffer Vaaro, Baard Bakke, Hermann Eide, Helge Eide, Bendiks Eide, Mogens Are, Simen Austreim, Jakob Mehaug og Alv Fagerland som skulde døma.

Til vitne kom fram nokre av grannarne hennar. *Kristoffer Liknes* fortalde at han hadde set dette kvinnfolket nokre gongjer i marki; der heldt ho seg jamt saman med feet hans, og med grannarne sitt. Han hadde set henne riva nokre haar av kuhalarne, og etter det hadde kyrne vantrivest. Sume tider hadde han set henne mjølka kyrne. Ho mjølka i handi og drakk upp mjølki, so dei fekk lite gagn av kyrne sine baade den eine og den andre paa Liknes og paa gardarne derikring. Sume tider naar det var helg eller høgtid og andre folk gjekk til kyrkje, daa kunde dei sjaa henne i marki eller paa aaker og eng; der gjekk ho og henta aks og gras-straa; kva ho bruka deim til, det visste ikkje han. Den tid dei tok henne og sette henne fast, daa gav ho seg til aa stinga med ein kniv i sitt eige hold; men det var fritt, ho fekk ikkje skade av det. Kva grunnen var kunde han ikkje vita. — *Njell Liknes* og *Gunnar Liknes* og *Njell*

Selvik, grannarne hennar, sa det same som Kristoffer hadde sagt. Det gjekk eit vondt ord um henne alle stader som ho var kjend. Det same sanna andre gode folk.

Ingerid Liknes kom med motmæle, og sa at ingen skulde faa det paa henne at ho hadde fare med trolldom, det ho kunde skyna. Ho kunde ikkje negta at ho ein gong eller tvo, naar ho hadde vore ute i marki og vore mest forkomi av svolt og torste, hadde teke seg ein skvett mjølk og drukke. Heller ikkje kunde ho negta, at ho hadde rive nokre haar av kurovorne og henta nokre grasstraa; ho laut hava det til sil og sila mjølki; men anna vondt hadde ho aldri gjort korkje folk eller fe, det svor og forbanna ho seg paa. Ikkje *kunde* ho gjera noko sovore heller. Um den kniven som ho hadda stukke seg med, sa ho, at daa grannarne braatt kom yver henne, tok ho ein tolekniv som var ubeit, og lest stikka seg; men ho meinte ikkje noko større med det, anna en ho tenkte dei skulde halda henne fyr eit gale menneskje, so ho kunde sleppa laus.

Futen meinte etter dette at ho laut refsast paa livet; men det gjekk retten ikkje med paa. Det var greidt at ho hadde fare uterlegt og usømelegt fram med andre folks fe, og at ho hadde eit vondt ord paa seg, so folk i grannelaget var rædde henne. No hadde ho bode seg til, at um ho kunde sleppa ut or fengselet, so skulde ho godviljugt ryma landet, og det dømde dei henne skuldug til; eigedomen hennar skulde vera fallen til kongen. Vart ho seinare funni i fylket, eller annan stad i kongens rike og land, so laut ho refsast paa halsen.

Paa henne fekk dei store utlegg men inkje inntekt. Ho var so arm at ho lite kunde skyla seg med fillorne som ho gjekk i, og heime hjaa henne fann dei ingen ting, anna en ein flokk med nakne og utsvelte born. —

Ho rymde nok ikkje or landet, som domen lydde. Kvar ho helst vanka veit me inkje um, anna en at ho ei tid heldt seg paa Kvitsøyarne. Der døydde ho um vinteren 1653—54.

5 dagar fyre gregusmessa 1654 var det fjordungs-ting paa Hesby. Der hadde futen stemnt Jakob Meling og tiltala honom for han hadde hyst og hela med Ingerid, og daa ho døydde hadde han ført henne til kyrkjegarden og fenge henne jorda som eit anna kriste menneskje. Dette var usømelegt gjort med slik ei som livde paa heidning-vis og i so langsamelег tid hadde vore utestengd fraa sakrament og synds-vedkjenning

og avløysing. Men sidan Jakob var ein gamall mann som jamvel heldt paa aa barnast upp atter, vart saki utsett til hausttinget, so han kunde faa høve til aa gjera semja med lensherren.

Saki kom ikkje fram att paa haust-tinget; men i rekneskapen det aaret er innteke 10 rd. som Jakob Meling bøtte fyr det han hadde gjort.

KJETELS-BERIT

Ho heitte Berit og mannen Kjetel. Meir veit me ikkje. Dei hadde ingen stad fast tilhald, men fór ikring i bygderne og dreiv mest med signing og aatgjering. Ho vart sett fast ein stad i Høle skipreida 1648. Skrivaren og 6 mann hadde halde forhøyr paa Høle og dømt henne eit par vikor fyre jol, og aaret fyrr hadde dei og sett upp eit provs-brev. I all denne tid sat Kjetells-Berit paa Kongsgarden, og $^{16}/_{1}$ 1649 vart retten sett paa raadstova i Stavang; det var skrivaren i Hestbø sjordung, Tomas Christensson, og 12 lagrettesmenner or Høle skipreida som skulde døma henne retteleg.

Det var signing og maning og anna gykl som ho hadde fare med paa ymse stader og til ymse tider. *Rasmann Selvik* og *Jon Høle* vitna at dei fekk bod fraa lensmannen, han Endre Gjestaland, at dei skulde koma og høyra paa kva Kjetels-Berit tilstod. Dei fortalde daa kva Olav Gjestaland hadde fagt, at det var ho og Ragnli Gjestaland, kona til lensmannen, som var skuld i den sjukdomen hans. At det var so, det hadde Asgaut Byrkjeland sagt, fortalde Olav. — *Asgaut Byrkjeland* og *Njell Vølstad* og *Rasmann Verland* vitna, at dei og hadde høyrt det same av Olav Gjestaland.

Kjetels-Berit vedgjekk at Olav Gjestaland hadde skikka bod etter henne, ho skulde koma og hjelpa honom med den sjukdomen som plaaga han. Det var 14 dagar fyre jol ho kom der i huset, og ho var der 3 næter og gjorde det beste ho kunde. Dette hadde ho fenge eit pund smør fyre og eit lite stykke til.

Olav Gjestaland hadde daa fyrst fortalt henne nokre draumar som han hadde havt. Fyrst ei natt drøymde han at han

brende tjøra i stova; daa var det eit kvende hjaa honom. Andre natti drøymde han at det kom 2 brune troll inn til honom, og ein svart hund. Tridje natti drøymde han det same. Ho hadde daa lagt ut draumarne soleis: Han hadde grave upp ei hella or ein haug, og fraa den haugen kom det eine trollet; det var eit *brekke-troll*. Det andre trollet kom or elvi; det heitte *fosse-grim*. Men kva den svarte hunden skulde vera fyr eit troll, det var ho ikkje god til aa segja.

Sidan skar ho neglerne paa henderne og føterne hans Olav og klipte haar av hovudet hans. Alt dette vilde ho brenna til pulver og gjeva han inn i drikka. Um morgonen fyrr soli rann, gjekk ho ut, og det same gjorde ho um kvelden daa soli hadde sige. Daa hadde ho tausi i huset med seg. Ute las ho i salt og feitt, og dette gjekk ho sidan inn med og smurde Olav yver heile kroppen. Ho sprette hol paa den vinstre litlefingren sin under nagli, so det draup blod; det smurde ho paa bringa hans og andre stader som han kjende vondt. Dette skulde driva sjukdommen. Naar ho smurde, tok ho alltid til ovanfraa og fór ned-etter heile kroppen, smurde og gnika trutt, alltid andsøles og helst kringum alle lederne. Paa den maaten dreiv ho det vonde alt ned i ei taa. Daa ho hadde fenge det so langt som i nebbafru (den taai som var næmast storataai) paa den vinstre foten, daa gjekk ho.

Olav Gjestaland sanna dette, men lagde til, at daa ho hadde gjenge, daa kom det vonde straks attende paa same staden. Daa fekk han ikkje livande fred; for han tykte han hadde henne framfyre seg kvar gong han skulde sova. Han kunde aldri faa ro fyrr han fekk folk um seg, og ljos. Han gav henne ein fjordung malt og ein fjordung korn fyr umaken. Son hans gav henne $^1/_2$ vætt*) korn umframt det smøret som fyrr er um-mælt, dertil 1 aln med bleikt lereft og 2 alner med grovt lereft, og ei riksmark i pengar og sumt anna.

Olav i Brekko (Gjesdal- sokn) vitna, at fyr 9 aar sidan leid han av paa lag den same sjukdomen som Olav Gjestaland no hadde. Daa kom Kjetels-Berit til honom. Smurning hadde ho med seg og smurde trutt kring alle lemerne, og daa vart han straks likare. Ho hadde sagt at sjukdomen hans hadde lege i ein benk eit aar, og var etla honom av ei fatig kvinna som

*) *Ei vætt* er det same som 6 spann eller 9 bismarpund.

han hadde gjort imot. Det hadde vore tanken at sjukdomen skulde drepa honom; han kunde aldri faa ro eller fred. Naar han skulde sova, so tykte han alltid at det gjekk tvo smaatroll attved honom; sumtid var dei brune og sumtid kvite. So hardt var han klemd av denne vildringi, at han gjekk ein heil dag i skogen og bar paa ei vedabyrd; han vart baade trøytt og mod, men hadde ikkje vit til aa leggja byrdi ned, heller ikkje til aa venda heim atter.

Kjetels-Berit tilstod, at ho hadde lege i sengi hans Olav Brekko og set det same skrymsl. Det kvite trollet saug paa øyra aat drengen hans, so det gjekk hol paa det.

Lars Haukamork vitna at kona hans hadde lege sjuk fyr 8 aar sidan. Daa kom Kjetels-Berit og gjorde henne frisk.

Dei spurde henne i retten um ho kunde andre trolldomskunster; men det negta ho. Det kunde ho segja so sant Gud vilde vera henne miskunsam. Det som ho kunde, hadde ho lært daa ho var lite barn, av ei kvinna som gjorde systkini hennar friske ein gong dei laag sjuke. Sidan spurde dei aalmugen um nokon kjende til at ho hadde forgjort folk eller fe eller drive trolldom paa anna vis. Dei svara alle med ein munn at dei aldri hadde høyrt gjete sovore. Det var berre signing og aatgjerd ho hadde ord fyr.

Futen slo paa at ho skulde lida baal og brand. Men retten kunde ikke fylgja dette. Dei kunde ikkje finna at Kjetels- Berit hadde forsvore si heilage daaps-pakt og kristendomen, og ikkje var det klaga paa at ho hadde skilt folk ved liv eller helsa eller fe og buskap. Domen vart, at ho innan ein maanad skulde ryma land og rike, og eigedomen hennar skulde vera i kongens verja. Skulde ho etter den dagen finnast i kongens land og rike, so laut ho refsast paa sin hals.

Sidan gjekk det vel med henne som med so mange andre: ho kom seg ikkje av, men fór med dei same raaderne og vart sett ein gong til. $^{23}/_{7}$ 1650 var det retts-møte paa raadstova i Stavang; daa skulde lagmannen stadfesta domen. Kjetels-Berit las upp ei signebøn som ho kunde, og fortalde at ho hadde set fossegrimen; han var brun og loden. Sameleis hadde ho set berg-trollet; det saag ut mest som ei liti kvinna og gjekk med ei raud huva paa hovudet. — Domen vart at ho skulde lida paa halsen.

Sidan vart ho retta.

Det som ho aatte var jamgodt med inkjevetta. Ho hadde site i arrest 5 vikor; dei laut ut med 5 dalar fyr kosten. Det vart utlegg og inkje inntekt. Men sume av dei som hadde vitna imot henne, laut punga ut. Olav Gjestaland laut bøta 8 dalar for han hadde halde seg til signekjeringar daa han var sjuk. Olav i Brekko 4 dalar fyr det same. Og Lars Haukamork laut ut med 10 dalar, for han hadde bruka signing og uloglege raadar fyr kona si. Asgaut Byrkjeland vart dømd fredlaus. Han var landstrjukar, dømde dei, og hadde fare ikring i fylket med maning og skrymt og narra mange folk.

LAUPSTAD-FOLKET

Laupstad er ein liten øydegard i Eikersunds-sokni. Han ligg uppe paa heidi millom Eikersund og Sokendal ikkje langt fraa Hedlands-sokni. Ein av dei næmaste gardarne er Tjervall som Eikersunds-presten aatte; ein annan grannegard er Nodland.

Paa Laupstad budde ikr. 1650 ein mann heitte Njell; kona hans heitte Ingeborg Torlaksdotter. Dei stod seg godt etter maaten i den tid, hadde pengar paa renta og pengar paa kistebotnen. Buskapen var ikkje stor; men dei gjekk fram i velstand aar fyr aar og hadde so mykje at dei hjelpte seg sjølve, og kunde endaa hjelpa andre folk baade med krøter, naar dei trong det, og med pengelaan.

Elles er det ikkje mykje me høyrer um desse folki, fyrr det laga seg so at alle tok til aa tala um deim.

Paa slike fjellgardar vert folk tidt noko ulike andre bygdafolk. Helst naar dei bur soleis millom fleire bygder. Det er liksom dei fær ein svip av dei andre bygderne; men i dei bygderne vil folk paa ingen maate kannast ved deim. Alle ser paa deim med mistru. Gjeng det godt fyr deim, so vert gjerne andre folk ovundsjuke. Og hender det at einkvar fær mistanke til deim paa ein eller annan maate, daa vil det jamt vera nok av deim som stydjer uppunder denne mistanken.

Ein gong hadde ein av grannarne, heitte Mattis Nodland, laant ein øyk hjaa Njell Laupstad. Han skamkøyrde øyken, so han laag daud. Dette vart det ei lang trætta um. Mattis Nodland laut paa slutten lova at han skulde greida ut til Njell Laupstad so mykje som øyken var verd. Dei lagde det under menner, og øyken vart sett i 7 rd. Dette var høg pris paa

ein øyk i dei dagar, so det var nok ikkje skamlege krøter dei hadde paa Laupstad.

Men Mattis Nodland tykte det var tungt aa punga ut med so mykje, og han kom ikkje med pengarne. So vart Njell Laupstad nøydd til aa stemna honom. Han fekk stemning til sumars-tinget fyr Eikersunds skipreida ; det skulde haldast jonsokaften 1658.

Daa gjekk Mattis Nodland til junkeren (ɔ: lensherren i Stavang) og fortalde kva folk det var han hadde til grannar paa Laupstad. So snart lensherren fekk høyra nemnd trolldom, spurde han meir etter, og daa skreiv han stemningi. So vart dei stemnde til same tinget, baade Njell og Ingeborg, og det jamvel med „junker-stemning.“

Mattis Nodland var klagar, og førde vitne som skulde sannprova, at dette paret paa Laupstad var trollmann og trollkjering.

Paa tinget kom *Olav Torsson Tjervall* fyrst fram og vitna. Han fortalde um Ingeborg Laupstad at ho ein gong hadde kome til Tjervall ein kyndelsmess-aftan; ho vilde sjaa paa eit bakstebord som ho tenkte aa kjøpa. Ho gjekk millom husi og kom inn i løda. Der fann ho tausi, og dei tvo rødde nokre ord saman. Ingeborg jamra at det var kaldt, og tausi bad henne ganga inn og verma seg, men ho gjekk ikkje inn: ho fór heimatter til Laupstad og tala ikkje eit ord med nokon paa deira gard anna en denne tausi. Straks etter vart Olav liggjande og laag 11 vikor sengfast. Han hadde ein styng i livet, og kjende eit hol som gjekk inn i den eine sida og ut or den andre. — Sidan ein gong kom ho til deim og rødde med mor hans. Ho hadde det til ærend at ho vilde faa syster hans til aa spyta henne eit par sokkar; men dette sa mor hans tvert nei til, og det kom seg av at Ingeborg ein gong fyrr hadde skjelt paa den andre syster hans og skulda henne fyr at ho hadde stole av den ulli ho skulde spyta av. Straks etter vart mor hans maallaus, og det var ho sidan so lengje ho livde. Det var 4 aar ho ikkje kunde masa eit ord. Ei av systerne hans heitte Gyda („Gjøa“). Henne fann Ingeborg ein dag, og daa skal ho ha sagt: „Korleis er det med Kari Tjervall no? kann ho gøy paa meg enno som ho fyrr gjorde?“ So var det fyr tvo aar sidan,

masa = tala, røda; ordet vert enno bruka i Eikersunds-sokni og derikring, og er bruka i tingboki.

ein dag daa han gjekk inn og skulde faa seg mat, daa kom Ingeborg Laupstad og gav seg til aa spa noko i aakeren hans. Sidan fór ho burt atter. Daa møtte ho Johans Nodland og bad honom at han ikkje maatte segja til noko menneskje at ho hadde spatt i aakeren hans Olav. (Johans Nodland var paa tinget og han sanna dette.) — Tri langfredags-morgonar hadde ho kome til Tjervall og vilde laana varme. Kva ho gjorde det fyr kunde han ikkje skyna; i vissa den eine gongen var han stød paa at ho hadde eld hjaa seg sjølv. — Daa han so var med presten og skulde syna merkesteinarne millom Tjervall og Laupstad, daa vart ho venteleg gali paa honom; han miste ei ku straks etter. Sidan kjøpte han seg atter ein vetrung; men den laag daud straks. — Han kunde ikkje anna en skulda henne fyr alt dette. Ho hadde teke helsa fraa honom og maalet fraa mor hans og livet av krøteri hans. Og kvar gong ei ku skulde bera, daa hadde dei henne attmed husi. Daa stod kui og trytte og vilde endeleg ut til henne.

Arnbjørn Imisheid fortalde at han hadde vore med og synt presten merkesteinarne. Sidan hadde han aldri kunna liggja turr um næterne. Han hadde høyrt av andre folk at ho hadde lova han det.

Njell Torgeirsson Imisheid fortalde at han hadde laant 2 dalar hjaa Ingeborg Laupstad; ho skulde hava 20 skill. i renta um aaret. Til vissa fyr desse pengarne hadde han sett ei ku i pant. Den skar ho av eit stykke av øyra paa, imot hans vilje. Sidan bytte han burt denne kui; men den som han daa fekk atter, laag daud. Og sidan var det 3 kyr og 2 vetrungar som laag daude fyr honom. Kven som meir var skuld i det, kunde han ikkje vita.

Torkell Horve vitna at han sat paa kyrkjevegen og masa med Berulv Veshovda. Daa kom Ingeborg Laupstad framum deim. Ho mishøyrde seg og trudde det var henne dei sat og masa um. So gav ho seg til aa banna han. Daa han kom heim, laag smalen hans sjuk: kvar tasen laag paa ryggen med alle føterne i vêret. So gjekk han til Laupstad med ein gong. Fyrr han gjekk inn, tok han ei øks i handi. Han spurde henne kvi ho hadde banna han; det var ikkje so at den banningi flaug paa stokk og stein [ho flaug paa livande], sa han. Daa svara ho at ho hadde mishøyrt seg, og Njell han sa: „Det skal vel verta godt atter.“ Daa han so kom heim, var smalen hans frisk

og ferdig som han fyrr hadde vore. Kven som gjorde dette, eller kva det kom seg av, det visste ikkje han.

Eirik Aamot fraa Hetlands skipreida vitna at mor hans hadde vore skuldug til Ingeborg Laupstad 3 dalar; dei hadde han teke paa seg. Sidan gjorde dei det so av at han skulde lata henne faa ei ku, so skulde han faa ein ort til av henne. Daa han so kom til Laupstad og kravde den orten, daa fall det nokre harde ord deim imillom; det var noko han skulda henne fyr. „Dette skal du faa lika fyr", sa ho; „du skal ikkje ha sagt det fyr inkje". Straks etter daa han var i skogen, skamhogg han seg i den eine foten, so han vart uferdig lengje. Sidan miste han eit gildt naut. Det sprakk sund. Og etter den dag var det som ulukka hadde fylgt han; han hadde mist alt det som han aatte og hadde. Han kunde ikkje visst segja um Ingeborg var skuld i det. Kva det kom seg av maatte Gud vita; men han kunde minnast ein gong han høyrde paa at mor hans og Ingeborg heldt paa aa tala saman. Daa hadde mor hans spurt: „Korleis er det med deg, Ingeborg; kann du noko vondt sidan du hev fenge slikt eit ord paa deg?" — „Nei", sa Ingeborg; „eg kann ingen ting eg; men han Njell, mannen min, han kann baade mykje og vondt." Det sa ho. „Og Njell Laupstad, han hev alltid vilja meg vondt", lagde vitnet til.

Torleiv Hovland hermde etter hr. Hans paa Hedland kva han hadde sagt den tid han livde. „Sidan eg kom i trætta med Njell Laupstad og Ingeborg, hev eg aldri havt ein helse dag." Det sa sæle hr. Hans.

Det same vitna sidan Per Rasmusson i Strondi at han hadde høyrt av sæle hr. Hans.

Torleiv Byrkjeland fortalde at Ingeborg Laupstad hadde bede honom ganga ærend til hr. Hans paa Hedland, og spyrja um ho kunde faa vera paa stølen hans um sumaren. Det vilde hr. Hans ikkje. Daa han so kom til henne med det bodet, daa banna ho presten. Torleiv sa: „Du skulde ikkje banna so stygt, Ingeborg. Kven veit um det kann vera det som er skuld i at presten lyt lida so mykje vondt?" Daa svara ho: „Du trur daa vel aldri eg er trollkjering?" Han svara: „Du veit sjølv

---

Hr. Hans paa Hedland: Hans Jakobsson Hindsholm var fyrst hjelpeprest paa Hedland 1626—1639, sidan sokneprest i same kallet til han døydde ikr. 1656.

kva du er.“ Dermed gjekk ho til døri; men ho var so harm at ho skar tennerne og slo ut med knytte neven. Anna hadde ikkje han aa segja paa henne. Fyr sin eigen part hadde han inkje aa klaga.

Johans Nodland vitna: Han og Mattis Nodland hadde vore paa Laupstad ein gong. Daa sa Ingeborg at Njell, mannen hennar, hadde ein uven i Hedlands-sokni, og til honom hadde han sagt at han skulde faa turka det av paa likamen sin, det vonde som han hadde gjort honom. Og sidan hadde det gjenge den mannen so som Njell hadde sagt, sa ho Ingeborg.

Jakob Slettheid skulde vitna. Han møtte ikkje paa tinget, men sende Torkell, son sin, med den helsingi at han ingen ting vondt hadde aa segja paa Njell og Ingeborg paa nokon maate.

Arnbjørn Njellsson hadde tent paa Laupstad fyr 4 aar sidan. Han var ikkje anna en ein umage den tid. Men han hadde set at kvar natt kom det ein katt ned fraa ljoren. Han var ikkje soleis voren som andre kattar. So hadde ho ein annan katt som ho alltid heldt inne i ei bud, og han kom aldri ut, tidare en kvar gong ho sila mjølki. Den katten var heller ikkje som andre kattar; han saag ut som eit vette-nysta.

Olav Høyland hadde kjøpt Hallvard aasætet av paa Aamdal. Daa sette han ned hjaa honom tvo dalar som høyrde Ingeborg Laupstad til. Desse pengarne kravde ho inn atter fyrr tidi var ute. Han sa at ho skulde faa sine pengar naar dagen kom. Daa sa ho: „Dette skal du faa lida fyr, det kann du lita paa.“ 5 dagar etter sprakk merri hans sund. Blodet gjekk or baade munn og nasar. Kven det var som volde dette, det visste ikkje han.

Tore i Lidi hadde havt tvo kyr som fekk vondt fyr tvo aar sidan. Daa gjekk kona hans til Ingeborg Laupstad, og ho laante henne ein bu-stein. Um det hjelpte noko, visste han ikkje; dei laut slagta baae kyrne um hausten.

Vetle Mjølhus hadde ingen ting aa segja paa Njell og Ingeborg anna en det som godt var.

Hr. Theophilus (presten i Eikersund) og tvo av medhjelparane hans (Hans Myklabust og Robert Aase) stod fyr retten og sa at Njell Laupstad og kona hans alltid hadde havt eit

---

Hr. Theophilus: Theophilus Jonsson Skanke var sokneprest i Eikersund fraa 1650 til han døydde eit par vikor fyre jol 1663.

vondt ord paa seg fyr trolldom; men gjerningar visste dei ikkje um.

Det same sa heile ting-aalmugen; det ordet gjekk baade til fjells og fjøra at dei var namngjetne fyr trolldom.

Futen kravde dom yver baade Njell og Ingeborg som so grovt hadde forset seg. Mest ho Ingeborg. Ho hadde vore under tiltale ein gong fyrr, og daa hadde ho lova so visst at ho aldri skulde fara med sovore meir. No saag me korleis ho hadde halde det. Ikkje hadde ho møtt fram i retten dess meir, so ein saag at ho ikkje heldt seg skuldlaus. Han kunde ikkje skyna anna en at ho laut refsast paa livet — med baal og brand.

Men retten kunde ikkje døma sovoren dom utan lagmannen var med. Og so tenkte dei at det kunde koma fleire ting upp, so domen vart lettare aa døma. Difyr vart saki utsett.

Njell Laupstad vart sett fast den same dagen. Han sat fyrst i fangehol paa Aarstad. Sidan vart han vel send fraa den eine lensmannen til den andre.

Men Ingeborg, daa ho saag det laga seg til uvêr, tok ho foten paa nakken og hadde seg undan. Nodlands-mennerne sette etter. Me kann ikkje sjaa anten dei gjekk sine eigne ærend eller andre hadde fenge deim til; men det ser so ut at dei hadde lagt det sers paa seg aa naa henne atter, so dei kunde føra henne fyr retten.

Ein maanads tid etter tinget heldt dei retts-møte paa Tengs (den 27de juli 1658). Der høyrde dei mange vitne, baade nye og gamle.

Ellin, enkja etter hr. Hans paa Hedland, sende ein setel: „— — da bekiender ieg, at ieg for nogen aar talde med Ingeborg her paa prestegaarden, og samme tid begierte hun en skreftesedel af min salig mand og sagde saa til mig: Efterdi fader er saa meged siug, ville vi forliges, paa det vi ikke skal findes uvenner for Gud. Og samme tid spurde ieg hinder ad, hvi hun bandet min mand den tid han af Gud var udsend at lede hinder i kirke, og bad til Gud at han skal baade vesne og torke op staaendis og nederliggendis og sagde: Det har ieg bedet og det skal ieg bede. Daa svaret hun og sagde: Skam faa Marit Svaalestad, hun gav mig snustobak, saa ieg blev drukken, at ieg ikke vidste hvad ieg sagde. Videre veed ieg inted. Det vitner ieg med min egen haand.“

Tore Hetland og *Jens Persson* bar fram vitnemaalet hans *Askell Hæstad* som var lensmann i Hetlands skipreida; sjølv var han skral, so han ikkje kunde møta. Han kjende inkje til Njell og Ingeborg, anna en det han hadde høyrt i bygdi, at dei var namngjetne baae tvo fyr trolldoms-kunster.

Det same vitna *Olav Hetland*.

Magli Sleveland hadde fyr 6 aar sidan vore paa Laupstad og vove aat henne Ingeborg. Daa hadde det ein gong bore til at det fall harde ord millom mannen og kona. Han skjelte paa henne og kalla henne hora, og ho gav att likso godt som ho fekk, og kalla han trollmann. „Det skal du aldri kunna prova", sa han. Daa vart ho vakande og sa: „Kva tykkjer du vel at hr. Hans paa Hedland hev att av helsa si, sidan han kom i trætta med deg?"

Isak Tengs og *Torgeir Tengsareid* var stemnevitne. Dei sa fraa at dei hadde kome til Laupstad og skulde lesa stemningi fraa lensherren. Døri stod halv-opi daa dei kom. Isak kakka paa døri med staven og skauv ho upp. I det same kom Ingeborg i døri med ei ausa i handi og slo vatn ut yver deim. Elles saag det likast ut til kinnedrikka; for det var kvitt. Sidan var det likt til at ho trega paa det; ho kom ut med ei tvaaga og turka av deim; men dei høyrde henne masa inne i stova fyrr dei saag henne. — Ingeborg sa til dette at det var sant; men ho kom ikkje paa anna en at det var hennar eige barn; det fann paa sume tider aa kakka paa døri og vilde narra henne.

Torkell Horve og *Gunnar Kydland* hadde halde vakt yver Njell Laupstad ei natt daa han var sett fast paa Aarstad. Daa hadde dei ikkje høyrt anna av han en godt.

Olav Tjervall hermde etter Jakob Slettheid, han som paa tinget ikkje hadde havt anna en godt aa segja. Han kom ein gong til Tjervall og jamra yver Ingeborg; ho hadde lova han vondt, og som ho hadde lova so hadde han fenge det; han fekk bera paa det all sin dag. Dette hadde baade unge Torkell Slettheid og kona hans høyrt paa.

Johans Arnbjørnsson Imisheid hadde vore skuldug henne Ingeborg 4 dalar, og det kom dei til aa trætta um. Daa lova ho vondt, og sidan miste han 2 kyr og 3 ungnaut og all smalen sin. Etterpaa fekk ho 5 dalars verd fyr 4; men endaa lova ho at han skulde verta felaus.

Mattis Nodland klaga at Njell Laupstad hadde lova han vondt daa dei kom i trætta um den øykjen, og det hadde han fenge røyna baade paa folk og fe. Eit barn hadde han som var blindt; det laag der endaa og turka upp. Kvar sundag gjekk det bøn fyr det fraa preikstolen. Han lagde skuldi paa Njell Laupstad fyr alt det han hadde lide baade paa barnet og paa buskapen. Han hadde ingen ting imot aa leggja handi paa honom og sverja den dyraste eid.

Ivar Myklabust hadde høyrt, daa tinget var paa Aarstad og Njell vart sett fast, at i det same han reis upp fraa benken som han sat paa, daa bad han Djevelen taka deim som hadde ført dette paa han. Det skulde dei faa kjenna og fyrr dei vart skilde aat, sa han.

Jens Pedersson hadde høyrt paa kva Njell Laupstad sa daa han gjekk fraa tinget. Dei som var skuld i dette, skulde fara ei Fandens ferd, sa han. Jens spurde kven det var, og daa svara han: „Det er du.“

Ingeborg Laupstad stod og høyrde paa alt som desse folki vitna. Ho forbanna seg paa at dei laug alt i hop; ho var skuldlaus som eit barn i alt dette; men ho sette si sak til Gud, sa ho. Elles sa ho at Njell, mannen hennar, kunde lesa fyr smaatroll. Bøni var so:

Mari spurde sin velsigna son:
„Kor kjem kvikt i heilt hold?“
„Det kjem av ein naableik mann,“ sa Jesus.
Mari sagde:
„Kven skal kvikt av holdet taka?“
„Det skal nie næringsmøyar gjera,“ sa Jesus.
„Kvikt utav hold og kvikt utav blod,
kvikt utav alt hans ledamot.
Dei skulo sprikka og dei skulo spy,
og bliva i vatnet og verta til inkje.“

Bøni var lenger, sa ho; men ho kunde ikkje meir.

I eit retts-møte seinare kom ho paa at ho hadde gløymt noko. Denne rettingi skal me setja til beint fram som ho er skrivi og stava i tingboki. Det var um dei nie næringsmøyar; dei „schulde icke soden souffue och icke varmen vage och ingen roe haffue, før end di kom vd.“ Dette hadde ho gløymt midt i bøni, sa ho.

Futen frette henne ut um rymingi.

Ho hadde tenkt seg til Holland.

Kva ho hadde der aa gjera? —

Jau, ho tenkte ho skulde sleppa aa træla so fyr føda. Ho hadde tinga med ein Hollands-skipper og vorte samd med honom um farleiga; han skulde hava 1 dalar fyr di at han tok henne med til Holland. Men fyrr dei kom av stad, hadde Johans og Mattis Nodland kome og teke henne. Det var i Herre sokn austanfyr Lista paa ein gard som heiter Gjeresdal.

Fyrr dei slutta møtet fekk futen upp av henne at ho kunde lesa fyr vred. Den bøni var so:

Vaar herre Jesus reid yver turre heid;
det rinast i den dyraste led.
Vaar herre Jesus han steig sjølv av
og lagde bein i bein,
marg i marg,
blod i blod,
hud i hud
og kjøt i kjøt.
Statt upp og fnys og gakk heilbrigd heim.
I tri namn, Faders, Sons og Heilagands namn.
Amen.

I eit møte paa raadstova i Stavang spurde futen Ingeborg Laupstad um det var so at ho kunde trolldoms-kunster. Daa svara ho at det var tvo kjeringar i Eikersund som og var namngjetne fyr vondt. Dei hadde vore paa tinget og vorte frie den tid dei hadde noko; no hadde dei ingen ting, og so var dei frie. Det var Johanna, kona hans Knut Kvaale, og Birgit, kona hans Bjørn i Skogen.

Det hadde vore klaga yver at ho hadde fenge mold fraa gravi til sæle hr. Hans paa Hedland; men daa det kom til stykket, var det Erling Hesviki som fekk skuld fyr det.

Dei spurde meir etter korleis det gjekk daa ho rymde. Daa sa ho at Njell, mannen hennar, visste vel um at ho rymde. „Gakk du i Jesu namn!“ sa han; „eg vert verande, um dei so vilde slita meg i bitar millom øykjer,“ sa han.

Paa kyrkjebakken hadde dei skote til maals um deim baade i Eikersund og Hedland, og maalet lydde so at baade mannen og kona var namngjetne fyr trolldom og svarte-kunster. Daa Ingeborg høyrde det, sa ho at ho kunde ikkje segja stort um det heller; dei kunde vel ikkje anna segja, sa ho.

— I eit møte paa raadstova i Stavang den 11te september hadde dei framme nokre vitne or Hedlands-sokni.

Tore Hetland vitna at han hadde funne noko trollkatt-spy paa vollen sin fyr ikring 8 aar sidan. Han tok det med seg heim og sette det i ei potta yver elden; men det kom ingen. Fyrr hadde dei lide stor skade paa mjølki si.

Ivar Hetland visste ingen ting, anna en det at Njell og Ingeborg hadde vore namngjetne fyr trolldom. Det var noko som kvar mann visste um.

Knut Svaanes vitna at han hadde høyrt paa kva Njell sa daa dei lagde band paa han paa Aarstad. Daa tykte han beint fram synd um han, han kunde ikkje hjelpa fyr det; men Njell sa: „Den som volde meg dette, han skal drikka ein vond drykk.“ Og dermed gjekk han aat døri.

Ingeborg som tente hjaa Susanna paa Hundvaak, kunde fortelja at ho fyr ikring 8 aar sidan kom til Hetland og skulde tena hjaa Olav. Daa fortalde tausi som fyrr hadde tent der, at det var so underleg vore der paa garden; dei hadde funne so mykje trollkatt-spy i fjoset. Ingeborg Hetland tok det i ei potta og sette det yver elden, og daa kom Ingeborg Laupstad springande. Daa baud ho pengar at dei ikkje skulde bera det ut-yver bygdi. Dette hadde ho Guri fortalt, ho som fyr hadde tent hjaa Olav Hetland.

Torkell Horve hadde vore med Tormod Byrkjeland paa Nodland og set paa barnet hans Mattis. Det var blindt og laag der sjukt og turt. Mattis Nodland gav Njell og Ingeborg skuldi fyr all den skaden han hadde lide baade paa folk og fe.

Njell Laupstad og Ingeborg høyrde paa alt dette, og negta alt som var sagt. So kom Ingeborg med den rettingi i bøni fyr smaatroll, som fyrr er uppskrivi. Njell Laupstad las ei bøn fyr smaatroll. Ho var so:

Mari spurde den velsigna sonen sin:
„Korleis kann kvikt koma i heilt hold?“
„Det drøypte ein naableik mann,“ sa Jesus.
Mari spurde Jesus daa:
„Kven skal kvikt or holdet taka?“
„Det skal nie næringsmøyar,“ sa Jesus;
„dei skal ikkje søden sova*)
og inkje varmen vaka

*) *søden sova*: sume trur at det helst skulde vera *soden (el. søden) supa*; soden, søden (uttala *søen*, som dei enno segjer i dei bygderne) skulde daa vera det same som *kokt*: dei skal ikkje smaka soden mat.

fyrr dei kvikt or holdet taka,
kvikt or hold, og kvikt or blod,
kvikt or all hans leda-mot.
Upp gjeng sol og ned gjeng stjerna;
dei skulo sprikka og dei skulo spy
og bliva i vatnet og verta til inkje."
I tri namn: Gud fader, Guds son, Gud den heilage ande!
Amen.

Han negta turt at han ikkje kunde meir vondt. Det same gjorde Ingeborg.

— Det siste rettsmøtet var paa Aarsland i Valla skipreida (Varhaugs-sokni). Der møtte borgarmeister Henrik Hansen i Stavang med fullmagt i staden fyr lensherren, og so futen Søren Andersson og skrivaren Rasmus Svendsen, lensmennerne Einar Aarsland (Valla skipreida), Tore Hetland (Hetlands sk.), Hans Reime (Kvia sk.), Laurits Svela (Bjerkreim) og Atlak Tengs (Eikersund), dertil desse lagrettesmennerne: Olav Hadland, Jakob Aase, Berulv Veshovda, Olav Tengsareid, Gjert Hogstad, Svein Horr, Rasmus Bø, Mogens Horr, Baard Husveg, Olav Voll, Rasmus Voll og Olav Anisdal.

Daa førde futen fram tvo fangar som var skulda fyr trolldom og lengje hadde site fast; det var Njell Laupstad og Ingeborg. Futen meinte paa det at dei skulde refsast paa livet — med baal og brand. Daa vart det so avgjort og dømt, at ettersom Njell Laupstad og Ingeborg, kona hans, var hardt skulda fyr trolldoms-kunster, og dette og var stadfest med skotsmaali dei hande fenge, og med provi som var førde, — tilmed hadde Njell Laupstad lese upp sumt som ikkje kunde vera anna en signing og maning, so han ved det same vanbruka den allrahøgste Guds heilage namn, og Ingeborg Laupstad sameleis, etter det ho hadde lese upp og vedkjent seg at ho kunde; ho hadde attaat alt anna rymt av, tvert imot det som ho strengt hadde lova, so usaka kunde ho inkje vera; — so vart det daa dømt og avsagt, at alle desse skuldingar og vitnemaal ikkje beint fram kjem yver deim paa den maaten som lands-logi og recessen segjer, men so at dei baae tvo kann med signing og maning; di skulde Njell Laupstad og Ingeborg hava forbrote alt det dei aatte, til kongen og ryma Norig og Danmark og baae fyrstedøme, og dei vart fyre sagde at dei skulde vera her or fylket innan 8 dagar. Var det nokon som sidan fann deim her, so laut dei lida soleis som recessen hadde sagt um slike folk.

I eit ting paa Ogna den 17de mai 1659 vart det framlagt ei uppskrift paa alt det som Laupstad-folket hadde lete etter seg. Det var lensmannen Atlak Tengs som hadde havt med seg 6 menner (Jakob Tengs, Olav Tengsareid, Kjetel Slettabø, Arild Slettabø, Gunnar Mjølhus og Eirik Mjølhus) og skrive det upp. Dei hadde funne reide pengar 48 rd, $^1/_2$2 ort 8 skill., — buskap og korn og lausøyra verdsett til 49 rd, 3 ort 4 skill., — „gjeld“ i bygdi som det var uvisst um dei fekk inn, 16$^1/_2$ rd. Det stend ingen ting um dei 7 dalarne hjaa Mattis Nodland, um dei var medrekna. Det som var kosta paa deim den tid dei sat fangar, var 8$^1/_2$ rd. Det vart fyrst fraateke. Resten vart innkoma i kongs-kassa.

Kvar det vart av borni, fær me inkje vita. Noko av midelen fekk dei visst inkje.

Helder ikkje fær me høyra kvar det sidan vart av Njell og Ingeborg. Kann henda hadde dei ei raad til aa koma seg ut or landet; men det trulegaste er at dei vanka fredlause ikring. Daa sumarstinget var i Sokendal aaret etter dei var dømde, lyste futen til at kvar den som hyste eller hela med Njell Laupstad eller kona hans, kunde venta seg hardaste medferd etter logi. Det tyder paa at dei heldt seg paa dei kantar, allvisst det aaret.

I Dalbygderne var det i den same tid mange, helst draapsmenner, som fór ikring fredlause. Bygdarfolk klaga rett som det var yver alt dei laut lida av slike folk. Helst paa stølarne. Men mange tykte synd i desse fredlause folki og let deim vera i den verdi dei var. Kann henda var det dei som gav deim ei hands-rekning og ein gong imillom. Hende det at dei vart tekne, so galdt det livet. Men daa vart det mest alltid utlag paa ymse maatar, og det synte atter i rekneskapen. Fyr Laupstad-folket hev me aldri funne slike utlogor etter dei var dømde.

Den næste odelsmannen løyste garden deira i 1659 fyr 45 rd. Tek me ikkje i mist, so var det Olav Ramsland (som seinare vart lensmann i Hetlands skipreida) som var løysaren; men garden vart lengje liggjande i øyde (eller under fefot). Det gjekk manns-aldrar fyrr andre folk busette seg paa Laupstad.

SIGRID SIGURDSDOTTER

Ho var gift kona og budde paa Vik i Erfjorden, Jelsa sokn. Dei sette henne fast 4de april 1663, og 4 dagar etter førde futen henne fram paa tinget paa Hemnes.

Det var fiskalen som gjorde at ho vart sett fast, og han tiltala henne for at ho kunde med trolldom, og for at ho hadde forgjort ein mann som heitte Josep Vik og budde i Erfjord. *Johans Tednes, Olav Tveit* og *Rasmus i Sundet* stod fram og vitna at dei hadde høyrt Josep segja det var ho som hadde drepe honom; han gav henne skuldi fyr at han var øydelagd fyr heile livet. Han hadde og sagt at her ein sumar vilde ho slaa i alle skaarar og skard i Viksfjelli. Det forbaud han henne og vilde slaa sjølv. Daa sa ho: „Slær du i aar so skal du vita at du kjem ikkje til aa slaa eit anna aar.“ Sidan den tid hadde ikkje han havt ein helse dag; han var forgjord. Dette same sa han og til henne so mange folk høyrde paa det. Daa sa ho: „Betre deg korleis du kann tala!“ Til desse same mennerne hadde Josep og sagt, at daa ho tala dette til han, vart han liggjande same dagen i den vonde sjukdomen som han sidan hadde lide av. Det var reint syndsamt aa sjaa kor han laut lida.

Sidan kom det fram mange vitne. *Helge Kristoffersson* vitna at vaaren fyreaat hadde Olav Haaland gjeve han lov til aa spa upp ein aakerflekk yver paa Vik. Dette vart Sigrid gali paa og sa til deim: „De kann gjerna spa og saa, men det vert dykk ikkje til noko gagn; de skal inkje godt faa av det.“ Tvo — tri dagar etter vart kona hans braatt sjuk og laut til sengs. So laag ho og talmast, alt til ho døydde hausten etter.

Olav Haaland heimde etter ei som heitte Kari Klomber, ho sa høgt og skile at det var Sigrid som hadde sett det vonde paa Josep. Kari Klomber var synsk, og ho kunde sjaa at Sigrid stod upp-yver mannen og vilde gjera han god atter, men fekk det ikkje til. — Det same vitna *Sigrid Eiriksdotter* at ho hadde høyrt av Kari Klomber den same gongen.

Helge Kristoffersson hadde meir aa segja. Ein gong han var ute og skulde fiska aat husbonden sin, fekk han ikkje meir en tvo fiskar. Daa han so kom heim og fann ho Sigrid, daa sa ho: „Kva vil du gjeva meg at du skal faa fisk? Eg kann fiske-vess.“ So tok ho ei spøna og las paa og kasta ho paa sjøen. Same kvelden var det so mykje fisk at noti rivna og dei fekk ikkje eit liv paa land. Den kvelden var hennar eigen mann med og drog.

Gunnar Vikastrand vitna: Det var ein sumar fyr nokre aar sidan, at Sigrid kom og bad honom finna ein drope mjølk aat henne. Daa sa han: „Gud betre meg, arme mann! her sit eg med 4 smaa born og hev ikkje meir en ei ku; eg hev nok ingi mjølk aat dykker.“ „Det er so du segjer jamt, at du inkje hev,“ sa Sigrid; „du skulde ikkje hava noko, og ikkje skal du faa noko heller.“ Gjekk ho so ifraa honom upp til Lovra. Daa ho so kom ned atter, stod kui deira attmed landet. Daa strauk ho kui tri gonger yver ryggen, og straks etter vart ho sjuk. Fem vikor kunde ho ikkje eta anna en gras som dei ryskte og stappa i ho. So ein sundag gjekk baade han og kona hans av til Sigrid og bad henne koma og hjelpa, so sant som ho kunde noko. „Det vert ikkje i dag,“ sa ho; „i morgon kann det henda.“ So las ho i noko salt som dei gav kui. Daa kom ho seg so mykje at ho kunde eta sjølv. Han hadde kui 4 aar etter den tid; men inkje mjølka ho, og inkje tok ho bur. Sidan bytte han ho burt.

Helga Olavsdotter sanna det som mannen hadde sagt um kui deira, og lagde attaat at Sigrid jamt hadde lova henne vondt, og vondt hadde ho lide, just som hi hadde lova.

Olav Treit fortalde at Sigrid hadde kome til deim her eit aaret; daa gav dei henne mjølkemat; ho fekk eta saman med borni deira. Sidan fekk dei høyra at daa ho kom til Tednes, hadde ho sagt at ho tok med seg so mykje som ein munn full i ein skjaa. Etter den dag hadde mjølki deira vorte

so useleg klen; ho var illa etande*). Ikkje fekk dei naame nær so mykje rjome heller som dei fyrr hadde fenge.

Sigrid sjølv sat og høyrde paa alt. Ho sa det var ikkje sant det han Olav vitna, og det same sa ho um alle provi; men Johans Tednes kom og sa beint upp i augo hennar, at daa ho var hjaa deim hadde ho sagt at ho tok ein munn med mjølkemat med seg i ein skjaa.

Olav Haaland, lensmannen, vitna at han hadde gjenge til henne siste hausten og helsa henne fraa Josep at han laut leggja all skuldi paa henne fyr den vonde sjukdomen han hadde vorte liggjande i. Daa han so gjekk, var det tvo tauser (Birgit Mikkelsdotter og Guri Aanundsdotter) som var so nære at dei høyrde mannen hennar segja: „Gud naade meg! eg hev nok lydt deg altfor lengje.“ Daa svara ho: „Teg, teg, Tore! dei skal ingen veg koma med meg.“

Marit Ivarsdotter hadde ein gong sumaren fyrr vore paa Vik; daa hadde Sigrid klaga seg at Marit Haaland hadde teke eit aakerstykke fraa henne. Ho gav Marit Lovra skuldi fyr dette; men Marit Lovra kunde gjerna agta seg. Ho hadde ein gong nista mannen hennar ut paa bytur og let han faa noko sur seid; jamen kunde det henda ho snart fekk noko surt sjølv.

Berit Markusdotter hadde ein gong høyrt Sigrid segja: „Treng eg i aar, so Gud late honom trenga til aars!“

Gunnar Vikestrand hadde meir aa segja. Det var ei kona som døydde, og dei sa ho hadde lide av den spitelske sykja; det var mannen hennar Sigrid som hadde bore dette ut. Daa vilde lensmannen hava ein som skyna seg paa sovore, til aa sjaa yver liket, og so fekk han vitnet til aa gjera det. Han saag vel paa liket og det viste seg at ingen ting skakka, anna en det var noko hudlaust paa den eine mjødmi. Medan dei heldt paa med dette, kom Sigrid og vart standande innfyre døri. Daa bad han henne vøla inn-um liket noko. Med same ho daa kom nær liket tok det til og bløda naseblod; det var so det flaut paa baae sidor.

Mikkel Skreddar hadde fenge Sigrid til aa mjølka kui deira; daa ynskte ho uhema yver den som sist hadde gjort det. Sidan

---

*) illa (idla) etande = mest ikkje etande („ilde ædendes“ er det skrive i tingboki).

Marit Haaland var kona til lensmannen, Olav Haaland, og Marit Lovra, dotter hennar, var gift med Knut Lovra som sidan vart lensmann.

var det som ho fekk spitelsk sykja. *Berit Mikkelsdotter* sanna dette og lagde til: Ho hadde høyrt av dotter hennar Sigrid, at sosant mor hennar fekk sleppa ut og kunde gjera eitkvart, so skulde ho gjera det verre.

Sigrid vedgjekk daa fyr retten, at ho kunde lesa fyr flòg; det hadde matmor hennar paa Erisdal lært henne. Elles hadde ho mykje aa segja imot alle desse vitnemaali; ho let so at ho var skuldlaus i alle ting, anna en det at ho kunde lesa fyr flòg.

Det som var innskrive i tingboki, vart lese høgt og skile fyr vitni, og dei gjorde alle full bokar-eid paa det dei hadde sagt.

5te mai sette dei rett paa Hemnes. Daa førde dei Sigrid fram til yverhøyring og dom. Baade lagmannen og futen var med og 9 lagrettes-menner.

Kari Klomber hadde ropa ut yver all bygdi at det var Sigrid som hadde gjort Josep Vik i Erfjord helselaus. Ho var paa tinget og sa um seg sjølv at ho var synsk. Ei tid fyre jol eller langt frampaa hausten det aaret som gjekk, hadde ho vore paa Vik og vore inne hjaa Josep, vilde sjaa um ho kunde vera til nokor hjelp. Daa fekk ho sjaa denne Sigrid, eller det var Fanden i hennar liknelse, koma inn med nokre knutar og vilde hjelpa den sjuke. Nokre av knutarne saag ho vart lagde attmed hovudet hans, nokre ned-med føterne, og elles allstad kringum honom.

Johans Tednes hadde vore med fiskalen inne hjaa Josep den gongen han skulde sverja paa henne sjukdomen og hjelpeløysa som han laut dragast med. Daa lagde han handi paa hovudet hennar og sa: „So sannt Gud vil hjelpa meg fraa denne sjukdomen, so er du banemannen min, og du hev gjort det med trolldoms-kunst.“ Ei tid etter hadde han tala med Josep; daa hadde han sagt at sjukdomen hadde letna sidan han hadde lagt handi paa hovudet hennar. Han saag friskare ut og en han hadde gjort paa lengje.

Olav Tveit prova det same um kva Josep hadde sagt og gjort daa fiskalen var der. At han hadde besna etter den tid, det vitna baade Olav Haaland og fiskalen Kristen Nilsson sjølv. — Johans Tednes og Olav Tveit gjorde eiden paa at Josep hadde lagt handi paa hovudet hennar og lagt all skuldi paa henne.

Dei talde trutt fyre Sigrid og bad henne segja sanningi.

So spurde dei um ho ikkje kunde med anna en lesa fyr flòg. Sa ho daa at ho kunde lesa fyr smott. Imot Klomber-Kari sa ho at ho visste ingen ting um alt det som ho hadde skulda henne fyre.

Endaa ein gong laut dei skjota ut saki, sidan det ikkje var meir en 9 lagrettesmenner.

2dre juni var det rett atter paa Hemnes. Daa var det og ein ting i vegen: korkje futen eller fiskalen vilde leggja sak paa henne og setja i rette korleis det skulde dømast; baade den eine og den andre skaut det fraa seg og av paa den andre. Den sjuke Josep Johansson var so god at han kom fyr retten. Der lagde han handi paa hovudet hennar Sigrid so alt tingfolket saag paa det, og svor paa at ho var hans bane. Han tvigla ikkje i minste maaten, men gjorde sin dyraste eid paa det same. Dei bad honom tenkja vel yver kva han sa; han svara at det kunde han vitna fyr Gud at han ikkje hadde sagt anna en sanningi. Sidan han fyrste gongen hadde svore paa det, at ho var skade-kvinna hans, hadde han besna alt fort, so no var han med det likaste han hadde vore sidan han fekk sjukdomen. Endaa vilde korkje futen eller skrivaren leggja retten fyre korleis ho skulde lida, men dei kravde dom yver henne etter alt det som daa var prova.

Mikkel Skreddar og *Olav Haaland* vitna kva mannen hennar hadde sagt: Sidan ho vart sett, hadde det vorte so utrutt i huset at han torde ikkje liggja heime. Det var ei rumstering som ikkje vart ende paa; han tykte ho fór og skramla og ramla i huset stødt. Dette gjorde dei eiden paa.

Retten tok daa til aa grunda paa saki, og so dømde dei at sidan ho hadde forgjort baade kriste folk og stakars umælande beist, so hadde ho baade etter Guds og kongens log forbrote livet. Dei var samrøystes med paa dette baade skrivaren og alle domsmennerne: Stein Jelsa, Gjert Tysseland, Aasmund Kilane, Andres Hanakamb, Jo Fuglastein, Svein Skeie, Truls Vatland, Hans Hemnes, Øystein i Bygdi, Tore Vatland, Knut Vaaga og Andres i Bygdi, og dei dømde etter raadføring med lagmannen.

Ho vart retta attmed eit naust i Haalands-osen ei tid etter. I rekneskapen ser det ut som det var 26de juni. Det var ikkje so lite dyrt. Meistermann laut dei henta fraa Bergen; han fekk 16 dalar til løn og ferdapengar att og fram. Ein kar som

henta meistermannen, fekk 3 dalar. 8 skilling gav dei fyr eit ark papir til aa skriva stemningi paa. 1 ort kosta det aa faa stemningi skrivi med innsigle paa. $^1/_2$ dalar kosta stempla papir til domen, og 2 dalar fekk skrivaren fyr di at han skreiv domen. Ho sat fast 12 vikor, og fyr kosten gav dei $^1/_2$ dalar vika. Innkomor var det ikkje, anten det var so at ho ingen ting aatte, eller dei hadde gløymt aa setja det inn i domen, at kongen skulde hava midelen; det er ikkje ulikt til dess.

TURID HAUSLAND

Nett i dei dagar daa Sigrid Sigurdsdotter vart avliva, lagde dei sak mot tvo andre kjeringar fraa Erfjord, som var skulda fyr trolldom.

17de juni 1663 var det ting paa Haaland. Daa førde futen fram Turid Hausland, ho skulde høyra paa vitnemaal.

Fram kom daa fyrst *Knut Hausland* og *Borgny*, kona hans. Mannen vitna at han hadde vore inne hjaa Johanna Eiriksdotter, sonakona hennar Turid, daa ho døydde. Tvo konor som var med inne, gjekk ut; for dei trudde ho alt hadde skote anden. Knut gjekk daa burttil liket og vilde lata atter munnen og augo hennar og retta ut føterne; for ho laag so krokut med knei. Han bad kona si hjelpa til med dette. Best som det var tok Johanna til aa røra paa seg; ho ropte og illskreik: „Aha! Gud fader forbanne og refse den store reven!“ Daa spurde Siver, mannen hennar, kven ho meinte med det. „Det er ho Turid Hausland, mor di, den forbanna trollkjeringi, som du veit um likso vel som eg,“ sa ho. Turid Hausland sa daa: „Gud forbanne deg, at du skulde koma folket mitt so nær! Eg sa deg det fyrr, Siver.“ Daa treiv Siver kniven og vilde renna i bringa si; men Knut fekk taka kniven fraa honom. Sidan gjekk Siver fram til kona si og las Fadervaaret; men ho kunde ikkje segja det etter; ho døydde straks. Borgny sa og det same som mannen, og baae gjorde eiden paa det.

Turid sjølv og Siver, sonen, stod og høyrde paa dette. Dei sa baae tvo at det ikkje var sant. Knut og Borgny vitna dette berre av hat og ovund, sa dei. Elles sa Turid at ho høyrde ikkje anna av Johanna en „Aha,“ og so nemnde ho Borgny og ikkje henne.

Marit Rørtveit var ei av dei konorne som hadde vore inne daa Johanna døydde. Ein time eller tvo fyrr ho skaut anden, hadde ho klaga og sagt, at daa ho vart sjuk fyr aatte dagar sidan, daa kjende ho det fyrst millom akslerne; det var liksom ein kvaks hadde stunge henne, og daa ho vakna upp var det som dei rørde og stakk med tusund knivar i henne. Daa sa ho at ho hadde drøymt um Borgny Hausland; ho hadde kasta ei ritla paa henne. Meir hadde Marit ikke høyrt.

Dei spurde aalmugen kva ord Turid Hausland hadde i bygdi. Daa svara alle at dei kunde ikkje anna segja en dei hadde høyrt ymting um at ho skulde kunna med trolldom; men gjerningar visste dei ikkje av. Ikkje var det nokon som lagde sak paa henne fyr noko slikt heller. Futen tok og sette henne fast til yverhøyring seinare.

So sat ho paa futagaarden heile sumaren; for so lengje slaatten varde og det hardaste sumars-stræve't, kunde dei ikkje halda ting.

Tri dagar etter olsok heldt dei ting paa Hemnes. Daa førde dei fram Turid Hausland og yverhøyrde mange vitne.

Olav Haaland, lensmannen, kunde ikkje anna segja en at det ordet hadde gjenge lengje at ho kunde med trolldom, og at folk var rædde henne; men kva ho kunde, det visste ikkje han. Sjølv hadde han ikkje røynt noko, og ikkje hadde han høyrt andre heller klaga paa at ho hadde gjort noko vondt.

Hermann Tysse vitna det same som lensmannen.

Rasmus Erfjord visste ikkje um nokon trolldom. Det einaste han visste var at ho og grannarna alltid hadde livt i strid og kiv.

Per Tveit sa det same. Han hadde nok høyrt at ho skulde kunna gjera vondt; men det var mest i dei seinste aari, og det kunde gjerna ha kome av striden millom grannarne.

Tore i Vik fortalde at han hadde tent paa Hausland fyr vel 40 aar sidan; han var daa ikring 9 aar gamall. Ein gong daa, det var som ei 3 vikor fyre jol, fylgde han Turid ut paa marki. Daa kom det ein graa hest imot deim, og straks vart *han* teken. Han visste ikkje kvar det vart av 'an fyrr um morgonen; daa var han i ei onnor stova paa Hausland.

Gaute Fjetland var gift med dotter hennar Turid. Han hadde aldri visst noko vondt um henne, anna en det som han liksom andre folk fekk høyra av bygda-røl. Um ho kunde noko gale, visste ikkje han. — Det same sa Kari Fjetland, kona hans.

Olav Ystabø visste ikkje anna um Turid en det han hadde høyrt i bygdi: det gjekk som ei ymting um at ho kunde trolla; men um dotteri, Kari Fjetland, visste han, at ho ein gong i eit brudlaup paa Langeland i Vikadals skipreida hadde ruska under hovudet hans. Kva ho meinte med det kunde han ikkje skyna; men han tenkte baade eitt og anna, helst sidan han hadde høyrt sumt fyrr baade um henne og mor hennar. Han tok fast tak i Kari og ropte paa ljos. Sidan fann han noko mose og mold ihoptulla under høgjendet. Kva det skulde vera til, visste han ikkje. Heller ikkje kunde han visst segja at det var ho som hadde lagt det der. — *Kari Fjetland* sa til dette at ho hadde set han laag skakt med hovudet, og vilde beinka paa 'an; anna hadde ikkje ho meint. Mosen og moldi visste ho ingen ting um, so sant som ho venta naade og sæla hjaa Gud.

Mikkel Skreddar visste um skjelling millom grannekjeringarne; anna vondt visste han ikkje um Turid. Um Kari Fjetland og den ruskingi under hovudet hans Olav Haug kunde han fortelja kva han hadde høyrt ein gong med Jelsakyrkja daa dei var i hop og trættast.

Stein Jelsa hadde og høyrt at det hadde vore mykje trætta millom grannarne. Anna vondt hadde han aldri høyrt um Turid fyrr det bilet dei sette henne fast.

Knut Skimleim kunde ikkje anna segja en at ho skulde vera namngjeti fyr trolldom; men han kunde ikkje visst segja anten han hadde høyrt det fyrr dei sette henne fast eller seinare. Um Kari Fjetland hadde han høyrt at naar ho lova nokon vondt so kom det vonde yver deim.

Jakob og Ingeborg Lid vitna det same baade um Turid og um Kari Fjetland.

Torgeir og Torborg Fjetland visste ingen ting vondt um Kari anna en det som Olav Haug hadde bore ut-yver.

Alle desse vitne gjorde eiden paa det dei hadde sagt so nær som Gaute og Kari Fjetland.

Siver Hausland kom no fram og sa at det ikkje kunde vera sant det som Knut og Borgny hadde vitna um kona hans. Han svor paa at ho hadde ikkje sagt so mange ord fyrr ho døydde. Elles meinte han helst at Knut og Borgny ikkje skulde havt lov aa vitna. Knut hadde stole 6 ort hjaa Vilum Smed paa Tveit, og Borgny hadde vore namngjeti fyr trolldom den

tid ho budde paa Tveit. Borgny Hausland sa ho hadde høyrt det same fyrr av Turid, og det hadde ho klaga henne fyre til presten. Turid sa og at Borgny hadde skjelt henne fyr trollkjering. Dette, sa Borgny, var ikkje annleis meint, en at Turid skulde vera trollkjering, til dess ho kunde prova at Borgny var det. — 11 vikor seinare var det ting paa Hemnes atter. Der var skrivaren og 12 domsmenner: Gjert Tysseland, Tormod Soland, Jakob Lid, Aslak Brattland, Olav Foløy, Arne Berrakvam, Olav Bandaberg, Siver Vela, Tomas Bjerga, Andres Hanakamb, Torgils Brommeland og Paal Mo. — Futen Peder Gotskesøn lagde fyre deim at dei skulde døma Turid Hausland, og det maatte vera til baal og brand, og all eigedomen skulde dømast til kongen.

Retten granska vel provi yver henne, og kunde ikkje finna at ho hadde gjort nokor trolldoms-gjerd, eller at nokon hadde lide vondt etter hennar lovnad. Det var ikkje andre skuldingar en det som sonakona hadde sagt daa ho laag paa det siste. Kva ho hadde meint, eller kva ho kunde visst um, var det raadlaust aa segja no. Truleg mistenkte ho Turid, at ho hadde sett sjukdomen paa henne. Elles var vitnemaali um dette komne fraa tvo som var mann og kona, og Borgny og Turid hadde lengje trættast og kalla kvarandre trollkjeringar. Andre hadde nok prova at dei hadde høyrt um trolldoms-kunster; men ingen hadde nemnt noko gale som ho hadde gjort. Daa visste retten ikkje rettare aa gjera en aa døma at Turid Hausland innan tie vikor, um ikkje heilagt kom i vegen, skulde ganga sin dyl og sjølv tolvte sverja paa at ho var skuldlaus i det som ho var klaga fyr.

Endaa ser det ut til at ho vart sett i bolt og jarn og laut fylgja med til futagarden.

28de januar 1664 var dei 10 vikorne ute; men Guds strenge vêr var i vegen, so korkje futen eller ho kunde koma til Hemnes. Dagen etter kom dei, og daa var skrivaren og domsmenner paa tingstaden og venta. Der hadde og møtt fram 11 „dyls-kvinnor“ som var tilnemnde; det var Oddbjørg Josteinsdotter Rosseid, Tjøn Larsdotter Soland, Marit Toresdotter Bandaberg, Eli Markusdotter Kaltveit, Kari Mattisdotter Bergaland, Magla Knutsdotter Bergaland, Birgit Olavsdotter Høvik, Synnøva Larsdotter Ytre Høvik, Randi Persdotter Hemnes, Marit Johansdotter og Gunhild Hoskuldsdotter Hemnes.

Dei tala trutt fyre Turid Hausland, at ho laut tenkja seg vel um kva den eiden ho no skulde gjera, hadde paa seg. Var det so at vonde folk eller Hinmannen hadde fenge henne til aa læra trolling og signing eller maning, so var det best ho vedgjekk det; daa kunde ho endaa venda um og faa naade baade hjaa Gud og styremagterne; men forsvor ho seg fraa Gud til Djevelen, so var det inkje naade aa venta seinare. Daa svara ho med fritt mod at ho gjerna vilde sverja den dyraste eiden dei vilde leggja fyre henne. Lagde ho so den høgre handi paa logboki og sa høgt og skile etter den eiden som vart fyre sagt, at ho i den saki som ho var skulda fyre, var reint fri og skuldlaus, aldri hadde korkje lært eller kunde med trolldom, og um ho no svor rangt, daa ynskte ho at alt det gode som Kristus med si heilage pinsla og daude, uppstoda og himmelferd hadde gjort og tent fyr henne til æveleg sæla, skulde verta henne til æveleg daude og fordøming, so ho kom i henderne paa Helvites meistermann og skulde pinast i æveleg tid.

Daa ho hadde gjort denne fæle og dyre eiden, kom dylskvinnorne fram og svor, at ikkje rettare en dei visste hadde Turid Hausland svore beint.

Daa vart etter raadføring med lagmannen dømt, at sidan Turid Hausland hadde sjølv tolvte fraalagt seg den grove trolldoms-saki dei hadde skulda henne fyre, skulde ho i alle maatar vera fri og sleppa or fangehol og jarn.

KARI KLOMBER

Ho var med og vitna paa Sigrid Sigurdsdotter, og daa sa ho um seg sjølv at ho var synsk.

Etter rekneskapen sette dei henne fast 19de juni 1663. Det var ikkje berre fyr det ho sjølv hadde sagt, men helst fyr det som me no skal høyra.

Daa tinget var paa Hemnes 3 dagar etter olsok, førde futen henne fram fyr retten til aa høyra paa vitneprov.

Olav Haaland, lensmannen, stod fram og vitna um Sigrid, den kona som vart avliva den sumaren, kva ho hadde sagt fyrr ho vart pint. Daa vedgjekk ho, so baade han og andre høyrde det, at Kari Klomber hadde kome til henne siste hausten, daa dei tvo heldt paa og forgjera Josep Vik, og daa vilde ho plent læra henne ei bøn. Sigrid spurde um det var Guds ord eller det var noko vondt. Kari sa det var „korgje“, og tok so paa aa lesa:

„Min Gud, du værdig Helligaand,
vik fra mig, og du Djevel kom
til mig igjen — —“

Sigrid slo kross fyr seg og sa at det vilde ho korkje læra eller høyra. Kari truga henne og sa, at vilde ho ikkje læra det, so skulde ho sprikka, det kunde ho lova henne; eller og skulde ho (Kari) ljuga livet av henne. Sigrid vedgjekk at den tid dei heldt paa forgjera Josep, daa sydde dei ein vette-ulltraad inn i klædi hans; men traaden datt av for snart. Hadde ikkje det vore, so hadde ikkje Josep livt no, sa ho.

Knut Lovra sende ein setel paa ustempla papir, og skreiv at han ingen ting visste um dette; for han var ølsjuk den tid

daa Sigrid og Kari var til ords um dette i naustet paa Haaland. So daa laag han paa marki og sov.

Hermann Tysse kunde ikkje minnast stort av det som Sigrid hadde sagt. Han høyrde at Kari vilde havt henne til aa sverja seg fraa Gud fader og Sonen og Den heilage ande, og so hadde han som ein draum um at dei nemnde ein traad. Meir visste ikkje han.

Rasmus Erfjord kunde ikkje minnast anna en at Kari vilde hava Sigrid til aa forsverja Den heilage ande, og beda at den vonde anden skulde koma til henne i staden.

Per Tveit visste inkje um alt dette; han stod berre i naustdøri. Men det høyrde han at Sigrid sa til Kari Klomber: „Du hev logje livet av meg.“

Torkell Rørtveit vitna: Alt det han kunde minnast av dette, var at Kari Klomber vilde hava henne til aa segja: „Kom du Sattan og tak den heilage ande fraa meg!“ Og so høyrde han Sigrid klaga at Kari hadde logje livet av henne.

Tore i Vik fortalde kva han hadde høyrt paa Haaland av kona si fyrr ho vart avliva. Hausten som var hadde dotter hennar Kari Klomber kome til henne og vilde hava noko smaasild. Daa spurde Sigrid henne: „Kor liver han Josep?“ „Han er so mykje han kann faa seg mat no,“ sa dotter hennar Kari; „mor segjer han er so underleg. Ho sydde ein traad inn i klædi hans. Daa so traaden gjekk av, fekk han det verre.“ Sigrid spurde: „Kva hev han fenge det av? er det av garden eller av haugen?“ Det fekk ho ikkje greida paa. Morgonen etter kom Kari sjølv ned til henne og sa: „Vil du lesa ei bøn etter meg?“ „Det skil kva det er,“ sa Sigrid. „Er det Guds ord eller er det eitkvart vondt?“ Kari sa at det var korgje, og so lagde ho til: „Eg kann 6 eller 7, eg.“ So las Kari fyr henne: „Aa Herre Gud! tak Den heilage ande fraa meg!“ Daa sa Sigrid: „Kva tenkjer du, um lensmannen og presten høyrde slikt!“ Kari sa daa: „Gud gjeve futen og du var Fanden i vald! Kyss du futen i r . . . . hans! Men det segjer eg deg at nemner du dette til nokon, so gjeng det deg gale. Um det var ein stein du sa det til, so skulde eg faa deg til aa sprikka sund paa marki, eller og skulde du koma i henderne paa styremagterne.“

Gunnar Larsson Kathagen hadde høyrt at den tid Kari Klomber kom inn til den sjuke Josep og skulde sjaa kva som

var i vegen med honom, daa sende ho dotter si til Sigrid og skulde faa noko smaasild. Sigrid sa det var lite sild ho hadde fenge, so det var ikkje stort ho kunde gjeva. Sidan spurde ho gjenta: „Kva sjukdom segjer mor di at Josep lid av? Hev han fenge det fraa garden eller av haugen? Av vonde folk eller av Gud i himmelen?“ Dotteri svara: „Ja mor veit kva han hev fenge det av; det er nok av vonde folk.“ Sidan fortalde ho at mori hadde knytt tri knutar paa ein traad og lagt paa den sjuke mannen, og hadde ikkje den traaden gjenge av, so hadde ho bøtt honom. Kari gjekk straks etter ned til Sigrid og sa: „Vil du læra ei bøn av meg?“ Sigrid spurde kva det var fyr lesing; var det godt, so vilde ho læra; men var det vondt, so Gud vare henne fyr slikt. Kari sa: „Ho er nok vond og ikkje god.“ Daa sa Sigrid: „Kann du med sovore du?“ „Ja,“ sa Kari, „eg kann sju.“ Sigrid sa: „Gud fri oss fyr sovore!“ Daa sa Kari: „Vil du ikkje lesa etter meg, so skal eg ljuga livet av deg. Gud hjelpe meg som hev sagt dette til deg! No kann du segja det til andre; men gjerer du det so skal eg lata deg sprikka livande sund. Eg fær nok vita det, um det var ein stein du sa det til.“ Sigrid sa daa: „Er du slik, so Gud gjeve styremagterne visste det.“ „Kva styremagter?“ sa Kari. „Futen,“ sa Sigrid. Daa sa Kari: „Skam faa du, og futen med.“ Sidan sa ho: „Kom Sattan, og tak din Heilage ande fraa meg!“ Dette høyrde han Sigrid fortalde baade paa Hesby og paa Haaland.

Alt dette gjorde dei eiden paa, kvar paa det han hadde vitna. Kari Klomber sat og høyrde paa alt. Ho svor høgt og skile at det var lygn det som Sigrid hadde sagt um henne. Ho gret og svor, og sa ho var saklaus. Berre det vedgjekk ho at ho var fødd synsk. Det var sant som ho hadde sagt, at ho saag hamen hennar Sigrid inne hjaa Josep. Josep var gift med systerdotter hennar, so ingen kunde undrast um ho vilde sjaa til honom. Anna vondt kunde ho ikkje, sa ho. Jau, ho vedgjekk at ho visste raad fyr sjuke folk som hadde fenge det vonde fraa haugen. Hadde nokon arga upp dei som bur i haugen, so kunde ho ei bøn:

„Heil vere deg!
sæl vere deg!
Hev nokon arga deg, so gjev deim til!“

Meir kunde ho ikkje anten av signing eller maning eller lesing; anna en det som var Guds ord, lagde ho til.

Alle dei folki som paa tinget var, sa at dei aldri hadde høyrt eller visst noko vondt um henne, fyrr det kom ut-yver det som Sigrid hadde sagt. Andre prov eller skuldingar mot henne en det som no var innsett i tingboki, fanst ikkje.

So var det ting paa Hemnes atter den 19de november. Dei 12 lagrettesmennerne er nemnde i saki mot Sigrid Hausland. Futen meinte at sidan Sigrid med dauden fyr augo hadde vedgjenge at ho og Kari Klomber hadde vore ihop um aa forgjera Josep Vik, og ho sjølv hadde vedgjenge at ho var synsk og kunde beda fyr deim som hadde fenge vondt fraa haugen, so var det greidt at ho kunde med trolldom, og det var ikkje onnor raad en aa refsa henne med baal og brand.

Dei kalla inn heile ting-aalmugen og spurde um det var nokon som hadde eitkvart aa klaga paa henne i so maate at ho anten hadde lova vondt og dei sidan hadde fenge det, eller at ho paa onnor vis hadde gjort noko menneskje skade med trolling. Daa svara alle som ein at dei aldri hadde anten høyrt um sovore eller røynt det av henne. Dei gav henne eit godt skotsmaal.

Daa so retten hadde granska vel alt det som var framkome, fann dei ut fyr det eine at det var ført vitne paa kva den trollkjeringi hadde sagt som var refst i Erfjord sumaren fyre. Det var mange som hadde høyrt paa dette, men um ein ting var det ingen som samstava, og i ein annan ting vitna dei reint ulikt. Det kunde ikkje vera aa lita paa det som hi troll-kjeringi hadde sagt. Helst saag det ut til at ho hadde sagt det av hat og i den meiningi at Kari Klomber skulde faa like fyr det ho hadde gjort daa ho, synsk som ho var, fortalde kva ho visste um henne. Fyr det andre fanst det inkje klaga paa henne at ho hadde gjort noko menneskje eller dyr skade. Det einaste var det ho sjølv hadde vedgjenge at ho var synsk og at ho kunde hjelpa deim som leid mein av haugtroll.

Daa vaaga retten seg ikkje til aa døma henne fraa livet; men sidan ho sjølv hadde sagt ho var synsk, og at ho nattes tider kunde sjaa det vonde som heldt seg i haugar og gards-tun, og hjelpa deim som leid mein av di dei budde paa sovorne faarlege stader, so — anten no dette var noko som ho, stakars

faakunnuge menneskje, laug paa seg sjølv, eller det var noko sant i det, det maatte ho vita best sjølv —; men sidan ho fór med slik maning og signing og trolling, laut ho etter log og rett landlysast. Innan tri solemerke skulde ho vera ute or fylket. Sytte ho ikkje fyr aa koma seg undan til den tid, so skulde ho refsast paa halsen.

AAGOT HENRIKSDOTTER BARSTAD

var skulda fyr trolldom og vart førd fram i tinget paa Hetland dagen etter jonsok 1664.

Ho tilstod at ho hadde vore hjaa Ivar Straumstad daa han var sjuk, og lova at han skulde verta betre naar han vilde bruka ei raad som ho visste. Ho hadde laga i hop ei smyrja av krut og kvitlaug og edikk. Smurde han seg med det paa hovudet, so skulde han snart verta betre, hadde ho sagt. Daa ho kom til Straumstad, gav Ivar henne 1/26 dalar, og ho lova at ho skulde gjera han betre. Dette vedgjekk ho sjølv; men mange folk elles hadde mangt aa segja um korleis ho hadde fare aat. *Olav Ramsland* hadde høyrt siste langfredag ho hadde sagt at vilde ikkje Ivar Straumstad gjeva henne tie dalar, so kunde ikkje ho lova han besning; men fekk ho det, so skulde ho berga han fyr flesket og kjøtlaaret som ho hadde gjeve honom, og daa skulde han verta god att som han hadde vore.

Knut og *Jørund Hetland* vitna: daa dei fekk vita at Ivar hadde vondt, so fór dei til Sokendal til Barstad og spurde henne um ho kunde vita nokor raad. So kom ho upp og hjelpte honom paa den maaten som nemnd er.

Olav Hæstad vitna at ho var hjaa honom fyrr ho kom til Straumstad, og daa let ho um at ho venta seg ein ny klædning hjaa Ivar naar ho hadde gjort han god att.

Alt dette hadde presten fenge vita, og so hadde han skrive til futen og sagt at Ivar Stäumstad hadde gjeve henne baade pengar og pengs verd for ho skulde gjeva han att helsa si. Daa vart ho stemnd til tinget.

Dei gav henne fred nokre dagar til tinget vart paa Svela;

men futadrengen som var med i staden fyr futen, vilde hava henne fast. Paa Svela vilde dei ikkje døma henne fyrr dei hadde høyrt kva Ivar Straumstad kunde segja. Futadrengen vilde hava henne dømd etter recessen; det kunde retten ikkje gjera; men so mykje dømde dei, at ho skulde vera i rettens hender til saki hadde kome til endskap.

So høyrer me ikkje meir til henne fyrr mest eit halvt aar er lide. Daa var det ting paa Haugland ein maanad fyre jol, og der var det tvo menner som var tiltala for dei hadde halde vakt so klent at ho fekk ryma av. Futen budde den tid paa Orre, og der sat ho. Daa var Njell Garborg og Karl Mauland tilsagde aa koma til futagarden og halda vakt eit jamdøger paa „ei namngjeti trollkjering,“ Den eine sende drengen, og den andre gjekk sjølv. Daa dei kom til Orre, gjekk ho der laus og ledig kvar ho vilde. Vakt var der ikkje aa sjaa daa dei kom, og ingen var det som sette deim til aa vakta paa henne. Dei saag henne berre ein gong som snarast; dei hadde styrt henne av til Erga eit ærend, og sidan til Vik etter brennevin. Daa saag dei som vaktmenner skulde vera, at ein av hovmennerne til futen rødde med henne og gav henne ein dalar til aa kjøpa fyre. Dei var paa Orre fraa morgonen tidleg; men daa kvelden kom var det ein mann paa garden som sa det med deim, at han visste ikkje kva dei gav seg til der etter; ho gjekk der og hadde god greida paa alt, so henne kunde dei vera trygge fyr. Daa gjekk dei; men „trollkjeringi“ ho gjekk og. Alt dette skulde vaktmennerne føra vitne paa komande fjordungs-ting. Men paa fjordungs-tinget er den saki ikkje nemd. Og den namngjetne trollkjeringi ser me aldri noko til sidan.

Ei onnor kona i Sokendal var og tiltala fyr trolldom ikring den same tid. Det var Helga, kona hans Mikkel Vise i Sokendal; ho var skulda fyr signing og maning og stemnd til fjordungs-tinget paa Hæstad $^{28}/_{2}$ 1657. Det var presten i Sokendal, provasten Jakob Kirsebom, som hadde klaga henne.

Daniel Hanaberg kom fram og prova at presten hadde havt henne fyre seg i kyrkja ein onsdag fyr 4 aar sidan. Daa spurde han henne, so medhjelparane høyrde paa det, um det var so at ho kunde noko som ikkje var av det gode. Ho sa at ho kunde [gjera aat? lesa?] fyr smott, og det hadde mor hennar lært henne.

Jon Rossaland vitna og det same.

Mikkel Vise, mannen hennar, kom fram og sa at ho hadde vore paa vegen; men ho var ikkje god til aa koma so langt som til tinget; for ho var fremmeleg med barn. Han lagde fram eit maal som var teke paa kyrkjegarden i Sokendal $^{8}/_{2}$ 1657; det var nedskrive med 12 manns innsigle under. I det gav folket baade henne og mannen eit godt maal: dei visste ikkje anna aa segja um deim en alt det som godt var. Ho vart dømd til aa møta paa bottolvs-lagtinget det same aaret; men i det lagtinget er saki ikkje nemnd, og ikke finn me noko um henne sidan i heimetingbøkerne heller.

Anna Knutsdotter var fraa Telemarki. Ho sa sjølv at ho var fødd i Hovin-bygd i hr. Hans sitt kall.

Lensmannen Hans Reime i Kvia skipreida sette henne fast og førde henne fram paa Haugs-tinget $^{6}/_{3}$ 1643. Dei klaga paa at ho hadde fare i kring i bygderne med lygn og utruskap, og gjeve seg ut fyr ei som kunde syna atter, og fór med andre løynde kunster. Ho hadde med seg tvo born og klaga sjølv at ho hadde nedfalls-sott, og folk gav henne baade mat og løn og fri skjuss.

Paa tinget vart ho lyst utlæg or fylket. Innan 8 dagar skulde ho vera paa vegen aust-yver. Vart ho sidan funni i dette fylket, eller laug ho seg til skjuss og i andra maatar stelte seg anneis en som det kunde søma seg eit fatig-menne, so skulde ho lida paa livet.

Hr. Hans: Hans Jonsson Gyhme var sokneprest i Tinn ikr. 1621—1650. Hovin-bygd høyrde daa under Tinn.

KIRSTI OLAVSDOTTER

At ho var trollkjering kom upp so reint uvilt. Ho var i lag med eit fantapakk som ein dag midt paa sumaren 1669 kom stigande beint inn i stova til futen, som den tid budde paa Madla. Futen sjølv var ute paa ting-ferd; futekona var heime aaleine med nokre tenarar. Dei vart livrædde og sprang paa døri daa fantarne kom. Ein maanad etter vart dei stemnde fyr retten paa raadstova i Stavang. Futen Peder Lauritsson var klagar, og i retten sat skrivaren Mikkel Gundersen med lensmannen Knut Grøtheim og 12 lagrettesmenner or Goa skipreida, og lagmannen Johan Didriksson var med i raade.

I fylgjet var fanten sjølv og kjeringi hans, og Kirsti Olavsdotter som var syster til kjeringi og hadde fylgt deim eit par aar. Dei var klaga fyr at dei hadde „jaga“ folki til futen ut or huset og sidan fare reint stygt aat i stova til futen, helst fanten sjølv, „nemlig beskedligvis“ stend det i tingboki. Attaat var det klaga paa fanten og kjeringi, at dei ikkje hadde pass, so ingen kunde vita visst um dei var retteleg gifte.

I retten kom det upp at Kirsti Olavsdotter hadde vore paa Søre Sunde nokre dagar fyrr dei kom til futagarden. Der hadde ho bede Margit, kona hans Asser Sunde, etter mjølk. Margit drog paa det og sa at ho hadde so lite mjølk. Ja det kunde henda det, let Kirsti; „for det finst noko tøys i fjoset ditt, og so lengje det er der, kann du ingi lukka hava med kyrne dine,“ sa ho. „Men vil du lata meg grava det upp, so skal det verta likare,“ lagde ho til.

Sidan gjekk ho aat fjoset. Ho bar paa ei øskja med eit lite glas i. Ho fór ikring og saag paa glaset; der det stod

stilt, var det vonde løynt, sa ho. So gav ho seg til aa grava i ein baas, og der fann ho snart ein pose som det var mange ting uppi: tenner og negler, haar og skjegg, høy og halm og anna rask. Ho tok heile posen og brende han upp, og daa ho det hadde gjort fekk ho vondt. Kva ho fekk fyr umaken er ikkje nemnt; men sameleis hadde ho fare aat hjaa ein av grannarne, Ivar Sunde. Dei andre mennerne paa garden, Olav og Lars og Sigmund, vilde ikkje hava nokor hjelp av henne, endaa ho baud seg til der og. Alt dette vitna Asser Sunde og kona hans og Kari, tausi deira, og so grannarne Ivar og Olav, Lars og Sigmund. Daa vilde futen hava dom paa henne fyr trolldom. Sjølv sa ho at ho nok hadde gjort og sagt soleis som dei fortalde; men det var ikkje nokor heksing.

Dei fekk dom alle tri. Fanten sjølv skulde sendast til Bremerholm og sitja 3 aar paa slavari fyr uto-gjerdi si i futgarden, og kjeringi skulde ut or fylket.

Men Kirsti Olavsdotter, „trollkjeringi“, hadde lete seg bruka med skrymt og narra einfelde folk, endaa det var ikkje visst um ho sjølv hadde sett ned det ho fann i baasen, — ho skulde ryma kongens land og rike, og hertug-dømi med, innan ein maanad. Var ho aa finna i desse land naar maanaden var liden, so skulde ho lida paa halsen.

— Um slike aatferder er det mange segner i bygderne. Det var helst fantar som narra folk soleis.

JO GIMRA

vart 1670 hardt skulda fyr at han var trollmann. Daa haust-tinget hadde vore paa Utsola, var det nokre menner som vart sitjande i stova hjaa lensmannen. Dei rødde um mange ting, og daa sa Odd Hedlestø: „So lengje eg hev vore her i sokni hev eg høyrt at Jo Gimra er ein trollmann.“ „Kva er det du segjer?“ sa Jo Gimra. — „At du er ein trollmann, og det stend eg ved. Det er best du legg jarni paa oss og fører oss til Kongsgard,“ sa han til lensmannen, „so kann anten han eller eg verta brend.“ Dette same nemnde han morgonen etter og.

So gjekk Jo Gimra til Kongsgard og tok ut stemning. 18de januar heldt dei rett paa Utsola. Skrivaren, Mikkel Gundersen, var burte; i hans stad var det Jørgen Cortsen Høyer. Futen var Kristen Njellsson Runkell.

Dei som var med paa Utsola og høyrde paa skuldingi, vart stemnde til vitne. Det var no ikkje naudsynt; for Odd Hedlestø vedgjekk fyr retten kva han hadde sagt, og bad um tid til aa føra vitne paa at han ikkje hadde fare med lygn.

Ein maanad etter heldt dei rett um dette paa raadstova i Stavang. Daa lagde Jo Gimra fram brev fraa presten, hr. Bertel Jakobsson. Han hadde høyrt paa at Jo Gimra skaut sitt maal paa kyrkjegarden med Sola kyrkja 3dje advents-sundag, og daa gav dei han godt lov alle; ingen visste um at han hadde fare med nokon trollskap, og dei hadde ingen ting aa segja paa honom i so maate. Fyr sin eigen part sette presten til at han hadde kjent Jo Gimra i 33 aar og alltid halde

honom fyr ein god og gudeleg mann i sokni; aldri hadde han høyrt at folk hadde noko aa klaga paa honom.

Odd Hedlestø hadde stemnt inn ei mengd med vitne. *Tore Haaland* og *Siver Haaland, Jakob Havreland* og *Olav Vigdel* vitna at dei hadde vore med i eit brudlaup paa Ølbør hausten fyrr, og daa hadde Rasmus Sande sagt um maandags morgonen: „Jo Gimra er ein trollmann.“ Anna visste ikkje dei. — Sidan vitna *Andres Folkvord* det han hadde høyrt i brudlaupet paa Ølbør, at Rasmus Sande skjendest med kona hans Kristoffer Tjelta som var dotter hans Jo Gimra; daa hadde Rasmus sagt: „Du er dotter til ein trollmann“; men han var ikkje lite drukken daa han sa det. Elles kunde han ikkje negta at han hadde høyrt folk ymta um at Jo Gimra kunde med trolldom. — *Rasmus Sunde* sjølv negta alt dette. Presten hadde spurt honom i Sola kyrkja um han stod ved det han hadde sagt paa Ølbør. Daa hadde han svara, so baade presten og andre høyrde paa det, at han visste ikkje av det. Skulde han hava sagt noko slikt, so maatte det vera i fylla; um Jo Gimra visste han ikkje anna aa segja en det som godt og ærlegt var. Fyr retten sa Rasmus Sande at han fyr tvo aar sidan miste tvo naut; men han kunde ikkje segja um Jo Gimra var skuld i det. Gud maatte vita kven som hadde gjort det. Og anna hadde ikkje han aa segja.

Dei hadde retts-møte um dette 3 gongjer paa raadstova. Umframt det som her er nemnt kom det upp ymse ting.

Torgeir Tasta vitna at han hadde lege i tvist med Jo Gimra. Daa sa Jo: „Du skal faa skam, skal du.“ Sidan vart han liggjande sjuk; men um det var Jo Gimra som gjorde det, kunde han ikkje nett segja. — *Per Rekje* fortalde at drengen hans Jo Gimra hadde ein gong vore paa Rekje og grypt malt paa innekverni hans; det var no mange aar sidan, i vissa 24 aar. Daa hadde han sjølv teke noko av maltet og gjeve griserne sine. Dagen etter kom ein av griserne burt. Han var burte 14 dagar, og kom so att; men han hadde aldri skulda Jo Gimra fyr det, og ikkje kunde han gjera det no heller. — Mange av vitni visste ingen ting aa segja. Odd Hedlestø sa at Jo Gimra hadde gjort honom galen fyr 7 aar sidan, og han gjekk ikkje ifraa det han hadde sagt at Jo Gimra var ein trollmann.

Jens Bakar var borgar i byen, og det same var *Antonius*

Larssen. Dei tvo og kona hans Jens Bakar var stemnde til vitne, men kunde ikkje takast i eid anna en paa bytinget. So vart dei stemnde til bytinget; men det ser ikkje ut til at dei hadde stort aa segja. *Aslak Timbremann* hadde fyrr butt i byen, men var no paa Rennesøy. Han kom fram paa raadstova og vitna at han fyr 12 aar sidan hadde vore i lag med Jo Gimra i laksafisket paa Sand. Dei hadde lege i hop kvar natt. Daa kom det noko underlegt sume tider um næterne, men han saag ingen ting. Jo kunde liggja og ropa og skrika i svevnen, og naar han vakna, bad han honom at han skulde vekkja 'an, um det hende fleire gongjer. Elles var det ein gong den same sumaren at Jo tok baaten og rodde yver til Tysselandssagi i fina veret. Daa han so kom att um kvelden, var han gjenomvaat og illa voren. Tvo dagar etter hadde han mist kniven sin; han trudde at Aslak eller ein av dei andre som var med, hadde teke kniven. Med dette gjekk det 8 dagar; daa kom sagmeisteren til Sand ein dag. „Eg hev høyrt at du hev mist kniven din," sa sagmeisteren. „Ja, eg hev so," sa Jo; „eg er rædd at ein av folki mine hev teke han." — „Nei," sa sagmeisteren; „her er han; eg fann kniven i ein stokk med sagi." Jo sa daa at med same han kom i land med sagi, so kom det eitkvart og vilde taka paa han. Daa kunde han minnast at han tok kniven og vilde verja seg, og sette han i ein stokk. — Alt dette fekk Aslak ikkje gjera eiden paa; for Niels Kristensson Kjerulf som var sakføraren hans Jo Gimra, meinte at so lengje timbremannen budde paa Rennesøy, fekk han vitna der; tilmed laut han taka prov fraa byen um han var prov-gild; for det kunde det vera tvil um. Ikkje var timbremannen nemnd millom dei vitni som Odd Hedlestø hadde skote paa daa han fyrst lagde denne saki. — Klaus Lauritsson var sakførar fyr Odd Hedlestø, og meinte at han nok kunde vitna, naar han fyrst hadde møtt fram etter stemningi; men retten meinte nei.

Skrivaren Mikkel Gundersen var komen heim att dei fyrste dagarne i mars; men han kjende ikkje til denne saki og let Jørgen Cortsen styra med ho til endes. Domen fall den 8de mars.

Vitni hadde ikkje prova at Jo Gimra kunde med trolldom, endaa mindre at han hadde fare med signing og maning og slikt som recessen nemnde. Odd Hedlestø hadde fare med laus

tale og kome med grove skuldingar; di skulde han vera fjøllmæle. So skulde han bøta til kongen 4 mark sylv etter logi og gjeva Jo Gimra lika fyr kostnaden han hadde havt, soleis som 6 menner gjorde det av. Denne kostnaden var fyre paa tinget i mars 1671. Jo Gimra lagde fram rekning paa 45 rd. 3 ort. Han fekk dom paa 20 rd.

MARGIT KLINGSHEI

Margit Eiriksdotter Klingshei var komi or Bjerkreims-sokni fraa fyrste tid. Der var ho fødd og uppvaksi, men ho budde paa Klingshei i Haalands-sokni.

Det hender sume tider at folk som er komne or ei onnor bygd, i mange maatar kjem til aa liva i strid med dei folki dei bur saman med. Bjerkreim er ei fjellbygd, og Haaland ei flatbygd og sjøbygd. Skikkar og truer vert daa tidt noko ulike. „Nesbuarne“ lo aat henne og tykte ho var burt i veggerne i tru og sed, og ho tykte vel det same um deim. Paa ein maate hadde dei visst god grunn til aa finnast aat kvarandre — baade ho og dei; men naar det kom til stykket var ho aaleine um sitt, medan dei var mange, og berre det gjorde at dei alltid tyktest hava rett.

Elles hev Margit Klingshei vore ei dugande viskjering, framifraa god til aa hjelpa sjuke folk. Daa var det og mange som fekk tiltru til henne, um ho var komi or Bjerkreim-sokni. Til henne kom dei og vilde hava hjelp, jamvel folk som ein minst skulde venta det av.

Tidt var det mykje skrymslegt som fylgde med raaderne hennar. Ho visste det sjølv og trudde paa dette skrymslege meir en paa sjølve lækjeraaderne. Di fleire ho hjelpte, di større tru fekk folk paa at ho var trollkjering. —

Hallvard Kroke heitte ein mann som budde paa ein liten „øydegard“. Han gjekk ein gong til presten og klaga si naud; han fekk ikkje fred, sa han; for han hadde selt sjæli si og forsvore seg til Vondemannen. Det var andre folk som var skuld i det; men han var det som laut lida. Presten den tid var Olav

Bentsson Blomme; han samraadde seg med bispen, og bispen skreiv til provasten at han skulde faa greida paa denne saki. Han skulde taka tvo prestar med seg og halda provastrett. So vart Hallvard Rasmusson Kroke og tvo av dei som hadde ført honom paa range vegjer, etter som han sjølv sa, stemnde og skulde møta fyr provasten; det var Rasmus Stangaland og Margit Klingshei.

Provasten den tid var Peder Eiriksson Leganger paa Haa; han var formann i retten. Dei tvo prestarne han hadde med seg, var Olav Bentsson Blomme paa Haaland og Søren Sørensson Godsen paa Klepp. Det var eit par maanader fyre jol 1682.

Rasmus Stangaland kom ikkje; men baade Hallvard Kroke og Margit Klingshei møtte fram.

Hallvard Kroke sa at den fyrste som hadde ført honom paa range vegjer, det var Per Skadberg, farbror hans. Fyrst hadde han gjeve han inn ein drykk, og daa han hadde drukke var han ør ei lang tid. Sidan ein gong daa Hallvard var paa sjøen og fiska i lag med farbroren, fekk han eit halvskillings-braud, og daa han hadde ete det, trutna han upp yver livet, og sidan gjekk han upp-trutna og bolen heile sumaren etter. Elles var han klen i heile holdet den sumaren. Hausten etter, daa det var kome ut i bygdi at Hallvard hadde vondt og at det var Per Skadberg som hadde sett det paa 'an, sende Per bod etter han, og daa gav han honom inn ein drykk som han sa hadde kosta 3 ort. Daa var det som det vonde var stroke av han med ein gong.

Eit bil etter kom Per Skadberg og Rasmus Stangaland til honom og heldt paa aa tjuvkjenna han fyr noko korn som hadde kome burt or Stangalands-løda. Dette negta Hallvard; han gav vondt og banna paa deim, for dei vilde bera slikt paa han; han vilde straks faa tvo mann med, so kunde dei sjaa etter i husi hans um han hadde kornet. Nei, det trongst ikkje, sa Rasmus Stangaland daa; for no vilde han av til ei vis-kjering som skulde syna han atter kornet. Dette var ein fredags morgon. Same dagen fór Rasmus til byen, og kom heim att um natti. Imot kvelden den same dagen kom Per Skadberg til honom og spurde um han vilde vera med paa sjøen um laurdagen; dei hadde tenkt seg ut ei venda baade han og Rasmus Stangaland. Han vart med deim paa sjøen, og daa dei var komne ut-paa, gav Rasmus Stangaland honom ei tobak-skraa, og daa

han hadde togge og sputta ut skraai, sa Rasmus at ho hadde kosta ein dalar. Sundagen etter kjende Hallvard seg reint underleg etter denne tobak-tugga; daa gjekk han til presten og vilde klaga seg. Men daa han kom fram, var det fritt han kunde ikkje faa maalet upp. Onsdagen etter klædde han paa seg og gjekk. Daa han so var komen til Rekebrui møtte han Margit Klingshei. Han sa ingen ting til henne um kvar han hadde etla seg, eller kva han vilde hjaa presten; men endaa sa ho med ein gong at ho tykte ikkje han skulde ganga til presten og klaga seg; „for du hev ikkje prov eller vitne paa nokon ting,“ sa ho. Gjekk han no og klaga, so vilde det koma tvo menner og ei kvinna til honom paa heimvegen, og dei vilde slaa han so smaa som mjøl; det kom ikkje til aa verta beinflis i honom so stor som ei knappenaal. Men *ei* raad skulde han faa, so sant han vilde gjeva henne eitkvart fyr umaken. — Han lova henne ei kviga. Daa sa ho at ho skulde beda Vaarherre senda sin engel med og gjera det so at han ikkje kunde klaga. Daa dette var avgjort, gjekk Hallvard til presten; men daa han so skulde bera upp klagemaalet, var det liksom eitkvart kom og heldt han kring halsen, so han ikkje fekk eit ord fram.

Hausten etter var Hallvard med i ei likferd paa Stangaland. Der kom han til aa sitja med bordet jamsides med Rasmus Stangaland. Daa dei hadde ete og bordet var avteke, gjekk Rasmus utfyre døri baade ei og fleire vendor. Kom han so inn atter og kasta eitkvart burtunder føterne hans Hallvard, han sat endaa ved bordet. So sa Rasmus at han saag eit blankt teikn paa himmelen i vest. Alle gjekk daa fraa bordet og vilde ut og sjaa paa dette; Rasmus og Hallvard var dei einaste som vart sitjande. Daa tok Rasmus eit ølstaup og drakk Hallvard til. Fyrst drakk han av staupet; so tok han tri ablater upp or lumma og heldt deim eit lite bil i munnen fyrr han lagde deim ned i ølet. „Drikk no,“ sa han; „det vil tena deg til sæla. Den drykken hev kosta tvo dalar.“ Best som dei daa sat og rødde, segjer Rasmus til honom: „Margit Klingshei er ei trollkjering. Veit du at Eirik Pipar i Stavang er den eldste trollmannen?“ Sidan spurde han Hallvard um ikkje han kunde hava hug til aa læra eitkvart. „Eg skal læra deg aa binda fuglen i lufti, og det som du daa bed um, det fær du i same timen,“ sa han. „Men daa laut du gjeva deg Fanden i vald

med liv og sjæl, og forsverja daupen og kristendomen din," lagde han til. Hallvard gjorde daa soleis som Rasmus sa.

Men det er dette aa merka, at fyrr Hallvard forsvor sin Gud og si sæla, sat Rasmus og saag paa honom. Best som det var segjer daa Rasmus: „Eg ser eit lyte i andlitet ditt; det vil veksa ut til eit ykl. Lat meg no prøva um eg kann faa burt dette yklet," sa han, og dermed tok han ei naal og gav seg til og grava i andlitet hans, so blodet rann. Daa spurde han Hallvard um han ikkje hadde ein turkeklut paa seg. Hallvard sa nei. „Ja eg hev tvo turkeklutar eg," sa Rasmus; „den eine eig den kvinna som eg sløkkjer min loste med, og den andre eig ho som eg sløkkjer harmen min med." So tok han upp ein klut og turka blodet or andlitet hans Hallvard. Sidan sa han: „No vilde eg ikkje vera av med den turkekluten fyr ein dalar." — Etter dette kom Hallvard so paa rødelaget at det var meir en mykje; men det var ikkje godt alt det han rødde. Hallvard vart sitjande paa benken so fast at han ikkje kunde koma av tverre staden. Tvo handfaste karar laut koma og taka i kvar sin arm og draga han upp fraa sætet, og dei trong all si magt til aa gjera det.

Alt dette greidde Hallvard Kroke ut fyr prestarne, og Margit Klingshei stod og høyrde paa. Ho sa at det var lygn kvart ordet som han hadde sagt um henne. Elles vilde ho ikkje negta at ho hadde dregest med signing og maning; det heldt ho fyre var ingi synd. I Bjerkreims-sokni som ho var komi fraa, var *det* ikkje anna en kvardags-verk, og mest kvart menne fór der med sovore.

Daa prestarne hadde skrive upp alt det dei hadde høyrt, sette dei til at so framt denne saki vart vel etterfylgd, so trudde dei plent det skulde syna seg at ei beintfram trolldomssak her laag under. I løynd gjekk det mykje synd paa desse kantar med signing og maning og mæling, og med det vart Guds heilage namn misbruka. Folk heldt det ikkje fyr synd dess meir, det kunde ein sjaa av det som Margit Klingshei hadde sanna. Prestarne hadde den tru til bispen at han fyr Guds skuld ikkje vilde lata denne saki verta nedlagd eller døy burt, men at ho maatte verta drivi soleis at Guds æra kunde fremjast og dei som var saka fekk si refsing, so mange villfarande

kunde venda um, og alle kunde sjaa at me livde i eit kriste land med ei kristeleg styring, og faa kjenna at log og rett ikkje var reint burt-døytt.

Dei skreiv upp heile greida paa Haa $^{2}/_{11}$ 1682 og sende det til bispen. Sidan vart saki send til verdsleg rett, og futen stemnde Margit Klingshei til tings og vilde hava henne dømd til baal og brand.

Men fyrr alt dette hadde Haalandspresten havt henne fyre seg — fyrst ein gong; daa vilde ho ikkje ut med nokon ting; so ein gong til; daa fekk han upp av henne at ho kunde lækja ymse sjukdomar og lesa fyr mange tilfall: fyr vred, fyr hovudverk, fyr ormastyng, fyr kreft og anna vondt. Mest vilde han leggja merke til, at naar ho skulde lækja sjuke folk, so bruka ho søt mjølk som ho rende ut paa den staden dei hadde fenge sjukdomen, og daa bruka ho dei ordi: „Gjev til, gjev til i Jesu namn!“

Presten Hans Jenssen i Gand hadde og klaga, at folk or kallet hans tidt og traadt hadde henta Margit Klingshei til aa gjera aat fyr sjukdom, og det hadde vore til stygg fyr mange. Dette skulde han greida meir ut, so framt det vart sak.

Alt dette sende Haalands-presten til futen, og det vart seinare nytta naar dei skulde faa ut alt det galne som Margit Klingshei hadde gjort.

Kva som elles kom upp i saki, det veit me ikkje; for tingboki er burte fyr det aaret. Berre det veit me at domen fall paa Haugs-tinget $^{24}/_{3}$ 1683: Margit Eiriksdotter Klingshei skulde ryma Norig og Danmark og kongens baae fyrstedøme.

Men Margit rymde ikkje kongens land og rike. Tvertum. Ho vart sitjande der ho sat, eller rettare, ho fór ikring og „hjelpte folk“ som ho hadde gjort.

Daa hende det noko som gjorde at det vart lagt sak mot Margit Klingshei ein gong til. Det kom upp at Hallvard Rasmusson Kroke hadde drepe kona si. Med ei øks hadde han gjeve henne 11 hogg, og drepe baade henne og barnet som ho gjekk med. Fyr denne mordiske gjerning fekk han ein hard dom $^{24}/_{1}$ 1684. Fyrst skulde dei hogga av han den høgre handi, og so skulde ho spikrast upp paa staken, jamsides med den øksi som den same handi hadde gjort gjerningi med. Sidan skulde dei hogga hovudet av honom og spikra det fast uppaa staken. Naar det var gjort skulde kroppen hoggast i 4 partar,

og alle dei skulde leggjast paa kvar sin stegl — andre mordiske folk til skræmelegt fyredøme og stygge. Alt det han aatte naar skuld og krav var utkvitta, skulde falla til herskapet hans som kongen hadde gjeve lov paa alle slike innkomor.

Hallvard Kroke negta ikkje det han hadde gjort; men han lagde skuldi psa Margit Klingshei; ho hadde forgjort han so han raadde ikkje med seg sjølv.

Elles greidde han ut kva Margit Klingshei hadde gjort han soleis: Fyrste kona hans laag sjuk, og han bad Margit koma og hjelpa henne. Det kunde ho ikkje gjera under 6 rd., sa ho; men han hadde ingen ting aa gjeva henne. Korleis det no var so kom ho til Kroke. Der laag kona hans sjuk og hadde lege nokre aar. Kva Margit gjorde med henne, sa han ingen ting um; men truleg let ho deim vita at ho ingen ting der kunde gjera. Sidan kom ho ein gong til. Daa baud ho han si dotter til kona; „for no ser me at kona di døyr snart,“ sa ho, og dotter hennar skulde faa 20 rd. i heimanfylgja. Tridje gongen ho kom til Kroke, var ikkje han heime. Daa smurde ho kona hans paa hender og føter med noko ister. Sidan døydde kona av sjukdomen. Men etterpaa raaka han paa Margit attmed Reke-aai, daa han var paa vegen til presten, som fyrr er fortalt. Eit bil etter kom ho til honom og sa at den garden som han budde paa, skulde han hava fri fyr skattar; den gamle Gud, han med det graae haaret og det side skjegget, skulde gjera det so, det hadde ho brev paa.

Daa fyrste kona hans hadde sloppe av, vart han upp-attergift med Anna Bjørnsdotter, henne som han drap. Um det var ho som var dotter til Margit Klingshei, vert ikkje sagt; men det er ikkje utrulegt. Alt dette greidde Hallvard ut i eit rettsmøte. I eit anna møte sa han at ho hadde forgjort han med noko tobak som ho gav han inn. — Til dette sa Margit at det var sant, ho hadde gjeve han snus or daasen sin; men ho tok av det sjølv fyrst. Det negta heller ikkje Hallvard; men han klaga hardt paa henne, endaa han hadde inkje vitne paa nokon ting. Ho hadde gjort det so fyr honom at han var dauden verd, det visste han vel, — og no kunde han ikkje døy i fred utan han fekk henne med seg.

Endaa hadde Hallvard Kroke meir aa segja um Margit Klingshei. *Svein Reke* hadde fortalt honom at Gunnar Lid, daa

han laag sjuk, hadde sendt bod etter Margit. Ho kom til Lid og lagde seg ned i stova liksom ho var daud. Sidan var det som ho vakna upp atter; daa stod ho upp og gjekk ut gjenom døri og sette ein kniv uppfyre dørkarmen. So kom ho inn atter med noko brennevin med laurber paa og gav han inn. Kvar ho hadde fenge det, var det ingen som visste. Ein gong sidan kom Gunnar Lid til henne paa Klingshei. Daa lagde ho seg daud i si eigi stova, og fekk i nokre lækjeraader. Kvar ho var etter deim, det visste ikkje han. Alt dette hadde Svein Reke hermt etter drengen hans Gunnar Lid; lenger hadde det ikkje gjenge.

Dei spurde Margit Klingshei kva ho hadde aa segja til alt dette. Ho kunde ikkje negta at ho hadde hjelpt folk sume stader, naar dei hadde bede henne um det; men ho hadde aldri legje daud, sa ho. Rasmus Lid kom sendande til Hundvaak med tvo drengjer i baaten og vilde hava henne til Lid, daa far hans var sjuk. Gunnar Lid leid av blodverk kring mjødmerne, og det gjorde ho 'an god fyre. — Kva ho bruka til aa gjera han god med? — Til det bruka ho ved og brennevin. Ho laga til eit laug med nie slag ved uppi; det var bjørk og lind og selja, vier og hatl og apall, osp og maave og raun. Det vatnet som all den veden var uppi, lauga ho 'an i, og so gav ho 'an inn brennevin med laurber paa. Meir vilde ho ikkje ut med den gongen; men ein gong fyrr hadde ho nemnt namn paa alle dei byfolki som hadde bruka henne.

Laurits paa Brui hadde ho vore hjaa, men kunde ikkje hjelpa honom; han døydde.

Jokum Skomakar hadde ho gjeve inn brennevin med laurber og pepar paa; ho hadde kjøpt det paa krambudi aat honom og gav det med dei ordi: „Gjeve i Jesu namn!“

Jokum Lange mælte ho fyr mosott i tri Guds namn: „Faderen, Sonen og Den heilage ande. Amen.“

Kari med Naustet hadde ho og mælt fyr mosott med dei same ordi.

Den gamle *bispekona Anna* hadde ho gjeve inn 3-aarsgamalt øl med laurber paa.

Johanna, dotter til gamle Lars Snikkar, hadde ho mælt fyr mosott paa same maaten som dei fyrre.

— I bytinget var det ikkje faae som vart innkalla 1684, av di dei skulde hava bruka raaderne hennar Margit Klingshei.

Birgit Klingsdotter, kona hans Einar Torsteinsson, vedgjekk at Margit Klingshei hadde kome til deim um kvelden og vore i huset til um morgonen. Sjølv hadde ho spurt henne um ho ikkje kunde vita ei raad fyr Maren Olavsdotter som var systerdotter til mannen hennar og laag sjuk. Margit svara at dei fekk kjøpa ingjefær og laurber og pepar og setja det paa øl og gjeva henne. Dei gjorde so; men gjenta vart ikkje betre. Ho hadde korkje høyrt eller set at Margit Klingshei bruka ord eller noko slag mæling. Dette var i 1678 kvitsun-tider. Sidan dette ikkje vart til nokor hjelp, var det folk som raadde Maren Olavsdotter til at ho skulde selja ei ku som ho hadde fenge i arv, og kjøpa eit par voksljos som dei skulde gjeva til Røldals-kyrkja. Det gjorde dei; kjøpte voksljos fyr 5 ort 8 skill. og sende deim til Røldal. Suldals-presten Jakob Hase sende brev attende og vedgjekk at ljosi var framkomne. Daa dei fekk dette brevet, tok gjenta til aa besna, og lengje var det ikkje fyrr ho vart fullgod. Alt dette gjorde ho eiden paa.

Lars Persson Skreddar visste ingen ting um Margit Klingshei. Kona hans hadde sloppe av, og Rannveig, syster hennar, var paa bygdi og bad.

Per Torlaksson laag sjuk, so han kunde ikkje møta.

Jonetta Davidsdotter, kona hans Olav Njellsson, vedgjekk at dei hadde skikka bod etter Margit Klingshei ein gong ho var hjaa Olav Smed, og spurde henne um ho kunde vita nokor raad fyr det sjuke barnet deira. Ho svara at ho visste ikkje nokor raad; men Vaarherre vilde snart hjelpa barnet. Det døydde 5te natti etter. Ho hadde skikka bod etter Margit Klingshei, av di ho skulde vera so hæv til aa hjelpa sjuke folk. Margit hadde ikkje rørt barnet deira, las ikkje yver det, og gav det ikkje inn nokon ting.

Gunnar Styrkaarsson vitna: Margit Klingshei kom inn til deim og gjekk bar paa noko knektemat (ɔ: hermanns-mat). Daa bad dei henne sjaa paa eit barn som laag i vogga og var sjukt, og segja um ho visste nokor raad. Ho sa nei, ho visste ingi raad; men Gud visste vel ei raad. Sjølv sa Margit Klingshei at ho gav mori ei raad: ho skulde faa i noko framand mat eller mjølk og gjeva barnet.

Nokre andre som var innkalla, visste ingen ting aa segja um Margit Klingshei.

So vart daa *Birgit Klingsdotter* dømd til aa bøta 4 mark

sylv til kongen og gjeva 3 dalar til byfuten fyr kostnaden han hadde havt, av di ho hadde bruka raader som Margit Klingshei hadde gjeve. Dei andre slapp fri, med di dei ikkje hadde bruka nokor av raaderne hennar.

— I retten spurde dei Margit Klingshei kva ord ho bruka naar ho gjorde aat fyr dei ymse sjukdomar. Ho svara:

Fyr *vred* bruka ho desse ordi:

Jesus reid nedfyre li.
Det reinst i foten paa folen hans.
Jesus sjølv av stod
og god folen upp att steig.
I tri Guds namn:
Faderen, Sonen og Den heilage ande.
Amen.

Fyr *hovudverk*:

Jomfru Maria gjeng paa kyrkjestig.
Der møter ho velsigna sonen sin:
Kvi luter du,
kvi druder du,
og lid so ilt av hovudverk
og av tannverk?
Set deg ned, velsigna sonen min!
Sjølv skal eg bota deg.
I tri Guds namn ord.
Amen.

Fyr *ormstyng* bruka ho desse ordi:

Jomfru Maria gjekk med ljaa
og skulde ormen binda.
I tri Guds namn ord.
Amen.

Dei spurde vel etter um ho kunde meir; men ho svara at daa kunde ho ikkje meir.

Seinare ein gong fekk dei det upp av henne, at ho var synsk. Ho kunde sjaa hamen i ei kvit skjurta, og det greidde ho lika radt anten det var natt eller dag.

Naar nokon vilde vita kor venerne deira hadde det i eit anna land, daa bruka ho desse ordi:

Venen sit paa tuva
og rører i jordi gode.
Jesus talar til honom:
„Gakk du fram i Jesu namn,
og tri Guds englar i Guds ord!"
Amen.

Daa kjem hamen aat mannen som ein vil vita um, sameleis klædd som mannen sjølv gjeng i verdi. Dette kunde ho gjera kva tid nokon bad henne um det, anten det var dag eller natt. Ho gjorde det i byen eit aar fyreaat — eit bil fyre jol (ɔ: i desember 1682).

Futen meinte at saki var greid, og vilde hava henne dømd. Ho hadde forbrote livet paa meir en ein maate, meinte han. Fyrst hadde ho ikkje lydt den domen ho hadde fenge, og rymt kongens land og rike, og sidan hadde det kome upp so mykje at dei greidt kunde sjaa kva slag kjering ho var.

Men retten vilde skjota saki og fyrst faa innkalla Gunnar Lid og Rasmus, son hans, og drengen hans, og so Svein Reke, og høyra kva dei hadde aa segja.

Jonsokaftan 1684 var det nytt retts-møte paa raadstova i Stavang. Til dette hadde dei stemnt alle dei folki som skulde hava kjennskap til kva Margit Klingshei hadde gjort paa Lid. *Olav* og *Aanund Skjørestad* kom daa fram i staden hans Gunnar Lid og helsa at han sjølv ikkje var god til aa koma so langt. Det han hadde aa segja, hadde han bede deim bera fram, og det var dette: Margit Klingshei var hjaa honom og klinte paa honom nokor smurning; men han kjende ikkje stor besning av det. Ho hadde ikkje lese eller bruka noko ord, korkje av eit eller anna slag, daa ho var der. — Ein dreng som 9 aar fyrr hadde tent hjaa Gunnar Lid, hadde vore av og skulde faa Margit til Gunnar; men han visste inkje um kva ho gjorde. Sameleis trudde han det var med den andre drengen som hadde tent lenger paa Lid, men no var ute i kongens tenesta. — *Rasmus Lid* laut segja som sant var at han hadde vore med i baaten og ført Margit heim til Lid; men kva ho gjorde med far hans, det visste han ikkje; endaa mindre hadde han sjølv bruka henne.

Svein Reke møtte og sa at det var paa lag nie aar no sidan dette gjekk fyre seg; men soleis hadde han høyrt det fyr seg som Hallvard Kroke hadde sagt, og det var nokre fatigfolk som gjekk ikring og bad, som hadde fortalt det til honom. Det ser mest ut til at baade han og andre folk hadde vel so mykje tiltru til det som desse fattigfolki hadde sagt, som dei hadde til det vitnemaalet Lidfolki sjølve bar fram.

Endaa ein gong vart saki skoti. Under-stathaldaren Just Høg hadde bede um aa faa lesa akterne, so vilde han segja si meining um saki, og dette venta dei paa; det var mest det som

gjorde at dei laut skjota ut saki. So var det sumarstingi som kom i vegen, og nokre andre saker som fyrr var paastemnde.

Maanadsdagen etter, den 23de juli 1684 var det nytt retts-møte paa raadstova i Stavang. Daa var det kome brev fraa understathaldaren. Han vilde gjerna at retten skulde halda fram med trolldoms-saki og andre saker som hadde reist seg av den same; men dei laut koma i hug at kongen skulde hava eit ord aa segja i saki fyrr dei fullførde domen.

Futen vilde gjerna hava dom, so dei kunde faa stadfesting snart og spara paa kostnaden. So fall domen. Det var skrivaren Mikkel Gundersen Aalborg og tolv lagrettes-menner fraa Sola skipreida som dømde etter raadføring med lagmannen Bartholomæus Haagensson. Av alt det som dei hadde fenge ut av Margit Klingshei, kunde ein skyna at ho var trollkjering. Det som ho bruka naar ein vilde vita kor ein ven livde i eit anna land, maatte meir en alt anna syna grannlege at ho hadde hjelp av Fenden og hans tilheng. Naar so det kom til at ho ikkje hadde lydt den domen ho fyrr hadde fenge, so kunde det ikkje vera tvil um at ho laut dømast til baal og brand. Dei spurde Margit um ho sjølv hadde meir aa segja; men ho visste ingen ting som kunde fria henne fraa det som daa var kome upp. Berre ein ting vilde ho beda um: at ho maatte sleppa ryma landet som den fyrre domen hadde paalagt henne. Dei dømde daa at hovudet hennar skulde hoggast av med eit sverd; sidan skulde dei kasta baade hovudet og hin bulen paa baal og brenna det. Det som ho aatte, skulde falla til kongen, naar skuld og loglege krav var fraadrege; men fyrr hadde dei i retten fenge greida paa at ho ingen ting aatte.

Lagmannen som hadde vore med i raade, stadfeste denne domen den 13de september same aaret.

Men det gjekk ikkje fort med avlivingi. Ho sat fanga i byen, og dei laut kosta baade mat og vakt paa henne. Og Hallvard Kroke fekk og liva lenger en nokon skulde trutt. So lengje det kunde vera tale um aa føra vitne mot Margit Klingshei, laut han faa liva. Paa resten vart det so at baade Margit Klingshei og Hallvard Kroke si sak skulde inn til overhoffretten. Baae tvo vart sende til Kristiania nyaarsbil 1685. Daa var dei mest nakne, so futen laut kosta klæde paa deim. Margit Klingshei fekk nye klæde fraa topp til taa; det kosta paa 7de dalaren. So laut dei kjøpa nye handklør til aa læsa henderne med medan

dei førde henne fram. I alt gav dei ut fyr henne ikring 70 dalar, umframt det som ferdi til Kristiania kosta. Hallvard Kroke fekk og nye klæde. Fyr honom lagde dei ut til kost fraa $^{20}/_{12}$ 1683 til $^{10}/_{1}$ 1685 daa han vart „nederført," og fyr klæde og stemming til overhoffretten, 75 rd.

I over-hoffretten fall domen yver Hallvard Kroke den 23de februar 1685. Den domen som underretten hadde dømt, vart stadfest, anna en det at so snart som handi var avhoggi skulde dei med den same øksi hogga av hovudet hans, fyrr dei hadde spikra handi upp paa staken.

Margit Klingshei vart dømd i over-hoffretten den 2den mars 1685, Den domen som skrivaren med 12 lagrettesmenner hadde dømt etter raadføring med lagmannen, saag ut til aa vera botna paa den einslege skuldingi som Hallvard Kroke hadde kome med; men Hallvard var ustø i det som han sa, og i sume ling tvitunga. Det som han skulda Margit Klingshei fyr, kunde paa ingen maate sannprovast. Noko hadde dei og grunda domen paa det som ho sjølv hadde sagt at ho med lesing kunde mana fram hamen aat den som var i eit anna land; men det hadde ho sjølv gjenge fraa i overhoffretten. Hadde ho sagt noko sovore, sa ho, so maatte det vera i herota sagt. Ho vedgjekk at ho kunde nokre signe-lesingar som ho hadde bruka saman med andre raader til aa hjelpa sjuke folk; det var det som var brotet hennar. Over-hoffretten kunde ikkje faa det so til at ho hadde forsvore daup og kristendom. Heller ikkje var det sagt at nokon hadde lide skade av trolldoms-kunsterne hennar. Dei kunde ikkje gjeva domen medhald og døma henne til baal og brand. Men no vart det dømt at ho fyr desse signelesingar, og med di ho hadde misbruka Guds heilage namn, skulde fyrst strjukast til kaken og sidan ryma kongens land og rike og baae fyrstedømi. Det som ho aatte, skulde falla til kongen. Vart ho funni i noko av kongens land og rike ein maanad etter kakstrjukingi, so skulde ho refsast paa halsen.

Aaret etter denne domen, daa sumars-tinget var halde paa „Haugen", vart det teke tingsvitne paa at Margit Klingshei ingen ting aatte. Aalmugen som paa tinget var, kunde trygt segja det; for ho gjekk ikring og tagg sitt braud, sa dei. Sidan hev me ikke høyrt meir gjete henne.

TURID LITLASUND.

Ho budde paa Litlasund i Skaare og var enkja etter Ingebret Litlasund som hadde falle fraa ikring 1670. Dei hadde mange born og var velstands-folk, aatte jordagods baade i Karmsund og inne i Fjordene. Av døtterne var ei, Kirsti, gift med Johans Bentsson paa Stange; ei dotter, Anna, var gift med Olav Kolbeinsson Gunnarshaug, og ei onnor dotter var gift med Kristoffer Sigmundsson, son til lensmannen paa Rossabø; dei heldt seg fyrst paa Rossabø, men fekk sidan halve garden paa Litlasund.

Paa Rossabø hadde Kristoffer Sigmundsson ein granne som heitte Eilert Torleivsson og budde paa Grønhaug, og dei tvo hadde kome uppi ei trætta. Eilert Torleivsson „tente kongen“ og var tidt ute i kongens tenesta. Med saki gjekk det ikkje som han ynskte, og daa lagde han skuldi paa Turid; ho var trollkjering, hadde han sagt. M. a. hadde han sagt det til Kristoffer Litlasund i eit brudlaup paa Grønhaug fyre jol 1679.

Turid Johansdotter Litlasund stemnde hermannen til fjordungstinget paa Vedle 29/3 1680 og tiltala han fyr det same. Eit vitne, *Hans Steinsnes*, hadde høyrt paa at Eilert Torleivsson sa til Kristoffer Litlasund: „Vermor di er ei trollkjering.“ Elles dulde ikkje Eilert fyr det, men stod ved det han hadde sagt. Ikring 4 aar fyreaat hadde han vore paa Litlasund hjaa Hans Ingebretsson som no var avliden. Daa saag han eit rart dyr som kom ut or stova hans Hans og gjekk inn i huset hennar Turid; det var graatt og trillande rundt, so han mest ikkje kunde sjaa noko hovud. Daa hadde Hans sagt til mor si: „Slikt skulde De halda inne naar det er framandfolk paa gar-

den.“ Daa kom dyret burt; han visste ikkje kvar det vart av.

Elles sa Eilert at han hadde 4 vitne paa at ho var troll-kjering; men ingen av deim hadde møtt fram; dei skulda paa forfall.

I dei dagar hadde kongen pakta burt dei uvisse innkomorne til Peder Lauritsson i Stavang. Han hadde teke ut stemning paa Turid Litlasund, og kravde at ho skulde reinska seg fyr skuldingi.

Saki vart utskoti til sumars-tinget, so dei kunde faa fram vitne.

Sumars-tinget var paa Austreim $^5/_7$ det same aaret. Daa kom *Johans i Kroken* (Karmsund) fram og vitna. Det var ein sundag i 1679 at Kristoffer Sigmundsson Litlasund kom inn til deim og vilde kjøpa ei potta øl, som han og fekk. Daa han so hadde drukke 2—3 slurkar, fekk han braatt vondt og vart liggjande paa golvet som han var daud. Sidan daa han raadde or atter, sa han: „No er det andre gongen at troll-pukla hev havt tak i meg; kjem ho ein gong til, er eg rædd at eg ikkje vert eldre mann paa Litlasund en dei som hev vore fyre meg.“ Dette hadde kona hans og set og høyrt paa; han gjorde full bokar-eid baade fyr seg og henne.

Gunnars-Berit paa Haugo hadde vore i huset hans Johans den same gongen og høyrt paa det same. „Kjem troll-pukla yver meg ein gong til, so er eg rædd ho gjerer av med meg,“ hadde Kristoffer sagt.

Hallvard Larsson Sørvaag og *Olav Olavsson Nygaard* skulde vore vitne, men møtte ikkje.

Marit Klausdotter Grønningi (sume stader stend det Grønhaug) var syster til avlidne Kari Klausdotter som hadde vore gift med Hans Ingebretsson paa Litlasund. Daa syster hennar laag sjuk, hadde ho nokre gonger vore hjaa henne paa Litlasund; daa høyrde ho at ho alltid hadde mistanke til vermor si, ho Turid Litlasund. Marit hadde spurt henne: „Um no Vaarherre skulde kalla deg, vil du ikkje daa lysa dauden din paa henne?“ „Det kunde eg alltid gjera,“ sa Kari, ho var daa fælt sjuk; „men eg vil ikkje fyr borni mine. So mykje kann eg segja at sidan ho lagde hand paa meg, hev eg aldri havt helse-dag.“ — Ein gong Marit skulde til støls, var ho innum paa Litla-sund; daa sat Marit paa gruvesteinen og den sjuke systeri paa

ein krakk framfyre elden. „Hadde eg visst det skulde ganga meg so illa, so skulde ho lengje sidan vore handska,“ sa ho. Marit spurde um ho ikkje endaa vilde leggja skuldi paa vermori. „Nei eg vil ikkje fyr borni mine,“ sa Kari.

Anna Olavsdotter som hadde tent paa Litlasund, men sidan var komi til lensmannen Søren Vedle, vitna at ho hadde høyrt dei same ordi.

Dei andre systerne til Kari Klausdotter, *Anna Bø* og *Berit Uvik* og *Magnhild Torvestad*, vitna at dei hadde høyrt systeri segja at ho aldri hadde havt helse-stund sidan Turid lagde hand paa henne. Berit Uvik hadde vore hjaa henne 8 dagar fyrr ho døydde; daa høyrde dei at Kristoffer Sigmundsson gjekk i svali og vog upp noko melder fyr vermor si, og daa sa Kari: „Gud gjere det so fyr dykk som de hev gjort det fyr meg!“ Dermed lagde ho henderne saman yver bringa.

Anna Gunnarshaug kom fram fyr retten og gav seg til aa skjella paa Eilert Torleivsson; han var ein kjeltring, sa ho, og so tok ho og ruska han i haaret.

Sakfallspaktaren Peder Lauritsson spurde aalmugen or Avaldsnes og Skaare skipreidor kva ord Turid Litlasund hadde paa seg.

Daa kom *Knut Mokseim* og *Hans Jensson Stange* fram og vitna: dei hadde høyrt fraa dei var born, at baade Turid Litlasund og mor hennar hadde vore namngjetne fyr vondt. *Olav Skyllingstad* var ein gamall mann, og han hadde høyrt at baade Turid og mor hennar hadde vore namngjetne fyr trolldom; det hadde han høyrt so lengje han kunde minnast. Det same vitna *Klaus Dale* og *Olav Vikingstad, Per Skyllingstad* og *Hans Vikingstad* og *Gunnar Bygnes, Abraham* og *Gunnar Vaaraa* og *Tore Nord-Haaland, Hans Jonsson Stange* og *Jo Haugo*. Dette var folk or Avaldsnes skipreida. — Fraa Skaare skipreida kom *Reidar Nodland* fram; han hadde vore der i sokni 26 aar, og han hadde alltid høyrt um Turid Litlasund at ho var kjend fyr trolldom. *Torlak Stakkastad* og *Stein Aarak, Knut Dale* og *Truls Grinde, Roald Mylstre* og *Truls Stakkastad, Eirik Kvala* og *Mons Vistad* vitna det same, so lengje dei kunde minnast. *Olav Straumsvoll* og *Hans Halseid, Knut Hansson Haugo* og *Jo Sakkastad* vitna det same; men dei lagde til at *dei* ingen ting hadde aa skulda henne fyr. Det same sa heile aalmugen som tinget søkte.

Turid Litlasund og Johans Bentsson, maagen hennar, høyrde paa alle desse provi. Johans Bentsson kom med eit motmæle og meinte at sak og og vidsveimde stemningar ikkje kunde koma henne til skade, og heller ikkje prov fraa ljugars-tungor som fødde lygn og førde lygn. Ho heldt seg til eit skotsmaal som presten og grannen hennar hadde gjeve henne, og som ho lagde fram.

Peder Lauritsson meinte at det ikkje alt var so reint med Turid Litlasund som maagen hennar vilde hava det til. Han venta no at naar fyrst Johans Bentsson hadde teke paa seg saki hennar. vilde han og borga fyr at ho vart til svars so lengje saki varde. Til det svara Johans at han skulde svara fyr vermor si til dess saki hadde fenge ende.

Til haust-tinget $^{16}/_{11}$ 1680 hadde sakfalls-paktaren stemnt Johans Bentsson fyr at han hadde kalla dei mennerne som hadde vitna paa vermor hans, og tala stygt um deim. Johans Bentsson laut beda fyr seg; han rette handi til kvar einskild av dei 12 mennerne fraa kvar skipreida og bad um tilgjeving; han visste inkje anna en vel aa segja um nokon av deim. — Han hadde og tala stygt um Marit Grønningi og dei andre systerne til Kari Klausdotter Litlasund og um lensmannen Søren Vedle. Han bad deim og um tilgjeving, og lova at han skulde gjeva ei tunna korn til fatigfolket.

Anna Gunnarshaug var tiltala for at ho hadde ruska Eilert Torleivsson i haaret og kalla han ein kjeltring. Ho sa at ho var harm paa honom, av di han hadde kalla mor hennar troll-kjering. Sakfalls-paktaren hadde fenge mod daa, so han kunde vera mild paa ein stad; det kunde vera med dette til saki hadde fenge ende, so fekk dei sjaa, sa han.

Vaaren etter sende Turid Litlasund søknad til stiftamtmannen i Stavang, baron Ludvig Rosenkrantz, um aa faa ein dugande mann til forsvarar. Stiftamtmannen skreiv til futen Niels Christensen at han skulde faa ein til aa taka paa seg dette. So fekk futen den kjende Tormod Torveson paa Stangaland til aa taka det paa seg.

$^{6}/_{7}$ 1681 var det rett paa Litlasund. Lagrettesmennerne var Ivar Skogland, Halle Haugo, Johans Austreim, Knut Austreim,

---

Johans Bentsson var prestason fraa Torvestad; far hans var Bent Bendiksson Broe (sjaa s. 23).

Siver Gard, Ivar Gard, Johans Helgaland, Knut Gard, Knut Vatland, Klaus Rossabø, Njell Haugo, Johans Kvala. Varalagmannen Bernt de Nagel var med, og den nye skrivaren Fredrik Pedersson Tønder førde tingboki.

Fyr retten møtte daa *Tormod Torveson* og lagde fram ei stemning fraa Turid Litlasund paa hermannen Eilert Torleivsson. Han meinte at dei vitni som var høyrde, ikkje kunde koma henne til skade paa liv eller æra; for det dei hadde vitna, kunde ikkje reknast fyr anna en munn-møda. Eilert skulde refsast fyr skuldingi og bera all kostnaden med saki, meinte han.

Han spurde Marit Grønningi og dei andre systerne til Kari Klausdotter kor dei trudde den avlidne syster deira hadde fenge det hatet ifraa som ho bar til Turid, um det ikkje fraa fyrst av var det at ho ikkje let deim faa heile garden. Sameleis spurde han um dei ikkje hadde lova Turid og Kristoffer Sigmundsson at alt hatet skulde vera gløymt og nedlagt soframt dei vilde vera gode med borni etter syster deira.

Sidan dei hadde tala um kva ord Turid og mor hennar hadde i bygdi, lagde han fram eit gamalt skotsmaal som mor henner Turid hadde fenge paa Torvestad kyrkjegard etter preika mikkjelsmes-dagen 1641. Der vitna all aalmugen at dei ikkje visste anna aa segja paa henne en slikt som var ærlegt og godt, og som i alle maatar kunde søma ei god og vyrd kvinna, og dei takka henne fyr god grannskap og godt umgjenge i alle maatar.

Tormod Torveson kravde aabyrgsl fyr hermannen Eilert Torleivsson. Peder Lauritsson var ikkje sakfalls-paktar lenger, han var „postforvaltar"i Stavang; men han var med i retten og var tenkt aa føra denne saki til endes; *han* stod no fram og var viljug til aa taka andsvaret fyr at hermannen vart til svars til dess lagmannen hadde dømt, og vilde taka paa seg det som saki kosta so lengje. Dette var Tormod ikkje nøgd med; han vilde hava aabyrgsl fyr mannen til dess høgsterett hadde sagt siste ordet i saki. Slik aabyrgsl fyr Turid Litlasund skulde han sjølv syta fyr. Daa laut Peder Lauritsson taka paa seg all denne aabyrgsling.

Daa dette var avgjort, kom dei som fyrr hadde vitna i saki, fram og vedstod det dei hadde sagt. Tormod Torveson spurde *Johans i Kroken* um Kristoffer Sigmundsson hadde lagt sak mot

nokon, og um han namngav kven det var han meinte med „trollpukla“. Paa baae spursmaali svara Johans: Nei.

Hallvard Larsson Sørvaag og *Olav Olavsson Nygaard* kom no fram og vitna kva dei hadde høyrt av Kristoffer Sigmundsson den gongen i huset hans Johans i Kroken.

Anna Bø og dei andre systerne til den avlidne Kari Klausdotter vedstod det dei fyrr hadde vitna. Det same gjorde dei mennerne som hadde vitna um kva ord Turid Litlasund hadde i bygdi.

Anna Olavsdotter som tente hjaa lensmannen paa Nord-Vedle kom fram og vitna. Ho hadde tent paa Litlasund den tid daa Kari Klausdotter livde. Daa var det ein gong dei fekk sjaa ei pose som hekk i forstova, so stor som ein liten pengepung. Kari tok posen ned og saag paa 'an; ho stakk fingren nedi og sa: „det er visst humlor“. I det same kom Turid. Daa hengde dei posen upp att, og Kari sa: „Ein annan gong skal eg sjaa meir paa han“. Sidan vart posen burt-teken; dei saag 'an aldri meir. Men straks etter var det at lensmannen paa Risøyi, Matias Bugge, fekk sin sjukdom. (Dette same hadde Marit Grønningi vore inne paa; ho nemnde ein ting som dei saag straks fyrr Bugge fekk vondt. Det er den gamle skrivaren, Tomas Christensen, som hev sett det inn i tingboki, og han hev skrive det soleis at ingen annan kann skyna kva det skal tyda).

Anna Olavsdotter var næst-syskenbarnet til Kari Klausdotter, og Tormod Torveson sette seg imot at ho gjorde eiden. Retten tok henne i eid korso, sidan det ikkje var Turid ho var skyld.

Sidan greidde *Eilert Torleivsson* ut korleis han kunde vita at Turid var trollkjering. Fraa fyrste dagen han kom i trætta med henne hadde borni hans havt ein underleg sjukdom; dei hadde ikkje havt helsa ein time. Dei hadde det so at dei sette i aa skrika og trivla og tok seg med henderne alle stader, liksom det var eitkvart livande inni kroppen. Det var greidt at dei var forgjorde. Dei hadde desse riderne jamnast 5 gonger um dagen; men det kunde og vera upp-til 8 og 9 gonger. Verst var det alltid naar det leid imot eit ting. Han hadde aldri tvila paa at det var trollskap som Turid hadde sett paa deim.

Peder Lauritsson sette seg hardt imot at Tormod Torveson skulde hava noko med denne saki. Johans Bentsson hadde

bunde seg til aa føra saki til endes, og det laut han faa lov til. — Med dette kunde retten ikkje gjera noko, sidan styremagterne hadde sett Tormod til det. — Elles bad Peder Lauritsson um aa faa saki utskoti; han vilde faa fram Mattis Bugge og Kirsten Bentsdotter, kona hans, og tvo andre som han namngav, til vitne.

Tormod Torveson greidde ut kva han tykte um alle desse provi. Dei hadde lite aa segja. Det som Kristoffer Litlasund hadde sagt, var tala i øl-hus, og daa var det lite agtande som ein kunde sjaa i recessen fraa Kristian III 20de artikel. Elles hadde Kristoffer ikkje nemnt dette fyrr, og ikkje hadde han namngjeve nokon; han hadde tala um „trollpukla" som var eit vanlegt namn paa den sjukdommen han leid av. Provi fraa dei 4 systerne til Kari Klausdotter var ikkje mykje verdt; dei kunde ikkje vitna i saki aat systeri. Skulde det vera ei skulding mot Turid Litlasund, so hadde dei ikkje lyst skuldingi til fyrste tinget, som mannhelge-bolken sa fyre i 9de stykket. Det som den avlidne systeri skulde ha sagt, hadde dei ikkje vitne paa.

Elles hadde dei baade eitt og anna aa segja fraa baae sidor. Saki vart skoti til 14/9.

Daa møtte ikkje Peder Lauritsson, og ingi vitne var stemnde.

Aasa Paalsdotter, kona hans Eilert Torleivsson, møtte fram og vilde vitna. Fyr 3 aar sidan hadde ho gjenge til Litlasund ein dag og vilde kjøpa ei mork smør hjaa Turid. Ho svara at ho skulde faa smør dagen etter; elles kunde Turid ikkje godt selja ei mork; men ho skulde gjera det denne gongen fyr Aasa si skuld. Andre dagen styrde Aasa dotter si til Turid med 2 skilling, og ho kom att med smør, men det var ikkje yver ei halv mork. Daa sende ho smøret attende og vilde hava ei heil mork; men Turid vilde ikkje taka imot smøret. Sidan tok Aasa og sette det uppaa ei brauds-ruva. Andre kvelden kom det slik mengd med rottor at korkje ho eller borni fekk livande fred. Ho hadde standande ei halv vaag braud; men rottorne aat upp tridjeparten paa ei natt. Daa ho kom og skulde taka braud, sprang rottorne paa henne og beit henne i halsen; ho gjekk endaa med eit ær. Sidan skikka ho smøret attende og fekk att sine 2 skilling; men rottorne vart verande aar og dag. Daa det leid paa, minka det av litt um senn til dess dei kom radt burt. Det snodigste

var at hjaa dei andre paa garden hadde det ikkje funnest rottor all den tid. Desse rottorne var ikkje like andre rottor. Dei skreik so fælt; det høyrdest helst som det var paddor og smaahundar og ramnar og kattar. Daa rottorne hadde kome burt, vart det endaa att ei rotta; ho sat kvar natt paa ei hylla uppfyre sengi. Ein gong slo ho etter denne rotta med ei buska; daa sprang ho paa henne og beit henne i den eine foten. Sidan saag dei ho ikkje meir. Medan alt dette hende, var mannen hennar ute i kongens tenesta. Ho var stø paa at det var Turid Litlasund som hadde sendt desse rottorne. — Tormod Torveson spurde um ho nokor tid fyrr hadde vore i trætta med Turid. Det kunde Aasa ikkje segja ho hadde; men sidan ho fekk det smøret, hadde dei aldri tala eit ord saman.

Eilert Torleivsson tok upp att det han fyrr hadde sagt, at det maatte vera Turid Litlasund som hadde sett sjukdomen paa borni hans, og det hadde ho gjort med trolldoms magt, det hadde han alltid vore stø paa. Ein kunde greidt skyna det; for naar borni fekk riderne, og han so brende krut yver deim, daa vart det straks likare. Sjukdomen fekk dei med ein gong daa han hadde kome i strid med Kristoffer Sigmundsson, maagen hennar. Elles hadde han aldri havt nokor trætta med Turid.

Vitne hadde han ikkje.

Tormod Torveson kravde dom. Anna kunde det ikkje vera aa tenkja paa, naar ikke Peder Lauritsson hadde stemnt inn vitne og ikkje sjølv møtte i retten dessmeir. Ingen hadde kome med klaga paa Turid Litlasund; han vilde hava henne frikjend. Hermannen og aabyrgslemannen hans fekk bera all kostnaden med saki fraa fyrst til sist. Kva hermannen skulde lida fyr trolldoms tillegg, laut dei faa sak um „fyr hans rette forum".

Eilert Torleivsson bad um utskot til Peder Lauritson kunde møta. Nokre av lagrettes-mennerne var og skylde Turid Litlasund; han namngav Hallvard Haugo og Johans Austreim og Johans Helgaland. Desse mennerne sa at dei ikkje var skylde Turid; men dei visste ikkje visst um dei ikkje var trimenningar eller firmenningar til avlidne mannen hennar; elles skulde dei døma so som dei kunde forsvara det fyr Gud og styremagterne etter den eiden dei hadde gjort.

Saki vart skoti til 26de september; daa skulde retten haldast i byen, so lagmannen kunde vera med.

Den dagen vart retten sett i byen. Daa møtte Peder Lauritsson og sa upp aabyrgsla fyr Eilert Torleivsson. Elles vilde han ikkje hava meir med denne saki aa gjera.

Eilert Torleivsson kom endaa med eit innlegg. Han stod ved det han hadde sagt, at Turid hadde forgjort borni hans, og meinte at dei skulde setja henne fast og kasta henne paa sjøen.

Tormod Torveson gjekk igjenom alt det som var kome fram i saki. Ho hadde reist seg av det at hermannen Eilert Torleivsson hadde skjelt paa Turid Litlasund daa han var i trætta med maagen hennar, og kalla henne trollkjering. Nokon grunn til mistanke hadde han ikkje anna en bygde-røl, og eit dyr som han meintest hava set. Mennerne or Avaldsnes og Skaare skipreidor hadde ikkje prova anna en at baade ho og mor hennar hadde vore kjende fyr trollkjeringar; men det kunde ingen lida fyr, etter mann-helge-bolken 21de stykket. Elles hadde dei same mennerne inkje aa skulda henne fyr, og tingaalmugen heller ikkje; det kunde ein og sjaa av det skotsmaalet som kyrkje-aalmugen hadde gjeve mori paa Torvestad kyrkjegard $^{29}/_{9}$ 1641, og av eit skotsmaal som Turid sjølv hadde fenge fraa dei 3 heiderslege mennerne, sjælesyrgjarane hennar; der vitna dei at ho „sig skikkelig og retsindig som et Guds barn vel eigner og anstaar udi menigheden haver forholdet“. — Det som dei 4 systerne til Kari Klausdotter hadde vitna, og sameleis vitnemaalet hennar Anna Olavsdotter, synte at Kari ikkje fullt hadde lyst dauden sin paa Turid Litlasund eller gjeve henne full sak fyr sjukdomen. At Turid hadde lagt hand paa henne og slege henne, var ikkje loglegt prova.

Daa fall domen $^{27}/_{9}$ 1681. Turid Litlasund vart frifunni. Kva ho kunde hava aa krevja hjaa Eileıt Torleivsson fekk ho søkja inn fyr „krigsretten“.

SKULDINGAR

Kari Kristoffersdotter Tunge var gift med Svein Sunde.

Til sumars-tinget fyr Goa skipreida 1669 hadde dei stemnt Andres Tunge og klaga paa at han hadde kalla henne trollkjering.

Paa tinget spurde dei fyrst ting-aalmugen, um det var nokon som kjende til at ho var trollkjering. Daa svara alle med ein munn at dei aldri hadde høyrt noko sovore um henne.

Andres Tunge orsaka seg og sa at han ikkje hadde kalla henne trollkjering. Han hadde ikkje sagt anna en at ho laug som ei trolkjetta. Dette var tankalaust gjort, sa han, og han skulde aldri sagt det, hadde han ikkje vore so harm. Han hadde ikkje høyrt at ho kunde med trolldom, og han visste inkje aa segja um henne anna en det som var godt og vel. No bad han at dei vilde tilgjeva han denne gongen, so skulde han aldri meir segja sovore.

Daa vart dei forlikte, og gav kvarandre hender paa det yver tingbordet; dei lova at dei skulde vera vener og fara aat mot kvarandre i alle maatar som sømelegt kunde vera millom gode kristelege grannar.

Men tok Andres Tunge slike ord paa tunga ein gong til, so skulde denne saki standa opi, liksom dei aldri hadde gjort semja.

Guri Line, kona hans Per Gunnarsson Line, hadde vore ihop med Torleiv Herikstad og skjelst ein sundag; det var paa kyrkjebakken med Time-kyrkja. Daa hadde han kalla henne trollkjering. So vart han stemnd til Haugs fjordungs-ting $^{14}/_{6}$ 1652. Bjørn Hognestad skulde vera vitne paa kva Torleiv

hadde sagt; men sonen kom paa tinget og fortalde at far hans laag hardt sjuk. Daa vart saki utsett. Sidan døydde Bjørn Hognestad, og den saki døydde visst og burt.

Johans Hallvardsson paa Rosland i Klep hadde vorte skulda fyr trolldom i 1650. Han hadde den hausten lege i trætta med Omund Horpestad um ein kvernastad, og daa hadde han truga med at han skulde taka run paa Omund. So sa i minsto Omund Horpestad daa han bad lensmannen, Mons Øksnavad, stemna Johans til Haugs-tinget 27/11 1650. Sidan Johans hadde lova dette, hadde Omund mist ei ku, og sjølv hadde han vore lemster i den eine armen, so han mest ikkje kunde røra'n. Det maatte vera Johans Rosland som var trollmann og hadde gjort dette med trolldom eller andre Djevels-kunster, meinte han. Um Helga Eiriksdotter, kona hans Johans, hadde det gjenge ym og rop mange aar i bygderne, at ho var trollkjering.

Tingherrarne raadde Omund til at han skulde taka kongsstemning paa Johans Rosland og tiltale han etter logi, sidan han hadde so grove ting aa skulda han fyr. Dette vart visst ikkje gjort; men til vaartinget aaret etter hadde Johans Rosland stemnt Omund Horpestad og vilde have han tiltala fyr desse skuldingarne. Daa hadde ikkje han løyst utskriv or tingboki, so han ingen dom kunde faa. Omund Horpestad bad um orsaking; han hadde aldri meint det soleis som det hadde vorte skrive i stemningi, sa han. Sidan høyrer me ikkje meir um denne saki; truleg døydde ho burt.

Jon Skorve i Gjesdal hadde kalla lensmannen deira trollmann i eit lag paa Bollestad i joli 1640. Fyr det same stemnde lensmannen, Orm Aalgaar, han til tinget 20/1 1641 og førde tri vitne paa at Jon hadde sagt: „Skulde eg ryma stova fyr den trollmannen?“ — Jon kunde ikkje negta at dei hadde vore i hop og trættast; men at han kalla lensmannen trollmann, det kunde han ikkje minnast noko til. Han hadde elles vore staur-drukken daa dei var i hop paa Bollestad; men han hadde aldri tenkt aa skulda lensmannen fyr noko sovore. Daa han sa dette og lagde til at han ikkje visste anna en godt aa

segja paa lensmannen, gjorde dei semja paa tinget. Jon Skorve skulde gjeva lensmannen lika fyr kostnaden han hadde havt paa saki.

Skuldingar av desse slagi hev det vore mange av baade i eldgamall tid og seinare; saker um slikt varde lang tid etter dei store trolldoms-sakerne.

ETTER DEI STORE TROLLDOMS-SAKERNE

Etter 1660-aari ser det ut til at folk ikkje hadde so stor hug paa trolldoms-saker som fyrr; allvisst maa dei styrande ha spakna, det ser me klaart i saki mot Margit Klingshei. Endaa skræmde dei etter folk som trudde paa løynde magter og fór med kunster; men det vart ikkje mange saker, og ingen vart dømd til baal og brand. 22/3 1672 var det ting paa Foløy i Jelsa. Futen Niels Christensen (som sidan vart lagmann) var daa nykomen og hadde mykje aa telja fyre aalmugen. M. a. bad han folk hava auga med trollmenner og trollkjeringar, spaafolk og signefolk, so dei kunde faa si refsing etter logi og recessen.

Naar det var adelsmenner som aatte godset, var det mange stader dei som hadde rett paa bøterne. Adelsmennerne hadde sine eigne futar og lensmenner, og dei futarne var sers strenge; dei vilde gjerna faa tak i pengarne.

I 1675 var Reidar Knutsvik i Hjelmeland hardt skulda fyr trolldom. Det var adelsmannen oberst Gersdorf som aatte godset i Knutsvik, og han hadde hals og hand yver bønderne sine; stifts-skrivaren Søren Pedersson var futen hans. Denne futen klaga paa Reidar at han hadde gjort nidingsverk og fare med trolldom; han vilde hava mannen refst, og meinte at eigedomen hans skulde verta dømd til herskapet, og at han skulde ryma kongens land og rike. Det var eit smaalog som Reidar hadde brent upp, og det jamvel paa mark (eller i bu-rekstr) som høyrde grannen til. Dette var ei fæl gjerning som det visst

maatte løyna seg sumt trollskap under, meinte futen. Reidar Knutsvik vedgjekk sjølv at han hadde brent upp eit lamb; det laag daudt av ei faarleg braa-sykja, og han hadde brent det paa den staden som dei fann det, so det ikkje skulde liggja og fylla lufti med illtev og stank, og den andre smalen skulde verta fengd av same sykja. Betre raad visste ikkje han, og grannen som aatte marki, kunde gjerna ein annan gong brenna eit smaalog paa hans bø, um det skulde høva seg so, sa han. Det vart halde baade eitt og fleire retts-møte um dette, og Gersdorfs-futen bruka store ord um aatferdi hans Reidar. Sistpaa vart det avgjort at det skulde vera sers ting 16/12 1675, og daa skulde dei døma.

Men Guds strenge vêr gjorde det raadlaust aa halda ting den dagen. Det vart ikkje fyrr 23/2 1676; daa fall domen. Retten kunde paa ingen maate døma etter det paastandet som futen hadde gjort. Ikkje hadde det kome upp nokon ting um at Reidar Knutsvik elles hadde fare med trolldoms-kunster eller med signing og maning, eller at han hadde havt umgjenge med Djevelen som recessen tala um, og heller ikkje kunde dei skyna at han hadde gjort noko nidingsverk. Han vart frikjend. Skulde han med den brenningi ha gjort skade paa marki aat grannen, so var det ein ting som dei tvo fekk dragast um.

Reidar Knutsvik var dotterson til den kjende lensmannen Stein Sigurdsson paa Jelsa, og var ein vyrd mann i bygdi. Nokre aar seinare vart han utkora til, saman med 2 andre, aa fara til kongen og paa alle folks vegner klaga paa nokre skattar som dei tykte var urimelege.

Mest 20 aar sidan hende det noko som syner at Reidar Knutsvik kann henda ikkje var fullt so fri fyr ovtru som han den gongen gjorde seg. Gersdorf hadde selt godset i Knutsvik, so Reidar hadde ikkje meir vondt aa ottast fraa den sida; men han hadde vore framme i nokre leide legemaals-saker, og so hadde han fenge ein kaptein Seefeldt til granne, som gjerna vilde syna at grannarne helst fekk „halda seg paa den minste enden“. Han hadde eit bil butt i huset hans Reidar, og ein gong med han sjølv var burte hadde han mist — so sa han — ei 70 rd. som var tekne ut or kista hans. Han stemnde Reidar til tings og vilde hava det so til at han eller kona hans hadde teke pengarne; i minsto vilde han gjera deim andsvarlege fyr det som han hadde mist der i huset. Det var mange retts-møte

um dette, og sistpaa kom det upp ein ting til som kapteinen klaga yver. Det var bu-sott hjaa Reidar Knutsvik. 7 naut hadde sett livet til. Ei ku hadde dei ført ut paa sjøen og søkt ned. Kva dei gjorde med dei andre vert ikkje sagt; men ein daud kalv hadde Reidar teke og drege yver ein bekk og uppetter marki aat grannen. Dette var det kapteinen vilde hava han i naudi fyr og stemnde han til tings $^{31}/_{10}$ 1691. Dei førde vitne paa kva som gjort var, og Reidar sjølv vedgjekk det; han hadde alltid høyrt at naar naut eller smale døydde braatt, so skulde dei taka den daude kroppen og brenna'n upp paa ein annan manns legemaal, helst i bu-træet; daa skulde bu-sotti venda seg fraa mannen og til ein annan. Men denne gongen var det ingen annan som hadde fenge bu-sotti. Ingen hadde lide nokon skade, og Reidar vart frikjend, baade fyr det han hadde gjort med kalven og fyr pengarne som var burte. Han fekk 4 rd. i kost og tæring dess meir.

I dei braa bilom var det ein gong paa veg til aa verta ei trolldoms-sak paa Hodne paa Rennesøy. Der paa garden budde tvo mann som baae heitte Lars, og dei var ikkje alltid dei beste vener. Lars Larsson hadde tala mykje stygt um Lars Olavsson, og sagt at han heldt lag med signekarar og bruka kunster som ikkje var loglege. Paa tinget kom det upp at ein framand fatigmann hadde kome til deim og vorte verande i huset ei natt eller tvo. Lars Larsson hadde gjeve fatigmannen mat i Guds namn, og til takk fyr maten hadde fatigmannen gjeve Lars ei raad fyr ein øyk som hadde vondt i halsen. Han batt ein svart ulltraad kring øykjahalsen. — Aaret etter kom den same fatigmannen til Hodne att. Daa var han og ei natt eller tvo hjaa Lars Larsson og fekk mat som han hadde gjort aaret fyrr. Den gongen var merri deira halt, og fatigmannen visste raad fyr det og; han batt ein traad um foten.

Lars Larsson hadde aldri bede fatigmannen um nokor raad, sa han. Ikkje hadde han stor tru paa raaderne, og ikkje visste han um dei hadde hjelpt noko.

Lagmannen var med paa tinget, so det var ikkje noko i vegen dei kunde døma ein hard dom; men baade skrivaren og lagmannen tykte at saki ikkje var so stor at det var verdt fyr nokon av mennerne aa taka seg nær av det som gjort var. Dei fekk

dei tvo grannarne til aa gjera semja, og dei tok kvarandre i henderne yver tingbordet og lova kvarandre aa vera vener. Dermed vart saki styrd til futen; han skulde sjaa um der var noko fyr han aa gjera. Elles kunde ho verta nedlagd. Brotet var so lite at det ikkje kunde svara seg aa kosta meir paa saki med stemning og klaga.

Tonen var mildare — allvisst paa tinget. Millom bygdarfolk var det nok mange som trudde gale um kvarandre, og rett som det var kom det klagor paa folk som hadde kalla andre folk trollmenner og trollkjeringar; men sakerne vart jamnast nedlagde. Endaa var det vel ikkje fritt at sume trudde paa trolldom og dreiv paa med ymse trolldoms-kunster.

Ikring 100 aar etter dei store trolldoms-sakerne saag det ut til at det skulde verta ei retteleg trolldoms-sak i Jelsa-kallet. Det var presten der i sokni, provasten Hans Arentz, som hadde klaga paa ei kona at ho fór med trolldoms-kunster. Ho heitte Mari Njellsdotter og vart til kvardags kalla Gautes-Mari. Denne kona heldt paa aa lækja sjuke folk, og som alle kloke kjeringar skulde ho fyrst hava greida paa kvar det vonde hadde kome fraa. Ei gamall kona, Guraa Olavsdotter, hadde lege sjuk ei lang tid, og Gautes-Mari skulde freista aa gjera henne god. Fyrst fann ho daa ut at sjukdomen kom seg av det at Guraa hadde halde i hop med underjordiske. Skulde ho hjelpa henne, so laut ho fyrst mana fram dei trolli som hadde halde inne med henne. Fekk ho gjera det so skulde ho snart faa kona god att. Presten og grannarne hans vilde ikkje tru paa at ho kunne gjera dette, sa ho; men det bles ho i; vilde dei koma og sjaa paa, so skulde ho snart faa deim paa trui naar dei fekk sjaa trolli.

Presten sende klaga til futen og „rekommandered denne sag paa det indstændigste til inqvisition, at saadanne Djævelens redskaber maatte ved justice udryddes av menighederne; thi mand kand let slutte, hvad skade og gudsbespottelse saadanne kand andrette, særligen hos den gemene mand som er meget gennigen til overtroe.“ Det laag provasten svært paa hjarta aa faa denne saki fram; skulde slikt ganga av utan refsing, so vart det til lite gagn alt det han truga og talde fyr folket; dei vilde taka det berre som ei munn-møda.

Saki kom fram paa tinget 1747. Det var 3 vitne paa at Gautes-Mari hadde sagt det som her er fortalt. So dømde skrivaren Morten Røder med 12 meddoms-menner $^{11}/_{7}$ 1747, at Mari Njellsdotter skulde ha forbrote all eigedomen sin til kongen, og at ho skulde ut or kongens land og rike.

Same sumaren kom saki fyr lagmannen, han skulde stadfesta domen. Daa møtte ikkje Gautes-Mari, so dei laut setja ut saki til trettantinget 1748. Daa fann lagmannen Lauritz Undal mykje som var gale. Gautes-Mari hadde ingen forsvarar havt, som logi baud. Det som dei tri vitni hadde sagt, var ikkje anna en ord som ho hadde gjeve fraa seg. Desse ordi kunde vera krenkjande fyr ei gamall sjuk kvinna; men den same kvinna hadde ikkje kome med klaga. Lagmannen styrde saki heimatt, so ho kunde verta teki meir logleg.

Seinare høyrer me ikkje meir um heile den greida.

Etter kvart som folk lærde meir, miste dei mykje av trui paa urimelege raader; men endaa var det mange som gøymde paa gamaldagse truer og gjorde etter dei same. I fjos og kjellar og andre stader paa garden var det løynde magter som det var best og halda seg til vens med. Det hev vore mange folk alt til skamra stunder som hev laga seg etter desse løynde magterne so mykje at dei ikkje skulde hava stort aa gjera seg til av naar dei vil døma folk i eldre tider som trudde endaa meir. Og naar folk vart sjuke, var dei glade til at dei kunde faa raader, um det so fylgde sumt med som dei ikkje heilt kunde skyna. Det liver folk den dag i dag som hev fenge hjelp hjaa kloke menner eller vise kjeringar og vorte gode av det. Mange av raaderne var visst ikkje verst, og det urimelege som fylgde med, slik som mæling og maning, kunde ikkje gjera stor skade, tykte dei. Vert raaderne reint urimelege, so lær folk i seinare tid, og det er kann henda det beste merke paa at me er lenger komne en dei gamle.

Ei segn fraa ei av Fjordbygderne syner oss kor godt folk kunde læ.

Det var ei kona som laag sjuk og hadde so vondt at det saag reint spelegt ut. Sjølv trudde ho helst det vart dauden. Det einaste var um ho kunde faa ei raad fraa ei trollkjering

som dei kjende. Ho lagde ikkje munnen i hop fyrr ho fekk mannen av stad til trollkjeringi.

Vegen var lang og snøen blaut, og mannen vart trøytt lengje fyrr han naadde fram. Han hadde sett seg til aa kvila att-under ei løda. Der seig det mykje vatn; det var brunt og gruggut og saag ut mest som det han hadde set trollkjeringi laga til. So tok han og fyllde buttelen av dette vatnet, og gjekk so heim til kjeringi, og sa det var det som han hadde fenge hjaa trollkjeringi. Kona tok imot og drakk, og god vart ho.

Ein annan stad var det og ei kona som laag sjuk. Ho styrde gjenta av til ei trollkjering etter ei raad. Gjenta fekk ein raud ulltraad som dei skulde røyra paa den staden ho kjende vondt. Denne traaden miste ho paa vegen; men so fann ho att ein svart lintraad, og den tok ho og gav den sjuke i staden. Det gjorde same gagnet; ho kjende straks at ho besna.

Marit Porsaleite.

heitte ei kona som livde i seinare tid paa Nerstrand. Ho hadde fenge tiltru til ein ung skulemeister og rødde mykje med honom. Ein gong fekk han det upp av henne, at ho kunde gjera aat fyr vonde augo; det hadde ho lært hjaa den vise kjeringi i Smørsund. Han spurde kva ho daa gjorde. Jau ho las noko i ei flaska. — Korleis det var det ho las? — Ja, det hadde ho ikkje fortalt til noko menneskje, ikkje til sin eigen mann, dessmeir; men læraren saag so vitug ut at han gjerna kunde faa høyra det. Det var so:

N. N., den dyra dronningjo, eg skal bøta deg, samaritan, fyr flekken og fyr stigen. All verk dobnar naar Kristi likam sobnar.

Fader-vaar 3 gonger.

Dette las ho i ei flaska med brjostmjølk paa og rørde det godt i hop, og so smurde ho det paa augo. Elles lagde ho paa ei smyrja av alun og eggjakvita og røyrde eit tjukt plagg utanpaa.

„Det var Fader-vaar 3 gonger, sa du? Skulde det ikkje lesast bakvendt (attlenges) nokon gong?“

„Nei var det likt seg? Du maa ikkje tru det er nokon trolldom.“



NOKRE MERKNADER

I tingbøkerne og dei andre gamle brevi som desse sogorne helst er tekne or, stend det sume tider ord som no er lite eller ikkje bruka. Dei hev visst vore i bruk den tid, og eg hev teke deim med. Her skal eg skriva upp nokre av deim til rettleiding fyr folk som ikkje kjenner deim.

Anmark (eller *andmark)* er tidt nytta i gamle brev um buskapen, so det ordet hev vore mykje nytta. Enno skal det finnast sume stader i Fjordene; men elles hev det gjenge or bruk i Rogaland, anna en i namnet *Anmarktræet* som finst paa sume gardar, og jamvel der hev det tidt vorte vendt til *markatræet*.

Andvigt = attlenges (truleg ogso mot soli — andsølt eller andsøles).

Avvigt tyder det same som andvigt.

Bota folk er bruka um aa gjera folk gode atter. So lengje det let seg gjera, var der *botevon*, elles var skaden *uboteleg*. Sume tider hev dei bruka *bøta* um det same.

Dyl, dylbrosten, dylfallen sjaa „tylvtareid".

Fjøllmæle (s. 124) = gl. norsk fjøllmælismann ɔ: æreskjellar (= dømd ærelaus).

Gjerningar ser det ut til hev vore bruka mest i same meining som i dei gamle logjerne: gjera aat med trolling (sjaa t. d. s. 20 og 93). Ordet liver enno i Rogaland i *gjernings vêr* (= troll-vêr).

Matgjera = laga mat.

Maal — i „setja sitt maal til Gud" = sak. — *Skjota maalet sitt* vart det kalla naar ein bad ting-aalmugen (eller kyrkje-aalmugen) segja fraa kva dei visste um deim („taka skotsmaal").

Maalstemna = *stemnestova* er sers rett som vert halden utanfyr tingtidi. Det er det same som no heiter *heimhald* eller *aastads-rett*.

Meistermann vert og kalla *bøddel* (eller *skarprettar)*. Dei sette helst folk som hadde gjort eitkvart vondt, til dette; difyr var det og so vanvyrdslegt aa koma i henderne paa meistermannen (sjaa s. 18).

Raade — i raade er dativ. „Lagmannen var med i raade" = dei tok lagm. med paa raad. — Sameleis *i huse;* „aa vera i huse" = aa bu til leigings. Desse formerne er i bruk enno.

Run — taka run tyder i gamall dansk ikkje so mykje; men jærbuen (s. 147) hev teke det i den meining som ordet enno hev der i bygdi = bruka trolldoms-magt.

Smott er bruka i tingbøkerne som gamalt namn paa *kreft* (helst skrive *smaatt)*. Det er ikkje utrulegt at det helst skulde stade *smott* sume stader som det no stend *smaatroll*. Elles kjem dette mest paa eitt ut; det er „kvikt“ (livande) eller „smaatroll“ som smetter seg inn i hudi, sumtid i ei sprunga, men tidt i „heilt hold“.

Tase (tasse) er eit smaalog som vantrivst, av di det er klent fodra eller sjukt. „Kvar tasen“ (s. 90) er sagt i skjemt um kvar einaste sau i smalaflokken.

Tylvtareid heitte det naar ein „sjølv tolvte“ reinskar seg med eid fyr ei skulding. Dette vart og kalla *aa gjera sin dyl* (gl. norsk dulr) eller aa *logverja seg*. Korleis det gjekk fyre seg, kann ein sjaa s. 18, 60 og 109. Vilde dei tilnemnde folki ikkje vera med og sverja, so vart den som skulde logverja seg, *dylbrosten* eller *dylfallen*. — Aa verta *funnen til sin dyl* = dømd til aa logverja seg.

Vess er bruka um trollbøner (= „formular“).

Vitring = „besked“.

Ymtekvinna maa vera mindre vondt en trollkjering, men noko i same leid. Paa islandsk tyder *ymta*: kviskra, tala i løynd.

8 ørtugar 13 mark sylv er ei vanleg bot til kongen. Sylvmorki var skift i (24?) ørtugar, og den minste einingen vart alltid i gamall tid sett fyrst. 8 ørtugar 13 mark sylv skulde daa vera = $13^{1/3}$ mark. I den tid det her gjeld vart denne boti utgreidd med 14 lodd sylv (eller 7 rd.).

(Han) kjøpte Hallvard aasætet av (s. 92) — denne ordfelling er bruka i tingboki.

Naar stavemaaten i sume smaating ikkje fylgjer vanlege rettskrivingstavlor, er det maalet i dei bygderne som er heimstaden fyr desse sogor, mest aa takka.









